

U. B. BERGEN
Ms. Ex 6010

Hovudfagsoppgåve i historie

Kvinnene på bygdetinget i Nordhordland midt på 1600-talet

Ei gransking av kvinners stilling og posisjon i tinginstitusjonen. Rettshandheving og praksis i Nordhordland Sorenskriveri 1642 – 1668.

Monika Antun

Høgskolen i Bergen/Universitetet i Bergen
Våren 1999

Forord

På samfunnsfagskurset i lærarutdanninga fekk eg ein forsmak på tingbøker og kriminalitetshistorie, og fann dette både spanande og interessant. Då eg tok til på hovudfagsstudiet vart eg presentert eit forslag som for meg var skreddersydd: kvinner på bygdetingenet i Nordhordland. Her fekk eg kople både kvinnehistorie og bruk av tingbøker. Dette har eg aldri angra på!

Med dette vil eg rette ein stor takk til rettleiar John Ragnar Myking. Trass i at eg har slite ned dørstokken hans, har han hatt ein entusiasme og glød for oppgåva og temaet som har vore uvurderleg.

Eg er også takk skuldig til Anne-Hilde Nagel ved Universitetet i Bergen, mine ”kollegaer” på Høgskolen i Bergen og ikkje minst seminardeltakrarar på tidleg moderne tid på Universitetet i Bergen som har gitt meg mykje god respons undervegs i arbeidet.

Takk også til vener og familie for støtte og oppmuntring undervegs.

Landås 11. mai 1999,

Monika Antun

DEL 1: BAKGRUNN 2

1.1 INNLEIING	3
1.1.1 PROBLEMSTILLING	3
1.1.2 AVGRENNSING	4
1.1.3 KVINNEPERSPEKTIV ELLER KJØNNSPERSPEKTIV?	5
1.1.4 TINGBOKRELATERT FORSKING	7
1.2 BYGDETINGET OG AKTØRANE	10
1.2.1 TINGETS ULIKE FUNKSJONAR	10
1.2.2 DEI FORMELLE AKTØRANE	11
1.2.3 LOVENE	13
1.2.4 KJELDENE – KAN EIN STOLE PÅ SKRIVAREN?	14
1.3 METODE	15
1.3.1 UGIFT, GIFT ELLER ENKE?	16
1.3.2 KATEGORISERING SOM PROBLEM.	20
1.3.3 ROLLER – EIT METODISK GREP	22
1.4 SAMANFATNING	25

DEL 2: RETTERGANGEN 26

2.1 STEMNING	26
2.1.1 LOVLEG STEMNING	27
2.1.2 KVEN KAN VERE INVOLVERT I EI STEMNING?	28
2.1.3 PRAKSIS	30
2.1.4 ULIKE STEMNINGAR	31
2.2 FRAMMØTE	33
2.3 SAKFØRING	35
2.3.1 VITNE	36
2.3.2 REPRESENTASJON	36
2.4 DOM	43
2.5 SAMANFATNING	46

DEL 3: KVINNENE OG RETTERGANGEN 47

3.1 KVINNER, STEMNING OG ROLLER	47
3.1.1 STEMNING OG ROLLER	50
3.1.2 DEFENSIVE ROLLER	51
3.1.3 OFFENSIVE ROLLER	54
3.2 KVINNER OG FRAMMØTE	56
3.3 KVINNER SOM AKTØRER PÅ TINGSAMLINGA	57
3.3.1 KVINNER OPPTRER PÅ VEGNE AV SEG SJØLVE	58
3.3.2 ANDRE OPPTRER PÅ VEGNE AV KVINNA	59
3.3.3 KVINNER REPRESENTERER ANDRE	61
3.3.4 KVINNER ER VITNE I ANDRE SAKER	64
3.4 KVINNER VERT DØMDE – LIKE FOR LOVA?	65
3.5 SAMANFATNING	67

DEL 4: KVINNENE PÅ TINGET**69**

4.1 SIVIL STATUS	70
4.2 SAKSTYPE	72
4.3 SAKSTYPE, ROLLER OG SIVIL STATUS SETT UNDER EITT	73
4.3.1 ÆRESSAKER	73
4.3.2 SEKSUALSAKER	79
4.3.3 KVINNER OG ØKONOMI	89
4.3.4 KVINNER OG EIGEDOM	98
4.3.5 KVINNER I OPPOSISJON?	104
4.3.6 KVINNER PÅ KANTEN AV SAMFUNNET	106

DEL 5: KONKLUSJON**111**

Del 1: Bakgrunn

1.1 Innleiing

På hausttinget i Eikanger skipreide i 1670 stemner Inger Rød kona til Nils Rød for retten av di ho hadde teke ei rive frå henne og slege til henne med den nokre gonger. Nils møter og tilstår at kona hans hadde skubba til Inger. Mons Nedreås prova at han såg Inger var blodig, men kvar dette hadde skjedd, det visste han ikkje. Anders Hindenes prova det same. Nils Rød vart tilkjent å bøte på kona sine vegne $\frac{1}{2}$ mark sølv til kongen.

Denne saka kan stå som utgangspunkt for heile oppgåva mi. Den pirra mi nyfikne kring rettssystemet og tingbøker og historie generelt frå nyare moderne tid. Kva kunne den fortelje oss om kriminalitet og kriminalitetsoppfatning på 1600-talet? Er det ikkje ei svært bagatellmessig sak å ta opp på tinget? Vidare kan saka seie noko om tinget og dei ulike oppgåvene det ivaretok. Kva var det som gjorde at Inger tok opp denne saka på tinget og ikkje løyste den privat? Til sist er saka interessant i høve til kvinnehistorie og kvinna sin posisjon i det gamle samfunnet. Dette er også mitt utgangspunkt: Kvifor møter vi Inger i eigen person, mens Nils talar, vitnar og mottar dom på kona si vegne?

Med denne oppgåva vil eg diskutere kvinner på bygdetinget i Nordhordland midt på 1600-talet. Eg tek ikkje sikte på å ta opp alle sider ved tinget som har med kvinner å gjere, men vil freiste å leggje særleg vekt på rettargangen og rollene. Til sist vil eg også freiste å gje eit overblikk over kvinners plass i dei ulike sakskategoriar. Kva saker er kvinner involverte i, kven er desse kvinnene og kva roller har dei? Av plass- og tidsomsyn er det uråd å gå i djupna i dei enkelte kategoriar slik eg gjerne skulle ønskt, men eg lyt nøy meg med å sjå på dei store trekka. Men også her finst mykje interessant, og eg håpar å leggje grunnlag for og inspirere til vidare forsking på feltet.

1.1.1 Problemstilling

I Eikanger i 1670 møter vi her to kvinner som opptrer på to fundamentalt ulike måtar. Inger Røe møter sjølv, legg fram saka si og opptrer som ein sjølvstendig person på tinget. Derimot får vi ikkje eingong vita namnet til motparten i saka. “Kona til Nils Røe” ser ikkje ut til å vera til stades eingong. Mannen hennar møter på hennar vegne, svarer for henne og til og med

mottar ein dom på hennar vegne. Det at ho er referert som “kona til” mannen sin forsterkar også inntrykket ein får av ein usjølvstendig rettsperson. Korleis kan ein teikne så ulike bilete av kvinner på tinget?

Denne oppgåva reiser spørsmålet om kvinnas faktiske posisjon eller stilling på bygdetinget i Nordhordland 1642-1668. Er det Inger si framferd i retten som er vanleg, eller skil ho seg ut med ei uvanleg sjølvstendig åtferd? Ved å nytte tingbøker vil eg få eit bilet av rettspraksis, og eg vil sjå på åtferda til kvinner gjennom rettargangen og hennar handlerom på tinget. Kva kan vere årsaker til at dei to kvinnene opptrer på to så ulike måtar? Er det vanleg for kvinner å vere involverte i ei slik sak? Ved hjelp av dei tre faktorane sakstype, sivil status og rolle vil eg freiste å seie noko om kvinna på bygdetinget i Nordhordland midt på 1600-talet.

Med første delen av oppgåva vil eg presentere temaet og plassere det i ein romleg samanheng. Her vil eg òg leggje det teoretiske og metodiske fundamentet resten av oppgåva skal byggje på. I andre del av oppgåva går eg gjennom rettargangen generelt. Dette fann eg naudsynt av fleire grunnar. Først og fremst var det viktig å dele rettargangen i komponentar då eg ut frå dette kunne sjå nærrare på og analysera dei ulike rollene gjennom rettargangen. Å kartleggje ein normal for rettargangen ville også hjelpe oss å sjå kva spelerom kvinner har på tinget. Kvinner og rettargangen tek eg følgjeleg for meg i tredje hovuddel. Fjerde hovuddel vil sjå kvinner på bygdetinget i eit litt anna lys. Her freistar eg å seie noko om kvinner sin posisjon på tinget ved hjelp av dei tre faktorane sakkategori, sivil stand og rolle. Denne hovuddelen ser kvinna i lys av kriminalitetshistorie generelt i Noreg i tidleg moderne tid.

1.1.2 Avgrensing

Geografisk vil eg avgrense meg til Nordhordland sorenskriveri. Eg meiner dette området er stort nok til å fange inn variasjonar i høve til kvinners stilling. I tillegg meiner eg naturtilhøva er slik at det er eit område med jamne vilkår. Som elles langs kysten dreiv ein jordbruk kombinert med andre næringar, mellom anna fiske. Den nære kontakten med Bergen ga bøndene gode høve til å selje ferskvarer og kjøpe korn til eige forbruk. Det var såleis stor skilnad på kva dei produserte og kva dei sjølv åt, men dette var ein handel bøndene gjorde overskot på, og få andre stader har ein så mykje sølv på kistebotn som akkurat i Nordhordland.¹

¹ Døssland 1998:132

Eg vil ta for meg tingbøkene i åra 1642 til 1668. Første bevarte tingbok er frå 1642, og det var naturleg å starte her. Ti tingbøker var dessutan ei høveleg mengd kjeldemateriale. Perioden er delt i to av ei lakune. Frå og med 1656 til og med 1663 er det ikkje bevart tingbøker. Lakuna er etter måten stor, men eg meinar eg har god dekning både før og etter lakuna til å kunne handsame det som ein periode. Tidsrommet er også så pass langt at eg meiner å få eit godt utsnitt i eit samfunn i små endringar. Med dette kan vi peike på tendensar og særtilfelle.

Val av tid og stad er delvis grunna ut frå kjeldesituasjonen. Tingbøkene frå Nordhordland ligg på data, og dette lettar arbeidet svært mykje for meg. Eg har dermed sjanse til å bruke ei monaleg mengd materiale. Men tingbøker frå andre område ligg også på data,² så kvifor akkurat Nordhordland? Her er det gjort ein del forsking.³ Det er likevel ikkje gjort forsking med den vinklinga eg vil ta for meg, og den forskinga som er gjort vil eg nytte aktivt i mitt arbeidet. Ein presentasjon av desse arbeida kjem eg attende til.

Ei samanlikning med andre område hadde vore interessant. Dette kunne nok gjeve større geografiske variasjonar i rettspraksis. Men ein rekk også over mindre materiale på kvar stad, og eg hadde eit ynskje om å gå meir grundig til verks i eit geografisk område. Eg fall difor ned på å ta Nordhordland åleine. Eg vurderte også å ta to tidsperiodar, ein i lys av kvar av dei lovverka som kom i løpet av 1600-talet. Med dette kunne eg ha sett eventuelle endringar over tid. Med omsyn til omfanget slo eg dette likevel frå meg.

1.1.3 Kvinneperspektiv eller kjønnsperspektiv?

Kvinne- og kjønnshistoriske teoriar har parallelt med andre nyvinningsar som sosialhistorie og mentalitetshistorie innan historieforskning, røter frå byrjinga av 1970-talet. Ein tok til å sjå historiefaget i nye perspektiv, mellom anna ut frå kjønn med særleg vekt på kvinner. Den tradisjonelle forskinga hadde til no lagt vekt på viktige historiske aktørar, og desse var i hovudsak menn. Ein ville no løfte kvinnen fram or mørkret og synleggjere henne som historisk aktør. Det vart retta eit kritisk søkelys mot omgrep som arbeid og økonomi av di ein mente at dette var omgrep som var definert ut frå menn sitt virke og arena.

² Sjå mellom anna tingbokprosjektet si heimesida på internett: <http://www.hf.uio.no/hi/tingbok/>

³ Dobbe 1996, Hobberstad 1997, Døssland 1998

Oppfatninga av kjønn som historisk konstruert vart etterkvart dominerande blant dei norske forskarane. Norsk kvinnehistorisk forsking byggjer i dag i hovudsag på oppfatninga av kjønn som sosial kategori, og makttihove mellom menn og kvinner er eit viktig perspektiv. Men også heterogene trekk, motsetnader kvinner imellom, vert understreka. Det engelske omgrepssparet *gender* og *sex* som sosialt og biologisk kjønn opnar for eit samspele mellom dei to der både endringar og kontinuitet får sitt rom i analysen.⁴

Det nyare omgrepet kjønnshistorie viser at forskinga ved sida av ei kvinnehistorisk vektlegging, også ser på relasjonar kjønna imellom. Kjønnshistorie omfattar altså også mannhistorie. Den svenske historikaren Yvonne Hirdman sin teori om genussystemet står sentralt i nordisk forsking. Ho nyttar polarisering for å skilje kjønna, der det mannlege er normen.⁵

Prosessen som ”tildeler” kjønna roller er interessant her. Kva er det som gjer at kjønna har dei rollene dei har? Konstruksjon av kjønn og kjønnsroller er sosialt betinga. Det sosiale kjønnet vert påverka av økonomiske, sosiale, politiske og kulturelle institusjonar i samfunnet.⁶ Det vil seie at det til ei kvar tid ikkje er gitt kva som er mannleg og kva som er kvinneleg, eller kva roller som høyer til i det mannlege og det kvinnelege rommet. Vi kan ikkje nytte våre oppfatningar om kva som er mannleg og kvinneleg når vi ser på 1600-talets menneske. At det finst roller som er biologisk betinga er inga tvil om, men roller som følgje av kjønn har meir eller mindre variert gjennom historiske epokar og i ulike kulturar og samfunn. Det er likevel uråd å skilje klårt mellom sex og gender, biologisk og sosialt kjønn, men det eine kan vere avhengig av det andre.⁷

Det mannlege og kvinnelege rommet er til ein kvar tid ikkje gitt, men har endra seg over tid og parallelt med samfunnsendringar. På Havrågarden 100 år tilbake var til dømes mjølkeproduksjon og anna florsarbeid kvinnene sitt domene.⁸ I dag veit vi at dette har endra seg. Vi ser med dette at arbeidsfordelinga mellom kjønna ikkje er gitt, men varierer i tid og rom.

⁴ Blom 1999:12

⁵ Blom 1999:11ff

⁶ Andersson 1998:22

⁷ Eriksen 1993:141f

⁸ Skre 1994:119

Kvinne- og kjønnshistorie - mitt val gjennom oppgåva

Eg siktar i denne oppgåva ikkje mot å sjå på det totale kvinne- og mannsrommet på 1600-talet, men har valt ut eit ”utsnitt” av samfunnet, nemleg bygdetingenet. Ein har få eller ingen føresetnader for å vite kvar tinget låg i høve til det mannlege og kvinnelege rom. Dette er i norsk forsking til no i stor grad upløgd mark. Er dette til dømes noko som hører til den mannleg sfære, eller kan ein i det heile sjå skilnader mellom menn og kvinner på bygdetingenet? Om kvinna hadde tilgjenge til den rettslege arena, kva kjenneteiknar då hennar åtferd og strategiar i høve til menn? Det er dette eg freistar å undersøke i denne oppgåva.

Eg vil dels nytte teorien om kjønnshistorie då eg vil samanlikne menn og kvinner når det til dømes gjeld rettargangen. På andre område vil eg konsentrere meg om kvinnene på tinget utan å sjå kjønna i ein samanheng. Det samanliknande perspektivet kjem her meir i bakgrunn og framstillinga vil bere meir preg av kvinnehistorie. Dette fordi eg vil freiste å bidra med ei til no heller ukjent side ved tingbokforskinga.

1.1.4 Tingbokrelatert forsking

Gransking av tingbøker er av heller ny dato og er eit på langt nær ferdig utforska område. Parallelt med ei aukande interesse for mentalitetshistorie og kulturhistorie tok ein i stigande grad i bruk tingbøker som kjelder for historisk og annan forsking. Dette har ført fram til nye emne som tidlegare vanskeleg kunne kastast lys over. Eg vil i det følgjande gje ei kort oversikt over tingbokrelatert forsking som dannar grunnlag for mitt vidare arbeid.

Den første som tok opp dette emnet i ei samla framstilling i Noreg er Jørn Sandnes. I ”Kniven, ølet og æren” frå 1990 ser han nærmere på den norske kriminalitetshistorie, og hevdar at kriminalitet, særleg av grovare slag, var i nedgang sist på 1500-talet og i byrjinga av 1600-talet.⁹ Han samanliknar kriminaliteten i Noreg og England og meinat at mens tjuveri er utbreidd i England, er Noreg eit samfunn som er meir prega av vald.¹⁰ Tjuveri, hevda han, var uvanleg hjå oss på 15-, 16- og 1700-talet, og forklarer dette med at ein tjuv var ein ærelaus mann som vart støtt ut av eller jaga bort frå lokalsamfunnet.¹¹ Seinare forsking har nyansert det

⁹ Sandnes 1990:62

¹⁰ Sandnes 1990:49

¹¹ Sandnes 1990:117

kriminalitetsbiletet Sandnes har gjeve. Forskinga har mellom anna endra seg i bruk av kjelder. Ein har etterkvart gått frå å bruke sakefallslister til å i hovudsak nytte tingbökene. Eit anna kjennemerke med den nyare tingbokrelaterte forskinga er at problemstillingane er blitt meir nyansert i meininga at ein tek gjerne for seg ein spesiell sakskategori.

For Nordhordland sin del har eg særleg hatt nytte av to arbeid. Øyvind Hobberstad tek i hovudoppgåva si for seg tjuverisakene i tingbökene frå Nordhordland i åra 1664-1707. Han hevdar at kanskje særleg tjuverisakene syner at tinget som institusjon også hadde ein viktig sosial funksjon. Korleis ein handtera tjuverisaker på tinget, var sterkt avhengig av den mistenkte siære og posisjon i lokalsamfunnet. ”Tjuveri” var eit sterkt og belastande uttrykk, og om det var naboen som var mistenkt, la ein i staden fram saka som ”ulovleg tak”. Var det snakk om framande stod saka heilt annleis. Sjansen for at ein vart skulda for ”tjuveri” var større, og straffa var i mange tilfelle strengare. For å setje det litt på spissen: Det avgjerande er ikkje kva ein gjer, men kven ein er.¹²

Men dei smalare problemstillingane i seinare tid er ikkje til hinder for å granske heilskapen. Jorunn Dobbe har sett nærmere på tinget og tinget sine funksjonar i Nordhordland midt på 1600-talet. Er tinget ein arena for konfliktløysing eller eit kontrollapparat for øvrigheitene? Er det bøndenes eller styresmaktenes institusjon med andre ord? Dobbe konkluderer med at bygdetinget i Nordhordland er ein institusjon som kan karakteriserast med stikkordet sams spel. Det vart gitt ”strenge” lover som skulle halde allmugen i øyrene samstundes som allmugen gjennom bevisst bruk av lovverket kunne kontrollera behandlinga av til dømes tjuvar.¹³

Kvinneperspektiv

Ulike forskrarar har kopla det kvinnehistoriske perspektivet med gransking av tingbøker. Generelt sett er det i Noreg gjort svært lite på dette området, men mykje takka vera Hilde Sandvik, Sølvi Sogner og Kari Telste er tingbøker og kvindeforskning sett på kartet.

I hovudoppgåva ”Umyndige” kvinner i handel og håndverk” har Hilde Sandvik sett nærmere på saker som har med handel og handverk å gjera, og samanlikna lov og praksis når det gjeld kvinners økonomiske aktivitet og handlefridom. Det viser seg at ein finn store motsetnader her.

¹² Hobberstad 1997:98 f

¹³ Dobbe 1996:206

Trass i eit lovverk som avgrensar kvinners tilgang til økonomisk aktivitet, er kvinner aktive og sjølvstendige i bynæringane i Christiania i slutten av 1700-talet. Sandvik peikar her på den felles interessa ektepar må ha hatt i at begge kunne drive i økonomiske næringar og slik bidra til hushaldet.¹⁴ Om ektemannen til dømes kravde handelen omgjort, ville kona miste truverd og kredittverd, noko som både to ville tape på.

Når det gjeld annan forsking om kvinner på tinget står seksualsakene i ei særstilling. Særleg desse sakene gjorde kvinnene synlege på tinget.¹⁵ Kari Telste har sett nærmere på seksualsakene og seksualkontroll i Hallingdal og Ringerike i åra 1652-1710. Ho viser ei tydleg auke i laust leiermålssaker¹⁶ etter 1690, men ho meiner denne auka i hovudsak er ei endring i innstemningspraksis.¹⁷ Ho peikar også på at det i første omgang er menn, mens det seinare er kvinnene som er i fleirtal av dei innstemna. I tillegg til at ein generelt sett vart strengare til å stemne inn folk for ulovleg seksuell omgang, fekk altså kvinnene større og større ansvar i slike lovbroter.¹⁸

Når det gjeld forsking som tek for seg kvinners rettslege stilling må ein gå til Sverige. Marja Taussi Sjöberg viser kvinnenes rettslege stilling på Njurundatinget på 1500- og 1600-talet i høve til lov og rettspraksis. I følgje det svenske lovverket kunne ikkje den svenska kvinnen tale i retten, avgje eid eller vitneprov.¹⁹ Sjöberg hevdar likevel at kvinner i røynda vart rekna som myndige på landsbygda. Kvinner med enkestatus står heile tida i ei særstilling, og opptrer som saksøkjær og saksøkt også i tvistar om jordeigedom. Ho hadde likevel ikkje same rettar som menn, og arva gjennom heile tidsperioden mindre enn sine brør.²⁰ Gifte kvinner opptrer sjeldan på tinget, og aldri i saker som gjeld fast eigedom, sjølv om det er hennar eigen arvejord. Det er i seksualsakene vi treff dei fleste ugifte kvinnene, då i hovudsak som saksøkt, og dei opptrer ofte utan verje eller målsmann.²¹

¹⁴ Sandvik 1992b:91

¹⁵ Østerberg 1994:24

¹⁶ Laust leiermål er seksuell samkven mellom to som likevel ikkje skal gifte seg.

¹⁷ Telste 1993:73

¹⁸ Telste 1993:89

¹⁹ Kvinnen skulle representerast i alle rettslege prosessar av ein verje. Sjöberg 1992:143

²⁰ Sjöberg 1992:148 Og då helst lausøyre enn fast eigedom.

²¹ Sjöberg 1992:169

Sjöberg konkluderer med at kvenna utvilsamt hadde større spelerom på tinget enn det lova tilsa henne.²² Ho forklarar dette med at kvinnene bar sin fulle del av arbeidslivet både i produksjon og reproduksjon, og kunne difor behalde status og innverknad.

1.2 Bygdetinget og aktørane

For å setje kvinnene på tinget inn i ein romleg samanheng, vil eg gje ei svært kort oversyn over tinget og dei formelle aktørane. Skal ein danne seg eit bilet av kvinnene på tinget, lyt ein også vite kva slags institusjon bygdetinget er, og kva aktørar ho hadde å forholda seg til. Korleis fungera tinget og kva embetsmenn deltok her?

1.2.1 Tingets ulike funksjonar

La oss byrje med den funksjonen bygdetinget hadde i lokalsamfunnet. Ulike forskrarar har delt tinget opp i ulike komponentar. Norsk historisk leksikon skil mellom tre formelle funksjonar: den rettslege, tinglysingsfunksjonen og funksjonen som skatteforhandlingsforum. Tore Nilsen har ein litt annan terminologi: domstils-, skatte- og kommunikasjonsfunksjonen.²³ Eva Østerberg delar for Sveige sin del tingets funksjonar i fire, og då eg fann dette som ein god og illustrerande måte å sjå tinget på, vil eg sjå litt nærmare på desse.²⁴

- a) Først og fremst kan vi sjå på tinget som ein *rettsleg arena*. I 1590 vart bygdetinga i Noreg formelt gitt status som rettsleg førsteinstans i det norske rettsapparatet. Tinget var ein formell kontrollinstans som skulle vurdere eventuelle lovbroter og i så tilfelle fella ein dom.
- b) Ein kan også kategorisere bygdetinget som ein *administrativ arena* mellom styresmakter og allmuge og allmugen innbyrdes. Gjennom bygdetinget kunne øvrigheten lett nå allmugen, og dermed rekne med at forordningar og kunngjeringar var allment kjende.
- c) På same vis var tinget et forum der folk “*artikulerade sin opposition mot kung och annan övrighet*”.²⁵ Informasjonen går altså begge vegar, og tinget verkar også som eit apparat for allmugen mot styresmakter. Slik kan ein seie at tinget har ein *politisk funksjon*.

²² Sjöberg 1992:169

²³ Sandmo 1991:32

²⁴ Østerberg 1991:162, Østerberg 1994:27 f

²⁵ Østerberg 1994:27

d) Til sist var tinget ein *sosial arena*. Det var små samfunn der ein var avhengig av kvarandre på fleire vis. Eins posisjon i samfunnet var definert gjennom status og ære, og det var svært viktig å oppretthalde denne æra og balansen i høve til andre. Folk gjekk til tinget med sjølv dei små sakene for å kunne gjere opp og gjenopprette tapt ansikt.

Vi ser såleis at tinget var ein kompleks institusjon som ivaretok mange oppgåver og interesser. Det som likevel er mest interessant for min del er den rettslege oppgåva på bygdetinget, og eg kjem først og fremst til å handsame denne. Korleis ivaretek tinget som rettsleg institusjon kvinner rettar og interesser? I kor stor grad møter vi kvinner i dei sakene som kjem opp på tinget, og kva spelrom hadde dei her?

Dobbe ser bygdetinget i eit litt anna lys. I hovudoppgåva hennar ser ho som nemnd på om kor vidt tinget er øvrigheten eller allmugen sin institusjon. Konklusjonen vert eit både-og, der ho hevdar at tinget både fungerer som ein disiplineringsinstitusjon samstundes som det er ein arena for konfliktløysing. Institusjonen er dermed i begges interesser.²⁶

1.2.2 Dei formelle aktørane

På tinget treff ein fleire viktige og tunge aktørar ein vanskeleg kan koma utanom: Lagretten, sorenskrivar, fut og lensmann. Uansett kva rolle den deltagande kvinnen har på tinget, kjem ho i kontakt med desse. Det er lett å ta for sjølvsagt, men det er likevel viktig å understreke: Ein finn aldri kvinner representert blant dei tunge aktørane på tinget. Sandvik hevdar likevel at enkene deira kunne spele ei viktig rolle i tida etter mannen sin bortgang.²⁷ Eg har ikkje sett døme på dette i Nordhordland, men uansett; sorenskrivar eller bondelensmann, sjølve embetet var eine og åleine for menn.

Allmugen er representert på bygdetinget gjennom lagrettemennene. Lagrettemennene skulle peikast ut blant bygdas beste menn, og skulle først og fremst vera eit folkeleg dommarkollegium og jury på tinget. Lagretten hadde dessutan også oppgåver i samband med grenseoppgangar, skifte og liknande.²⁸ I eldre tider var lagrettemennene sjølve fundamentet i

²⁶ Dobbe 1996

²⁷ Blom 1999:108ff

²⁸ Dobbe 1996:53

rettssystemet. Ingen dom vart avsagt utan komplett lagrett. Men utover 1600-talet misser lagretten noko av domsmynda til fordel for sorenskrivaren.²⁹

Sorenskrivaremabet vart oppretta i 1591, og var i første omgang tenkt som ein medhjelpar og sekretær i retten. Landslova frå 1274 tok til å bli forelda, det var vanskeleg å orientere seg i lovverket, og også språket skapte etter kvart vanskar for lagrettemennene. Dei hadde ikkje noko opplæring, og det synte seg behov for hjelp. Adelen ynskte også ein lese- og skrivekunnig person i retten, og ved kongeleg forordning vart embetet oppretta.³⁰ I og med at sorenskrivaren sat fast, mens lagrettemennene jamleg vart skifta ut, vart det etter ei tid naturleg nok sorenskrivaren som sat med erfaringa, og det må vere rimeleg å hevde at han dermed hadde sterk makt og innverknad i retten. I 1634 vart sorenskrivaren formelt meddommar og var den som hadde ansvaret for den gjevne domen.

Futen var ein annan viktig aktør på tinget. I tillegg til oppgåver som det å vera skatteoppkrevjar var det futen som administrerte tinget. Han var også stadfortredar i ein del saker, hadde påtalemynde i straffesaker og såg til at domar vart praktiserte. Fleire forskrarar har vist gjennom tingbøker og sakefallslistar at ein del saker vart gjort opp på kammerset hjå futen, såkalla soning, og kom såleis ikkje på tinget i det heile.³¹ Futen var såleis styresmaktenes representant ved denne forma for konfliktløysing.³²

Lensmannen eller bondelensmannen var underordna futen, og hadde sitt embete først og fremst knytt til rettsvesenet. Hans embete gjekk frå å vere mest ein tenar til futen til ein statleg tenestemann.³³ Han fanga forbrytarar, heldt arrest, samla bevis og stemna folk til ting. Lensmannen var ofte rekruttert i lokalsamfunnet, og arbeidde såleis blant sine egne. Men dette hadde nok både fordelar og ulemper. Han kjente forholda i bygda på godt og vondt, og spela ofte ei viktig rolle i lagretten på bygdetinget. Samtidig var han også underlagt futen og ein statens representant som hjelpte til i skatteinnkrevjinga, og fekk slik ei dobbeltrolle i bygda.

²⁹ Med NL 1687 vert sorenskrivaren einedommar, og lagretten vert redusert til å bli tingsvitne.

³⁰ Dobbe 1996:45 f

³¹ t.d. Dobbe 1996:29 ff, og Telste 1993:48 Sjå meir under kap. 1.2.4 Kjeldene – kan ein stole på skrivaren?

³² Dobbe 1996:47 ff

³³ Dobbe 1996:49 f

Om ein var deltagande på tinget måtte ein forhalde seg til dei ulike aktørane eg her har skissert. Bortsett frå lagretten var dei på ulike sett representantar for styresmaktene, og hadde arbeidsoppgåver på kvar sine felt. Eg har her i hovudsak teke for meg oppgåver på tinget. Ein må rimeleg kunne hevde at styresmaktene var godt representerte i rettsinstitusjonen i tidleg nytid. Men god representasjon tyder ikkje naudsynleg stor innverknad i rettergongen. Kva innverknad desse hadde på domsavgjerda vil nok kunna variera, geografisk og over tid, men dette vil eg ikkje koma nærare inn på i denne omgong.

1.2.3 Lovene

Vi har sett på tinget og aktørane og deira funksjon. Før ein ser nærare på rettspraksis kjem vi ikkje utanom lovene. Det var i fremste rekje lover og recessar dei formelle aktørane hadde å halda seg til. Eg vil sjå kort på lover i høve til kvinner og deltaking på tinget. Det er Norske Lover frå 1604 som gjeld i min periode. Denne er rekna for å i stor grad vere ei omsetjing av Magnus Lagabøtes Landslov frå 1274.

Lovverket kjem i heller liten grad inn på kvinnene spesielt. Lovteksten talar enten generelt om personar eller om bønder som eg då reknar for å vere menn. Kvinner kan synast å vere unntak i mange lover. I nokre tilfelle er unntaka handsama i same avsnittet, andre gongar finn ein unntak, eller skal ein seie motsetnader, ein annan stad i lovboka. Det viste seg slik best å vurdere haldningane til kvinnen og dei rettane dei hadde frå sak til sak.

Hadde så kvinnene plikt å møte på bygdetinget, eller hadde dei i det heile rett til å møte? Alle bønder hadde møteplikt unntatt dei som ikkje hadde tenar. I nokre tilfelle måtte likevel alle møta: a) når kongen kallar til ting, b) på manndrapsting, c) på manntalsting og d) på våpenting. Så langt er ikkje kvinnene nemnd. Lenger ut i same avsnitt ser ein at "*Encker og vanføre bønder skulle icke søge ting vden de ville*".³⁴ Enker hadde altså *rett*, om dei ville, å komme til tinget. Og då kan ein, utifrå det generelle inntrykk ein sit med at kvinner med enkestatus stod rettsleg i ei særstilling, gå ut i frå at "vanlege" kvinner nok ikkje stod sterkare her. Det må ut frå dette vere ei rimeleg tolking at ingen kvinner hadde *plikt* å møta på ting, men at i alle fall enker hadde *rett* til å koma.

³⁴ NL 1604 (6-54)

Hadde kvinner høve til å stemne på eiga hand og nytte tinget på lik linje med menn? Ein del tyder på dette. NL 1604 (7-8) viser: "*Saa skal mand søger quinde som karl*". Men tyder dette nødvendigvis på sjølvstendig basis? Vi les vidare i same avsnitt : "*Det er quinde frjt for at faa sit vergemaal huem hun vil...(her vert nemnd ein del unntak)...Hand maa søger hindis sag som sin egen*". Det er klart at kvinnen har rett til å ha verje på tinget, og at ho då med få unntak kan velje fritt. Men eg kan ikkje sjå at det dermed er sagt at ho *må* ta seg verje.

Kva spelerom hadde kvinnen til å føre sak og vitne på tinget? I NL 1604 (7-12) les ein: "*Hvem som aff nogen bliffuer tilkraffuit at vidne vdi nogen sag, oc dommeren legge hannem eed for, sin sandhed vdi den sag at vidne: da er hand plictig at vidne ved sin eed*". "Hvem" må vel seiast å vera kjønnsnøytralt, men "hannem" kan forståast på både vis. Eg kan ikkje finna noko som seier ettertrykkeleg at kvinner ikkje kan vitne, og går ut i frå at det ikkje var ulovleg. Ein får ein kjensle av sedvanen spelar ei viktig rolle her, og at ein skulle ha visst kva som "*aff arrilds tid haffuer verit sædvaanligt*" for å kunne best mogleg tolke lovverka. Elles seier NL 1604 generelt om vitne: "*Vidner ere....paa sin egen vegne, eller effter en andens ord*"³⁵. Sitatet seier ingenting om kjønn, og "egne vegne" må kunna tolkast for også å gjelde kvinner. Det må såleis vere rimeleg å tolke det slik at også kvinner kan vitne.

Vi ser at lovene er lite spesifikke med omsyn til kvinner. Det er likevel ikkje mogleg å spore forbod for kvinner til å delta på tinget. Ho har ingen plikter, men kan opptre og delta i denne institusjonen slik sedvanen og tradisjonen tillet det.

1.2.4 Kjeldene – kan ein stole på skrivaren?

Tingbøkene er bygdetinget sin protokoll eller referat. Ved forordning 15. mars 1633 vart det påbode å føra rettsprotokoll,³⁶ og dette var sorenskrivaren si oppgåve. Tingbøkene viser oss rettspraksis, korleis lovene vart praktiserte i rettsinstitusjonen. Referata er ofte detaljerte og utførleg skrivne, og dette gjer tingbøkene til svært interessante kjelder. Det er likevel veikskapar med tingbøkene. Sorenskrivaren var særleg den første perioden ofte dansk og såleis ikkje ein av folket.³⁷ Rettsreferata vart såleis ført av ein tredjeperson, og kan vera prega av hans personlege haldningar og tolkingar. Sorenskrivaren kom vanlegvis frå høgare sosiale lag,

³⁵ NL 1604 (1-4)

³⁶ Hobberstad 1997:13

³⁷ Dobbe 1996:47

og det må vere rimeleg å tru at han dermed hadde andre haldningar og normer enn allmugen i lokalsamfunnet. Slik kunne sorenskrivaren sin bakgrunn gjera at han stod i ein viss distanse til allmugen, og kanskje enda meir til kvinnene. Når då rettsrapportane er førte med sorenskrivaren si hand skal vi vere vår den moglegheita han har å farge bileta av kvinnene på tinget. Til sist kan skrivaren ha bevisst lagt vekt på eller sløyfa informasjon i skrivearbeidet, eller hatt, særleg om han var dansk, vanskar med språket.³⁸

Det har på dette grunnlaget vore diskutert kor pålitelege tingbøkene er som historiske kjelder. Vi ser at skrivaren har ”all makt i sinn penn” då det er han som har avgjort kva informasjon vi kan lese frå tingbøkene i dag. Trass i dette hevdar Gudmund Sandvik at sidan tingbøkene var tilgjengelege for kontroll og forhandlingane på tinget var offentlege, er det god grunn å feste lit til tingbøkene som berettende kjelder.³⁹

Sakene som vart gjort opp med soning vart ikkje registrerte i tingbøkene, men ein kan spore dei opp i sakefallslistene eller rekneskapen til futen. Når ein ser at tingretten og soningsinstitusjonen levde ved sida av einannan og dels utfylde einannan, dukkar eit anna problem med tingbøkene opp: representasjon. Viser tingbøkene det jamne snitt av saker eller var det særskilde sakstypar som helst vart gjort opp på kammerset? Og særleg vil eg peike på representasjon i høve til kvinner: Kan det vere at tingbøkene viser eit uriktig bilet av kvinnekriminelitet av di til dømes kvinner i større grad enn menn løyste lovbrota hjå futen med soning?

Alt i alt får ein ikkje fatt i alle rettslege handlingane med kvinner som aktørar, og får dermed ikkje noko fullstendig bilet av deira totale rettslege posisjon. Eg vil difor presisere: på grunnlag av tingbøkene som kjelde vil denne oppgåva kaste lys over kvinners rettslege stilling *på tinget*.

1.3 Metode

Når ein skal analysere kvinna si stilling på tinget, lyt ein vurdere nøye kva reiskap ein skal nytte. Ein kan ikkje gripa fatt i *alt* rundt kvinna, men lyt velje ut eit analyseapparat for å få ei

³⁸ Dobbe 1996:24

³⁹ Thorvaldsen 1996:149

strukturert analyse og framstilling. Døme på faktorar kan vere sosial status, levebrød og andre. I denne oppgåva fann eg det føremålstenleg å nytte faktorane sivil status, sakkategori og rolle. I den metodiske handsaminga av kjeldematerialet møtte eg på fleire problem eg måtte ta stilling til. Korleis vi kan bestemme sivil status hjå kvinner vi møter i tingbökene, var eit problem eg løyste med god hjelp frå Hilde Sandvik. Vidare måtte eg velje eit sett av sakkategoriar med dei fordelar og ulemper som hører til. Når det gjaldt kvinners roller på tinget, fann eg det føremålstenleg å komponere eit sett med roller. I dette avsnittet vil eg gje ein gjennomgang av dei val eg har teke og diskusjonar kring desse.

Eg gjer merksam på at eg heile tida taler om kvinneopptredner.⁴⁰ Det vil seie at eg for det første har registrert kvinner, og ikkje saker. Ei sak kan ”innehalde” fleire personar og kvinner. Vidare har eg registrert same kvinna to gonger om ho kjem på tinget to gonger, uavhengig om det er same saka eller ei.

1.3.1 Ugift, gift eller enke?

Ein viktig del i oppgåva mi var å sjå nærare på kva sivil status kvinnene vi møter på tinget har. Då er det sjølvsagt avgjerande korleis ein fastset eller bestemmer ein stilling. Kva teikn og informasjon kan ein så bruke når ein skal fastsetje den sivile statusen til kvinnene? Sorenskrivaren noterer ikkje ned slike opplysningar systematisk, og det kan i mange tilfelle vera vanskeleg å bestemme sivil status. Skiljet mellom stadia ugift, gift og enke går sjølv sagt med giftarmålet. Frå å vere ugift kvinne trer ho inn i ekteskapet, og her blir ho normalt sett til ein av partane døyr. Skilsmissa er høgst sjeldan.⁴¹ Om ektemannen din døyr, vert du enke til du enten giftar deg igjen eller døyr sjølv.

Når ein skal bestemme sivil status har ein fleire ting å gå ut frå. For det første vert det tidvis gitt oss informasjon som vi direkte eller indirekte kan fastsetje dette ut frå. Når kvinna er nemnd som sin manns ”*effterlefuersche*”, eller ho er nemnd berre som ”*Mette Salig Hans Jensens*”⁴² vil dette seie at ho er enke. Andre gonger vert ”*hindis Mand*” nemnd, og vi veit ut frå dette at kvinna er gift.

⁴⁰ Dårleg nynorsk ord, men eg nyttar det likevel, av di eg meiner det best dekker meiningsinnhaldet.

⁴¹ I Bergen stift ble det handsama 82 skilsmissesaker i Kapitelretten i åra 1667-1707 (Johansen 1998:44). På landsbasis blei om lag 15-16 saker behandla i første halvdel av 1600-talet, og talet går ned utover hundreåret. (Johansen 1998:63)

⁴² Tgb 10:f 17a

I somme høve får vi opplysningars som meir indirekte hjelper oss å fastsetje sivil status.

Sakstypar er eit døme her. Er kvinna stemna for til dømes leiermål kan vi slutte at kvinna er ugift. Saker som dreier seg om skattar og avgifter, plikter som ligg på garden og liknande bør diskuterast. Det er nærliggjande å tru at dette dreier seg om enker som var overhovud på eige gardsbruk, men er det likevel rett å fastsetje sivil status enke her? Seinare i oppgåva kjem eg til å sjå nærmere på kva saker ulik sivil status gjev, og då har eg på sett og vis gått i ring. Om eg på bakgrunn av saka fastset sivil status gjev saksmonsteret seg sjølv. Ingen gifte kvinner er involverte i leigesaker om eg på førehand bestemmer at leigesak gir sivil status enke. Likevel meiner eg at det er svært truleg at kvinnene som er involverte i leigesaker og liknande, er enker. Det er mannen som inngår ein bygselsavtale. Om kvinna vert enkje og sidan giftar seg oppatt, må den nye mannen igjen inngå bygselsavtale. I perioden kvinna er enkje er det såleis ho som er overhovud på garden og har ansvaret for at bygselsavtalen vert overhalden. Også i skattelistene ser vi same mønsteret: mannen står alltid oppført, og kvinna berre om ho er enkje. Argumentet med å få færrest mogleg kvinner med ukjent sivil status veg tungt, og eg meiner at valet med å la sakstypane bestemme sivil status i stor grad veg opp for det som truleg er svært små feilmarginar. Eg har difor valt å la dette vere retningsgivande.

I nokre få tilfelle har ”yrke” hatt noko å seie for å fastslå kvinna sin sivil status. Jordmor er eit godt døme her. Dette vil eg gå ut ifrå dreier seg om kvinner som er gifte eller enke. Eg meiner det er lite sannsynleg at ugifte kvinner som normalt ikkje har born sjølv, ”spesialiserer seg” til å hjelpe andre kvinner rundt fødselen.⁴³ Andre gonger vert dei sendt ut for å undersøkje kvinner for å finne ut om dei har fått barn. Dette i meinings å samle bevis for ulovleg seksuell omgang. Sameleis er dette oppdrag eg vil tru ikkje søker seg for ugifte kvinner.⁴⁴ Telste støttar også dette då ho skriv:

”Gifte kvinner overvåket ikke bare seksualiteten innenfor sitt eget hushold og ekteskap. (...) de holdt også ugifte kvinnernas seksualitet under oppsikt. Prestens medhjelperkvinner, gifte nabokvinner og mødre undersøkte brystene til ugifte jenter dersom det var mistanke om at de hadde vært løsaktige eller hadde født i dølgsmål.”⁴⁵

⁴³ Sjå til dømes tgb 9:f 14a

⁴⁴ Sjå til dømes tgb 1:f 9b

⁴⁵ Telste 1993:181 (Mi understrekning)

Uttrykk ”hans Hustrue” gjer seg sjølv, men også ”hans Quinde” viser seg også å vere uttrykk for gifte kvinner.⁴⁶ På same vis er mange kvinner nemnd som ”quindfolk” av skrivaren. Mykje kan tyde på at dette er ei vanleg nemning på ei ugift kvinne. I våre øyre kling ”kvinnfolk” noko negativt, men tyder dette det same på 1600-talet?

”(..) lod frembførre it Quindfolk Naffnlig Ingeborig Christens Dotter, barnfød paa en Gaard Kaldess Skadberig strax wed Staffwanger, Som udj Hoer och Løss Achtighed femb ganger i for. Nordhor foegderie med Leyermaal Sig haffe forseett, och wed Femb Persoenner Aufflit femb Vegte børn (..)”⁴⁷

Ingeborig har som vi ser fått fem uekte born, og vi sluttar ut frå dette at ho er ugift. Vidare i saka fortel ho også når dette skjedde og kven barnefaren til dei ulike borna er. No kunne ho sjølvsagt teoretisk vore gift med ein av barnefedrene, men dette meinar eg ikkje er særleg sannsynleg.

Nemninga ”quindfolk” går igjen i svært mange seksualsaker, og det dreier seg ofte om leiermål. Ut frå sakstype kan vi slå fast at dette dreier seg om ugifte kvinner som her i 1664:

”Foegden Ladet Tomas Olsen glesnes i Rette steffne at betale sine bøeder til Ko. Ma. formedelst at hand aff Marite Gutormbs datter er for barne fader Vdlagt (...) for Rettten be Kiende at hand Laa i seng met me. Quindfolch, dog scheede det Tou Aar førend hun fich barn (...)”⁴⁸

Telste meiner at nemninga ”quindfolk” er vanleg å bruke om ugifte mødre. Ho hevdar at barnefødsel ville endra kvinners status, mens tilsvarande vendepunkt for mannen først og fremst var knytt til ekteskap.⁴⁹ Vidare hevdar Telste at ”kvinnfolk” er eit negativt ladd ord. For som ho seier: ”Ekteskapet representerete orden og moral, mens en ugift mor sto for kulturell uorden”⁵⁰

Eit raskt gjennomsyn viser at storparten av kvinnene som vert kalla quindfolk i retten kan ein med rette seie er ugifte kvinner. Minst 19 av 24 ”quindfolch” er innblanda i leiermål av ulik art og desse levner ingen tvil.⁵¹ Likevel kan andre døme så tvil, til dømes Ingeborg:

”...da frem Komb et quind folch ved naffn Ingeborg Jahans Dater hen ved 40 Aar gamel, och Vduiste en steen, staendiss mit i Engen, huilchen hun berettet at schulle vere Rette schiffie i gamel tid (...)”⁵²

⁴⁶ Sjå til dømes tgb 5:f 43b og tgb 5:f 69b

⁴⁷ Tgb 5:f 34b

⁴⁸ Tgb 6:f 9b

⁴⁹ Telste 1993:109

⁵⁰ Telste 1993:109

⁵¹ Av 24 ”quindfolch” er 19 av dei involverte i leiermål og ”lösaktighet”. Dei resterande dreier seg om å huse fredlause (Tgb 5:f 72b), og ei som påstår ho har i løynd født og drepe eit barn. Det vert slått fast at ho ikkje er ved sin fulle fornuft (Tgb 10:f 1a), eit quindfolch er sannsynlegvis drepen (tgb3:f 53b), ei krev ting som tilhøyrer sonen hennar (tgb 2:f 31a), stadfeste grense (tgb 1:f 20a)

Ingeborg er som vi ser rundt 40 år og skulle etter alderen normalt vore gift. No reknar ein med kvinneoverskot,⁵³ og eit fåtal kvinner vart såleis ikkje gifte.⁵⁴ Kan dette gjelde Ingeborg? Det er ingenting som fortel oss at ho var gift eller enke, men heller ikkje det motsette. Eg har valt å leggje vekt på dei 19 sikre, og meinar eg det er rimeleg å slå fast at nemninga kvinnfolk er eit heller vanleg uttrykk for ei ugift kvinne. Om omgrepet er negativt eller positivt lada vil eg ikkje seie noko om.

Hilde Sandvik har utarbeidd eit anna system for å fastsetje sivil status der ho tek fatt i namnet på kvenna.⁵⁵ Kvinner har tre ulike namnevariantar som kjem fram i tingbøkene:

1. Anne Olsdatter (fornamn og farsnamn)
2. Anne Grødem (fornamn og gardsnamn)
3. Anne, Peder Grødems kvenne (referert til via mannen)

Ut frå andre samanhengar som til dømes sakstypar har ho sett mønster i bruken av namn.

Ugifte kvinner er kalla med fornamn og farsnamn (1) av di dei ikkje ”høyrer til” nokon fast gard. Dei er oftast i teneste, men dette er meir ein førebels opphaldsstad før dei giftar seg.

Døme frå Herdla kan stø opp under dette:

”*Jorne Iffuers dotter barenfød paa Windenes i Sorter Skibred*”⁵⁶

Ut frå saka tyder svært mykje på at ho er ugift,⁵⁷ men ikkje lenger bur heime. Ho er *barnefødd* på Windenes, det er her ho har sitt opphav. Gifte kvinner meinar Sandvik ofte er referert til som kvenna til mannen sin (3). Kvenna er no sterkare tilknytt ein gard samstundes som ho er definert via næreste verja, ektemannen. Dette finn eg mange døme på også i Nordhordland:

”*Afftuert Mougensøn Borger i Bergen hans Quinde Margrette Effwerts dotter*”, ”*Haauor Blegeljs Konne*” og ”*Jens Kleppestøes Høstru Agatte Clemmitsdatter*” for å nemne nokon.⁵⁸

Det er interessant å merkje seg at vi i somme tilfelle ikkje får vite namnet til kvenna i det heile. Ho er kona til mannen også i namnet.

⁵² Tgb 1:f 20a

⁵³ Dyrvik 1979: 128

⁵⁴ I det vesteuropiske giftermålmønster reknar ein med at om lag 10% av kvinnene ikkje vart gifte. (Blom 1999:95)

⁵⁵ Utdrag frå ei avhandling Hilde Sandvik ved UiO arbeidde med hausten 1998. Utdraget fekk eg tilsendt oktober 1998 pr e-post.

⁵⁶ Tgb 5:f 33a

⁵⁷ Saka gjeld blodskam med hennar avdøde søsters mann. Det vert derimot ikkje nemnt noko om at Jorne har ektemann. Dette ville vore svært sannsynleg dersom slikt hadde vore tilfelle.

Vidare skriv Sandvik: ”*Enker nevnes i tilknytning til gard ellermannens navn og garden, det vil si enten som Anne Grødem (2) eller som Anne, Peder Grødems etterleverske/enke (3).*”

Kvinna er framleis knytt til mannen, men ikkje minst hører ho no til garden. Funn i tingbøkene frå Nordhordland står også opp under dette. Særleg sistnemnde skrivemåte er svært vanleg: ”Charj Ramberg S. Arnes effter leffuersche” og ”Anne S. Pedr Nielsøns” er døme her.⁵⁹ Eg meiner Sandvik sitt system for å fastsetje civil status verka så pass sikkert at eg har valt og også nytte denne metoden.

1.3.2 Kategorisering som problem.

Ei sak kan tolkast på fleire ulike måtar, og den kan også synast å eigentleg innehalda fleire saker. Dette har sjølv sagt konsekvensar for statistikk og den kvantitative analysen.

”*Søfren Tomasen paa Boel Simensdatter Weigne indlagde stefning ofuer Peder Laursen Sergiant hendis Mand til nogle Widnisbiurds Anhørelse, anlangende at bemelte hendis Mand schal were Vdlagt af Cathrine Lamers at were hendis Barne fader (....)*”⁶⁰

Kan ein kalle dette ei æressak eller er det ei seksualsak? Etter mi meining kan det vera begge delar: frå Cathrine si side er det ei seksualsak: ho meiner Boels mann er barnefaren hennar.

Frå Boel si sin ståstad må ryktet om at mannen hennar har vore utru og sett barn på Cathrine derimot vera djupt ærekrenkjande. Cathrine og Boel står på sitt, og saka vert utsett. Men om eg sette merkelappen ”Seksualsak” eller ”Æressak” ville dette sjølv sagt få konsekvensar for statistikk og den kvantitative analysen.

Også andre problem viste seg synlege: Det eksisterer ikkje noko standardisert ”sett” med sakskategoriar, men ulike forskrarar har kome med fleire ulike kategorisett. Heftet ”Tingbøker og edb”⁶¹ opererer til dømes med følgjande hovudgrupper: Vinningsbrotsverk, Valdsbrotsverk, Sedelighetsbrotsverk, Trolldom, Fredsforstyrrelser og Ulydnad. Næss og Erling Sandmo⁶² har i samarbeid komne fram til desse hovudkategoriane: Vold, Økonomisk Kriminalitet, Ulydnad, Seksualkriminalitet, Religionsbrot og Rettsregelbrot. Dette forverrar sjølv sagt ei samanlikning av ulike forskingsresultat.

⁵⁸ Tgb 5:f 68a, tgb 10:f 8b, tgb 9:f 17a

⁵⁹ Tgb 2:f 9b, tgb 2:f 58b

⁶⁰ Tgb 9:14a

⁶¹ Marthinsen 1990

⁶² Næss 1994a:35

Problematisk vert det òg når ein brukar same omgrep, men med ulikt innhald. Dette gjer det sjølvsagt vanskeleg å samanlikne tingbokforsking. Det syner seg vera brei semje blant forskarar om at det mest formålstenleg er å bruke samtidige omgrep, for best mogleg å arbeide med dei historiske kjeldene på deira eigne premissar.⁶³ Men ein oppdaga at omgrepa også innan den aktuelle tidsepoken endra karakter og innhald. Døme her kan vera definisjonen av kva som er leiermål i forbodne ledd. Her har lovgivinga variert, og til dømes steforeldres nye ektemakar som forbodne ledd er ikkje nemnt før ei presisering i recess av 1646.

I ei kategorisering av sakene ligg det altså to dels motstridande interesser til grunn. Først ligg omsynet til å finne gode kategoriar og inndelingar som passar best til det aktuelle kjeldematerialet. Det er ikkje kjeldene som skal tilpassast skjemaet. Den andre interessa er omsynet til forsking som er gjort. Ei samanlikning med andre forskingsresultat er svært interessant og ynskjeleg, og denne samanlikninga er mest fruktbar om det ikkje er for stor sprik mellom omgrep, omgrepsinnhald og metode.

Grunnlag for kategorisering - påstand eller utfall?

Eit grunnleggjande spørsmål ein må ta stilling til er om ei saksinndeling skjer på grunnlag av påstanden den saksøkte er utsett for, eller utfallet av saka. Det viser seg nemleg at dette kan snu dramatisk.

“Margrette Salig Jens Erichsens stefnt Henrich Halsuig for hand Solte hente It TingHus, och derpaa betalte hannem Otte Rixdaler, saa hun huerchen har faait huset eller penge (tilbake).”⁶⁴

Saka dreier seg følgje påstand om eit sal som ikkje er fullført. Margrette meiner ho enten skal ha huset ho har kjøpt eller pengane tilbake. Henrik tilstår at han har fått pengar for huset, men at no avdøde futen hadde komen han i forkjøpet og teke huset i pant av di

“Margrette war ham meere schyldig i Konglig Mayestetz schatter, end som de 8te Rixdaler hun hafde betalt paa Huset.”

Saka snur no til å dreie seg om kor vidt Margrette har betalt skatt eller ei. Margrette har ikkje bevis på at alt er betalt, og utfallet i saka er at ho først etter å leggje fram bevis for betalt skatt får huset ho har kjøpt.

⁶³ Ericsen 1994:46

⁶⁴ Tgb 9:f 28a

Skal ein sei at denne saka dreier seg om hussalet eller om skattar? Det kunne vore begge deler, og det er ikkje sikkert det eine er meir riktig enn det andre. Men når ein skal systematisere eit slikt materiale må ein ta ein del val. Eg har valt å konsekvent ta utgangspunkt i påstanden i mitt arbeid. Dette har samanheng med at eg også er interessert i kva rolle deltakarane har i høve til ei stemning. Når saka “snur” slik dømet ovanfor viser, får ein også ei kjensle av at rollene vert snudd med saka: Margrette er i utgangspunktet den aggressive, men får saka snudd mot seg og hamnar så og seie på defensiven. Av di eg vil at rolle og sak skal stemme best mogleg overeins, tek eg difor utgangspunkt i påstanden i saka og den “oppføvlege” rolla: Det er Margrette som stemner, og saka dreier seg om eit uoppgjort kjøp.

No vil eg ikkje leggje altfor stor vekt på å skissere kvinnekriminaliteten i Nordhordland på 1600-talet, og vel difor ikkje den mest detaljerte saksinndelinga. Eg har falle ned på Jorunn Dobbe si inndeling av to grunnar: den har passa rimeleg godt med mitt materiale, og ikkje minst er det svært interessant å sjå resultata i høve til annan forsking frå Nordhordland.

No kjem det ikkje godt fram kva Dobbe legg i dei enkelte kategoriane,⁶⁵ og eg har difor dels spesifisert dei på eiga hand. Seinare har eg konsultert dette med Dobbe, og det viser seg at eg tolka innhaldet i ulike kategoriar litt ulikt. Eg vil gjere merksam på i teksten når dette kan skape problem og konflikter. Dei ulike sakskategoriar og døme på innhald finst som vedlegg bak i oppgåva, Vedlegg 1.

1.3.3 Roller – eit metodisk grep

For å kunne seie noko om kvinnene sin posisjon på tinget, fann eg det høgst vesentleg å sjå på kva roller kvinner spelar i sakene dei er involverte i. Med roller meiner eg kva posisjon vedkommande har i ei sak og i ei stemning. Blir ein stemna eller stemner ein andre? Vert ein stemna personleg eller vert ektemannen stemna på dine vegne? Som overskrifta gjev eit ymt om er ei rolleinndeling eit metodisk grep eller verkty. Ei slik inndeling kan synast urimeleg eller unaturleg. Det må difor presiserast at rolleinndelinga dels må sjåast på som ein metodisk manøver for å vise eller få fram trekk og mønster i kjeldematerialet. Føremålet er å skissere opp eit mønster som fortel oss kva som var vanleg og uvanleg for kvinner, og korleis kvinnene eventuelt skil seg frå mannen på tinget.

⁶⁵ Dobbe 1996:25-32

Først vil eg gjera greie for eit par omgrep: saksøkar og sakvoldar. Den danske juristen Lauritz Nørregaard nyttar desse omgropa i læreboka si frå slutten av 1700-talet. Med saksøkar meinar eg den som saksøkjer, eller citanten. Sakvoldar er nemninga for den som er innstemna eller saksøkt. Dette meiner eg er gode omgrep, og eg vil nytte desse omgropa i oppgåva.

Ei viktig avgjersle er kva roller og rollegrupper ein vil nytte i analysen. Sjöberg nyttar omgropa ”kärande” (saksøker) og ”svarande” (sakvoldar) og vitne,⁶⁶ men drøfter ikkje dette metodiske problemet. Dette er på eine side positivt slik at eg ikkje vert påverka og sett fast i spor andre hadde trakka opp før meg. På ei anna side finn eg heller inga hjelp og støtte hjå andre forskrarar, og samanlikning med andre vert meir problematisk av di eg ikkje veit kva metodiske grep dei har nytta.

Gjennom arbeidet med kjeldene fann eg mange ulike roller og nyansar av desse rollene. Ein må alltid ha i bakhovud at små nyansar kan skuldast skrivaren og hans uttrykksmåte. Skal rolleinndelinga vere eit fruktbart reiskap, kan ein likevel ikkje ta omsyn til alle små variantar. Rolleinndelinga må vere like naturleg for kvinner og menn, då dette gjer ei samanlikning meir reell og føremålstenleg. På bakgrunn av desse kriteria har eg utarbeidd eit sett roller som eg har brukt i arbeidet mitt. Eg har dels nytta Nørregaard sine omgrep, og dels nytta eigne. Eg vil kort gjere greie for desse.

Først har eg delt rollene inn i tre hovudgrupper: offensive roller, defensive roller og andre roller. Kvinner med offensive roller står bak stemninga eller er den fornærma parten i ei sak. Har kvinna defensiv rolle må ho forsvare seg, det er altså ho eller verja som er stemna. Andre roller er tilfelle der kvinna ikkje er direkte involverte i stemninga, men er enten vitne i ei sak eller representerer andre i retten.⁶⁷ Ei slik inndeling viser grove trekk, og kvar kvinna står i høve til ei stemning. Særleg er skilnaden mellom kvinner med offensive og defensive roller interessant.

Dei tre hovudgruppene kan ein vidare dele inn i undergrupper. Med dette oppnår ein å fange opp mindre variasjonar og trekk hos kvinnene. Samstundes må ein vere klar over at jo meir

⁶⁶ Sjöberg 1996:62

⁶⁷ Meir om representasjon, sjå kap. 2.3.2 Representasjon

detaljert ei slik inndeling, dess meir unøyaktig vert materialet. Sorenskrivaren har ikkje skrive rettsprotokollane med tanke på å gjere rollene tydelege og lett å analysere for ettertida. Her er alltid rom for tolkingar for lesaren.

Den som vert stemna inn for retten kan inneha ulike roller. Ein del vert stemna personleg med eige namn. Stemninga går direkte på eins eigen person utan å involvere andre: ”haffuer i Rette ladet indsteffne Charj Houss”. Her under høyrer også kvinnene som vert stemna, men er nemnd som ”kona til Niels” i referatet. Det kan diskuterast om ho med dette er stemna personleg eller ikkje, men eg meinat det berre er ei nemning som var vanleg å nytte av praktiske årsaker.

Vidare kan ein også verte stemna gjennom andre, ved at ektemann eller andre vert stemna på kvinna sine vegne. Døme kan vere at far til kvenna er stemna for at dottera har gjort seg skuldig i leiermål, kvenna er med andre ord stemna upersonleg. Til sist har eg også registrert kvinner som er involverte i ei sak, men som tilsynelatande ikkje vert stemna. Desse har eg kalla medskuldige.

Også rolla som offensiv eller fornærma fann eg føremålstenleg å dele inn i tre undergrupper. Ein kan stemna sjølv eller personleg om ein vil. Fornærma i saka er også den som personleg tek seg av stemninga. Andre gongar kan ein stemne ved hjelp eller med assistanse frå andre. ”Hun loed ved sin Broeder Sigurdd steffne..”. Her kunne ein både nytta procurator, lensmann eller andre, og eg har kalla dette å stemne upersonleg. Til sist har eg også sett personar som utvilsamt er offer i saka, men som ikkje naudsynleg står bak stemninga. Det kjem gjerne ikkje fram kven det er som stemner, men i og med at dei er fornærma i saka, har eg kalla desse passiv saksøkar.

Den siste rollegruppa er ei oppsamlingsgruppe som viser dei som ikkje er råka av noko stemning, men som har litt andre oppgåver i saksgangen. Eit vitne opptrer i ei sak som ikkje gjeld eigen person, og hans eller hennar oppgåve er å kome med verdifull informasjon som gjeld saka. Vedkommande risikerer inga dom. Andre opptrer på tinget som representantar for andre på tinget. Saka gjeld heller ikkje her dei sjølv, men den dei taler på vegne av. Seinare skal vi også sjå nærmare på dette og dele inn i ulike former for representasjon.

Vedlegg 2 viser oversikt over rollene, og utgjer til saman det verktyet eg har funne føremålstenleg å nytte i materialet mitt. Eg vil kome nærmare inn på ulike roller i samband med at eg diskuterer rettargangen i del 2.

1.4 Samanfatning

I denne oppgåva skal eg undersøkje kvinners stilling på bygdetinget i Nordhordland midt på 1600-talet. Med dette kapittelet har vi lagt grunnlaget for resten av oppgåva, og vi har skaffa oss ein romleg omgjevnad der bygdetingen står i fokus. Vi har sett korleis tinget er sagt å ha fleire funksjonar, og vi skal i denne oppgåva konsentrere oss om den rettslege. Kvinna møter ein del formelle og tunge aktørar, der kanskje lensmannen og futen er den viktigaste i kvardagen. Dei formelle aktørane må halda seg til eit lovverk, og vi har sett at lovene ikkje er noko hinder for kvinna å delta på tinget. Vi retta også eit kjeldekritisk blikk mot tingbøkene og slo fast at den skriftlege framstillinga kan vere farga av sorenskrivaren. Til sist har eg gjort greie for metodiske val og handsamingar eg har gjort i arbeidet med kjeldematerialet mitt.

Del 2: Rettergangen

I dette kapitlet vil eg prøve å skissere landskapet vi ferdast i. Kva skjer på tinget og i rettsprosedyren? Målet er å seie noko om kva som er vanleg før eg i neste hovudkapittel tek for meg kvinnene og ser på dei spesifikt. Den metodiske strategien er klar: skal ein seie noko om kvinnene må ein ha nokon å setje dei opp mot. Skal ein då måle kvinnene med den generelle normalen som også kvinnene er del av, eller bør ein skilje kjønna og lage ei kontrollgruppe bestående av berre menn? Sidan kvinnene er ei klart kjønnsmessig avgrensa gruppe fann eg det føremålstenleg å la kontrollgruppa vere det same. Dei to gruppene har då fleire likskapstrekk som gjer dei lettare å samanlikne.

Eg har delt rettergangen opp og ser på dei ulike delane kvar for seg: stemning, frammøte, kven som talar i retten og utgangen på saka. Kva er normalen: korleis følgjer bøndene i Nordhordland sorenskriveri opp ei sak? Finst det ulike strategiar ein kan nytte seg av i ein saksgang? Eg ser også på menneska: kva roller eller posisjon på tinget og i saka dei har. Enten dei er saksøkar, sakvoldar, vitne eller andre: ein spelar ulike roller i ei sak og påverkar saka på ulikt vis.

2.1 Stemning

Ei stemning er utgangspunktet for heile rettsgangen, og eg finn det difor naturleg å diskutere dette først. Det er her heile rettsprosessen tek til. Å stemne nokon vil seja å kalle dei til retten.⁶⁸ Enkeltindividua sin rettstryggleik er på dette viset teken vare på: retten skal eller kan ikkje foreta seg noko utan at hovudpersonen sjølv veit om det og eventuelt sjølv er til stades. Nørregaard tek utgangspunkt i ordspråket ”*Ustævnt skal være Unævnt*”,⁶⁹ inga stemning inga sak med andre ord. Eg vil i denne oppgåva berre sjå på stemning av sakvoldar.

I dette kapitlet vil eg ta opp spørsmål kring dette: Kva vil det heilt konkret seie å stemne? På kva vis skjedde dette og kva konsekvensar fekk det for dei involverte partane? La oss først gå til lovane i samtida. Eg vil kommentere desse mellom anna ved hjelp av Nørregaard. Rett nok skreiv han over hundre år seinare og i lys av det seinare lovverket frå 1687. Han kan også ha

⁶⁸ Nørregaard 1790:320, §1672 Ei stemning er ikkje berre krav til sakvoldar å møta i retten, også vitne skal stemnast for retten. Å stemne er altså å kalle til retten i vid forstand.

⁶⁹ Nørregaard 1790:320f, §1673

hatt ei anna oppfatning av lovene enn vanleg var hundreåret før. Trass dette meiner eg det ikkje er grunn til å tru at det har skjedd store gjennomgripande endringar når det gjeld rettargongen, og at hans utgreiingar kan vere hjelp i diskusjonen kring temaet.

2.1.1 Lovleg stemning

Eit generelt problem når ein skal tolke delar av Norsk Lovbog af 1604 er at den i mange høve er lite detaljert og konkret. Dette gjeld også behandlinga av stemning: lova gjev meg like mange nye spørsmål som den gjev svar. Ein lyt likevel ta fatt i den slik den framstår. På eit par punkt er den klår: den poengterer for det første at ei stemning må vere lovleg for at den skal vere gyldig.⁷⁰ Er ikkje stemninga lovleg har ein ikkje plikt å møte på tinget, og retten kan ikkje handsame saka.⁷¹ Ei lovleg stemning er ei stemning som oppfyller ein del krav, og lova fastset for det første at den stemna skal verte stemna på sin eigen bustad med to vitne.⁷² Ei stemning kan altså ikkje skje kvar som helst, og det skal vere vitne til stemninga. Desse vitna kallar Nørregaard stemningsmenn, og skal før rettergangen tek til dokumentere at stemninga skjedde på rett måte.⁷³ Lova seier ikkje noko om kor mange eller kven som skal høre og motta ei stemning. Nørregaard nemner likevel at stemninga skal kunngjerast framfor den innstemna eller personar i hushaldet til vedkommande som har plikt å melde frå om stemninga.

Lova gjev vidare den innstemna parten ein rimeleg sjanse å møte for å svare på tiltale, og skal såleis ein bestemt tidsfrist før saka kjem opp på tinget.⁷⁴ Ein skal ikkje risikere å få ein dom over seg utan å vite om det. Tidsfristen har rimeleg nok også samanheng med plikta med å møte på tinget som eg vil handsame nærmare i neste kapittel.

Til sist vil eg nemne krav ein ikkje finn uttrykt i lova, men som Nørregaard nemner i si utgreiing. Det er ting som kan synast sjølvsagt, men eg vil likevel ta det med: Ei stemning må

⁷⁰ NL 1604 (1-4)

⁷¹ Dette gjeld også verjer, procuratorar : same krav til at ei stemning er lovleg. Sameleis vitne: vitne som ikkje er lovleg stemna har inga møteplikt (Nørregaard 1790:323, §1677)

⁷² NL 1604 (1-9)

⁷³ (...) *Tingfred kan og overträdes i henseende til Stævningsmænd, naar de Varsel eller Stævning forkynner*” (Nørregaard 1788:214, §1196) Stemningsmennene skulle om stemninga var munnleg avleggje eid om at stemninga var utført på lovleg vis, og ved skriftleg stemning legge fram kallseddel. Om ikkje sakvoldaren ville skriva under denne, skulle tingsvitnene gjøre det.

⁷⁴ ”...oc giffue hannem halffmaanitz stæffne, om hand er inden tinglauget boendis: Maanitz stæffne, om hand boer vden tinglauget i samme laugsogn: To maanitz stæffne, om hand er inden lands, oc vden laugsogne: Tolff maaneder, om hand er vden rigit: Oc da bør hans neste arffuinger, eller hans fullmectig, at suare til hans sag oc lade hannem det vide.” (NL 1604 1-9)

for det første innehalde citantens og sakvoldaren sitt namn. Er det fleire personar bak desse rollene skal alle namn nemnast, eventuelt som eit samlenamn (t.d. NN`s arvingar). Det skal også nemnast kort kva saka går ut på og kva rolle ein som stemna er tiltenkt (til å vitne eller ”lide Dom”). Til sist skal sjølvsagt tid og stad presiserast.⁷⁵

2.1.2 Kven kan vere involvert i ei stemning?

Eit viktig spørsmål står att: kven kan stemne eller bli stemna? Her reknar eg med at det er ei jamstilling: kan ein stemne kan ein også bli stemna. Spørsmålet er viktig ikkje minst med tanke på kvinnene: kan kvinner stemnast og kan dei inneha rolla som citant? Her finst det lite å stø seg til i lovene, men Nørregaard handsamar spørsmålet heller inngåande. Her lyt ein straks ta etterhald, av di NL 1687 heller ikkje er konkret og eintydig, og Nørregaard i større grad tolkar og gjer seg eigne meningar.

I hovudregelen skal alle stemnast som er sakvolder, vitne, eidsmenn og andre som kan ha noko med saka å gjere. Om nokon berre er nemnt i ei saka, skal dei stemnast.⁷⁶ Ein kvar har altså rett til å forsvare seg eller overhøyre kva som vert sagt eller avgjort rundt eins eige namn. For å sjå det frå ein annan vinkel: alle som *kan* ha noko med saka å gjere, skal stemnast til tings.

Eg vil sjå nærmare på tilfella rundt kvinner, mindreårige og umyndige. Nørregaard seier mellom anna at umyndige er ”*Mænd under 18, piger og de som umyndige erklæred er*”. Desse skal stemnast ved verje. Ein stemner då både den umyndige og verjen, eller verjen på vegne av den umyndige.⁷⁷ I same artikkelen skriv han at ein ikkje plar forkynne stemningar overfor umyndige og då særleg born.⁷⁸

To ting er det å merke seg frå sitatet over: kvinner ser for det første ut til å vere rettsleg klassifisert i saman med born og andre umyndige.⁷⁹ For det andre kan dei ikkje stemnast

⁷⁵ Når det gjeld stad skal alle skal i hovudregelen stemnast til det tinget dei hører heime i. Skal sakvoldaren møte annan stad, skal han vere einig i dette – han har rett til å få møte på ”sitt” ting.

⁷⁶ Vidare konkretiserer Nørregaard dette. La meg nemne nokre døme: i saker som gjeld fast eigedom skal både jordeigar og leiglending stemnast. Om eigaren ikkje er i riket og ikkje har gjeve si fullmakt til nokon, skal berre den som brukar jorda stemnast. I saker der hovudpersonen er død, skal arvingane hans stemnast. Om buet ikkje er skifta, er det nok at berre dei som sit på garden møter.

⁷⁷ Dette går ut på eitt, meinar Nørregaard

⁷⁸ Nørregaard 1790:324, §1680

⁷⁹ Dette kan til dømes vere ”Gale og Vanvitige”

personleg, men må stemnast med verje.⁸⁰ Men kvenna si stilling er ved nærare ettersyn noko meir komplisert enn dette. La meg utdjupe med to døme:

Menn er umyndige til dei er 18 år, og mindreårige til dei er 25 år. Etter fylte 25 år er dei rekna som fullmyndige.⁸¹ Så enkelt er det ikkje med kvinnene. Nørregaard hevdar blant anna at ein mindreårig (mann) som sjølv forvaltar sin faste eigedom under oppsikt av curator,⁸² sjølv skal stemnast personleg inn, men med curator. Det same, hevdar han, gjeld ”*de Fruentimmere, som have faaet veniam sexus,*⁸³ *eftersom der derved ere komne i Klasse med Mindreaarige.*” Då ser det ut til at også kvenna på same vis som den mindreårige mannen er hovudpersonen i ei stemning, og at verjen kjem meir i bakgrunn. Ho vert i større grad stilt personleg til ansvar for eigne handlingar. Ho er umyndig men likevel meir myndig enn den umyndige.

Ein kan likevel ikkje generalisere alle kvinner under eitt: enkene har ei heilt spesiell stilling. Nørregaard skriv at ”(..)Enker ere i visse Tilfælde fuldmyndige, i andre ere de på en viss Maade noget indskrænket.(...)”⁸⁴ Denne mellomstillinga mellom fullmyndig og umyndig viser seg på fleire felt. Verjeinstitusjonen gjeld i utgangspunktet for alle kvinner, men ei enke har rett til å velje seg ”Laugværge” sjølv når ho vil. Enka har som overhovud i hushaldet på mange område rettar på lik linje med bonden, og det kan vere grunn til å hevde at ein lovverje er ein som enka kan vende seg til om ho ynskjer dette, meir som ein hjelpar enn ein oppsynsmann. Nørregaard skriv likevel:

”(..)Da Enker efter vore Love, paa lidet nær, ere som myndige Personer at ansee, saa skulde det synes, som de selv personlig kunde gaae i Rette. Ikke desto mindre raader dog Forsigtighed, at deres Laugværge underrettes om en saa viktig Sag, som den at gaae i Rette.(...)”⁸⁵

Kor vidt kvinner er myndige eller ikkje, er vanskeleg å svare på. Eg meiner det for det første ikkje kan talast om myndig eller umyndig, men om grader av (u)myndigkeit. Dette gjeld både kvinner og menn der sistnemnde gruppe også har ei mellomstilling som mindreårig. For det andre må det vere rimeleg å hevde at blant kvinner generelt er det enkene som har største grad av myndigkeit. Dette gjer seg utsLAG i forventning om at også enker i større grad enn kvinner

⁸⁰ Det vil seie far så lenge dei er ugift (evt bror), ektemann om kvenna er gift og ein utnemnd verje om kvenna er enke.

⁸¹ Nørregaard 1784:84ff, §76

⁸² Escolas Ordbok: kurator: ein som har tilsyn og hjelp som arbeidsoppgåve

⁸³ Tyder sannsynlegvis kjønnsmoden alder eller tilsvarande.

⁸⁴ Nørregaard 1784: 84ff, §76

generelt stemner og vert stemna personleg med ein eventuell curator eller verje i bakgrunnen. Kor vidt dette viser seg å vere tilfelle på tinget i Nordhordland, vil eg koma tilbake til i Del 3.

2.1.3 Praksis

Eg vil no rette søkjelyset mot bygdetinga i Nordhordland. Korleis vart reglar og normer praktisert ved ei stemning? Etter mi meining er det rimeleg å hevde at det rådde nokså stor semje om korleis ein utførte ei stemning og kva som var kriteria for ei lovleg stemning. Til dømes vart det ved fleire høve protestert på ulovleg stemning, og dette vert godteke av autoritetane. Saka vart då utsett:

”(...) Ingen møtte paa Lauritzis effterleffuersches wegne. Men Lensmanden berette at hun iche er steffnt, Tilmed boer i Schiold schibred. Derfore affsagt, naar Loulig paa tilbørlig sted steffnis, gaais huis Rett er(....)”⁸⁶

Vedkommande høyrd altså heime i eit anna skipreide, og stemninga vert erklært ugyldig. Koplinga til lova er grei: kvar og ein har rett til å verte stemne inn for sitt eige verneting. I motsett høve ser ein at folk vert bøtlagd for stemnefall heller hyppig utan at det vert protestert på dette. Då meiner eg det er rimeleg å rekne med at det *ikkje* er gjort stemningsfeil.⁸⁷

Unntaksvis vert også stemninga erklært gyldig før bot for stemnefall vert utsteda.

”(...) Men hand møtte iche endog, Lehnsmanden och Rasmus Wetaas tilstoed at hand er Loulig Steftnt, Der fore er hand Her med til kiendt at bøde Stefne fald 1 March Sølff”⁸⁸

I nokre få tilfelle kan det sjå ut som om vedkommande med ulovleg fråfall likevel ikkje vert bøtlagd for stemnefall. Her må ein vere varsam med å slå fast: dette kan også skuldast ubevisst utelating av informasjon frå skrivaren si side.

”(...) Jidle møtte icke, Derforre om denne Lejlighed opssat til førstkommande Waarting, och da till den tid at steffne paa Ny.”⁸⁹

Såleis vil eg hevde at det er semje om kva som er stemningsfeil, enten det gjeld verneting eller anna. Herskar det normer for ugyldig stemning, må det også finnast normer for gyldig eller lovleg stemning.

⁸⁵ Nørregaard 1790:57f, §1426

⁸⁶ Tgb7:f 9b Fleire stemningsfeil: sjå t.d. tgb 8:f 23a, tgb 8:f 18a (her vert også lensmannen dømd for ikkje å halde plikta med å stemme), tgb 4:f 53a

⁸⁷ Sjå til dømes tgb 9:f 30b, tgb 5:f 23a, tgb 8:f 20b

⁸⁸ Tgb 8:f 6a Sjå også døme tgb 9:f 25b

2.1.4 Ulike stemningar

Stemninga skulle som vi har sett lysast heime hos den stemna. Om stemninga vart lest bokstavleg frå ein skriven tekst⁹⁰ er vanskeleg å seie, men følgje Nørregaard kan det sjå ut som om begge deler er brukte.⁹¹ Eit gjennomsyn gjennom kjeldene har vist fleire variantar. Eg har valt å dele inn i følgjande tre grupper:

1. Vanleg stemning:

“*Olle Bouge hafde Stefnt Johanis Kolstad for hand imod (...)*”⁹²

2. Skriftleg stemning⁹³:

“*Konglig Mayestets foget met schriftlig stefning stefnt Jacob Jacobsen(...)*”⁹⁴

3. Slottsstemning:

“*Mester Arnoldus Rector udj Bergenn och Sougneprest till Hammers Prestegield, haffuer med en Slottzsteffning Acterit Bergenhuus dend 26. Junij i Neruerende Aar Ladet steffne Sambtlige Reffuembs paaBoende Bønnder (...)*”⁹⁵

Den vanlegaste er heilt klart vanleg stemning. Ein stikkprøve i perioden 1642-48, 1654-55 og 1668 viser at 466 av 496 stemningar, eller ca 94 %, var vanlege stemningar, mens dei resterande var skriftlege stemningar og slottsstemning.⁹⁶ Eg vil gjera merksam på at eg har rekna ei stemning som vanleg når ingenting anna er nemnt. Det er ikkje tvil om at dei to siste kategoriane er av meir sjeldan art, og det vil vere interessant å spørje i kva situasjonar slike stemningar førekjem.

Ein kan altså velje mellom skriftleg og munnleg stemning. På denne tida var det dei aller færreste som kunne lese og skrive, og det fell heilt naturleg at ei munnleg forkynt stemning vart det som var lettast å ty til. Den var lettast å arrangere, og det kostar minst pengar. Dessutan var ei munnleg stemning fullt ut lovleg og godteken.

⁸⁹ Tgb 2:f 81b Sjå også døme tgb 9:f 5b

⁹⁰ jfr ordlyden ”At Vere lest”

⁹¹ Nørregaard 1788:124, §1116: ”(...)Stævningsmænd, som overbevises, usandsfærdigen, enten med mundtlig eller skriftlig Stævnings Forkyndelse (...) (Mi understrekning)

⁹² Tgb8:f 6b

⁹³ jfr Stemnebrev: ”skriftlig innkallelse til å møte for retten.” Norsk historisk leksikon s. 323

⁹⁴ Tgb 10:f 11a Sjå også tgb 1:f 11b og tgb 1:f 56b

⁹⁵ Tgb3:f 78b Sjå elles tgb 1:f 10b/19a/26b/27a, tgb 5:f 14b/32a/82a

⁹⁶ Stikkprøven frå tingbok 1,5 og 10 og ga resultata total: 496 stemningar → vanleg stemning: 466 (94 %), skriftleg stemning: 6 (1,3 %) og til slutt slottsstemning: 24 (4,8 %). Eg gjer merksam på at eg her tel

Slottsstemninga meiner eg skil seg særskilt ut. Kva som låg i ei slik stemming kan følgjande døme gje oss ein peikepinn på:

”(...) *Lille Radstue I Bergen huor Erlig och Welforstandig mand Ouffe Jen=sen Ombudtz mand offuer Alhelgens Kirche goedtz ved vor Kiere slotz Herres Fuld Mechtige, Erlig och Welacht Hans Hanssen Slotz Skrifffuer paa Bergenuuss, hans skriftelig steffning i Rette haffde ladet steffne Erlig och Mandhafft Captein Bertel Muele (...)*”⁹⁷

Eg meiner det er rimeleg å tolke det slik at ei slottsstemning er ei skriftleg stemning skiven av i dette tilfelle skrivaren (Hans Hansen) på Slottet i Bergen, det vil sei Bergenhus eller Holmen.⁹⁸ Det var nok ikkje kven som helst som nytta slottsstemningar, og det er svært rimeleg å tru at den kosta pengar. Det gjorde nok alle skriftlege stemningar, men slottsstemninga måtte ein også til Bergen for å hente.⁹⁹ Den er også omtalt på ein litt spesiell måte i tingbökene: ”Acterit Bergenhuus dend 26. Junij....”. Slike opplysningar noterer aldri skrivaren ned elles. Når så stemninga er så detaljert nedskriven, får ein kjensle av at den er meir verd enn vanlege stemningar.

Det vert då interessant å sjå kven som nytta slik stemning. Sitatet ovanfor lemner ingen tvil: ombodsmannen over Allehelgens Kyrkjegods hører heime i ei sosial og økonomisk klasse noko betre enn bonden frå Nordhordland.¹⁰⁰ Stikkprøven viser også at dette er eit gjennomgåande trekk: den vanlege mann nytta sjeldan slottsstemning, og då berre i høgst spesielle saker.¹⁰¹ I kva grad kvinner nytta slottsstemning tek eg opp i neste hovudkapittel. Det er heller ikkje tilfeldig kva saker ein vil nytte slottsstemning i: det er i stor grad saker som gjeld fast eigedom, æressaker, drapssaker og andre viktige saker.¹⁰²

stemningar slik dei framstår i tingbökene (ei stemning kan altså gjelde 10 bønder) og ikkje enkeltopptredner. Eg har heller ikkje teke med vitnestemningar, kun domsstemningar.

⁹⁷ Tgb1: f 20 b

⁹⁸ I andre tilfelle ser det ut til at ”vor Kiere SlotzHerre” har skrive ut stemninga: sjå td Tgb1:f 10b og Tgb1:f 19a

⁹⁹ jfr sitat frå tgb5:f 57a: ”Jenss Høst Kloker till Manger stefft Iffuer Rong, for huiss Vdmag hand haffe hafft for hannom der hand war Fuldmeftig paa hans wegne (...) Penge Vdlaugt och bekostett baade med Slodzsteffning at tage sambt till Roersfolck (...)” (Mi understrekning)

¹⁰⁰ Det viser seg også at Offue Jensen er fut (tgb1:f10b), og dessutan Rådmann i Bergen (tgb1:f19a)

¹⁰¹ Dei fleste som nytta slottsstemning kjem frå det ein kan kalle borgerskap og elite: Offue Jensen (tgb 1:f 10b/19a/20), Welagt mand Her mand Frisch Borger och IndVaaler i Bergen (tgb 1: f 26a), Laugmanden Hans Hansøn (tgb 5:f 32a), Erlig och Welagt Baltzr Wurtmand (tgb 1:f 61a).

¹⁰² Stikkprøven frå tingbok 1,5 og 10 viser at det er i stor grad tale om særskilt viktige og store saker: Ei øydelagd jegt (tgb 5:f 30b), odelsrett til Midtfjell (tgb 5:f 36a), fortsatt bruksrett til Nederste Mjelde (tgb 1:f 30a), skifte mellom norde og søre Feste (tgb 1:f 47a), mistanke om drap på 3 born (tgb 1:f 64b)

Skilnaden mellom slottsstemning og skriftleg stemning er etter mi mening at meir lokale myndigheter har gjort skrivearbeidet. Ein kan innvende at også dette dokumentet kan stamme frå slottet, men måten slottsstemningar er omtala på meinar eg gjer at dette ikkje er sannsynleg. Det må vere rimeleg å tru at til dømes sorenskrivaren eller andre skrivekunnige står bak desse stemningane. I oppgåva kjem eg ikkje til å legge vekt på skilnaden mellom skriftleg stemning og slottsstemning, men vil i stor grad handsame dei under eitt.

2.2 Frammøte

For at ei stemning skal ha noko effekt eller ha noko mening i det heile, må den gje eit sett av konsekvenser for dei som vert involverte i saka. Å møta på tingstaden når det aktuelle tinget vert halde er ei av desse konsekvensane. Møter ingen til tinget får ein heller ikkje prøvd saka for retten og ei stemning har ingen verdi. Lova markerer dette med møteplikt tydeleg:

"Steffner mand anden, som hand haffuer lowlig sag imod, for laugmanden eller laugrettit, met lowlig steffning, aff bonde lænszmand, oc den som steffnis icke møder, vden lowlig forfald, eller oc hans fuldmectig: da bøde konningen en marc sølff, oc giffue sin vederpart kost oc tæring. "¹⁰³

Møteplikta ser vi er streng: brot tyder bot både til øvrigheter (dvs kongen) og ei slags erstatning til motparten for å gjere bomtur. Det vert understreke at møteplikta gjeld både partar:

"Men der som hand (den stemna) møder oc icke den som steffner, eller hans fuldmectige, vden lowlig forfald: bøde konningen en mark sølff, oc giffue den hand steffnede sin kost oc tæring. "¹⁰⁴

Nørregaard tolkar dette vidare og seier at om citanten ikkje møter, er stemninga som ugyldig å rekne.¹⁰⁵ Citanten må eventuelt stemne på nytt. Sidan stemninga inneheld tid og stad, kan ein ikkje vite når saka eventuelt skulle takast opp igjen.

Vi ser også at ein ikkje treng møte personleg. Får ein andre til å møte for seg, til dømes granne eller lensmann, er dette rekna som frammøte. Det viktige er at det vert svara på tiltale eller avgitt eit vitneprov. Vilkåret er sjølv sagt at dette er avtalt med hovudpersonen.¹⁰⁶

¹⁰³ NL 1604 (1-9)

¹⁰⁴ NL 1604 (1-9)

¹⁰⁵ Nørregaard 1790:361ff, §1715 Dette står ikkje uttrykkeleg i lova, skriv Nørregaard, men er ei følgje av "Tingets Natur, da den Indstævnte, som har mødt til den i Stævningen fastsatte tid, ei siden kan vide, naar den udeblivende Citant maatte finde det for godt at møde"

¹⁰⁶ Sjå også kap. 2.3.2 Representasjon.

La oss gå tilbake til tingbøkene. Kor alvorleg tek ein så dette med møteplikt? Vert det strengt gjennomført frå øvrigheitene si side, eller er ein meir slepphendt og ser det gjennom fingrane om partane ikkje møter? Mitt inntrykk er at skrivar og fut så avgjort tek møteplikta til sakvoldaren høgst alvorleg: om ikkje hovudpersonen sjølv eller ein representant møter, vert det ilagt bot for stemnefall. Unntaket om lovleg fråfall gjeld sjølvsagt også her.

"Besse Indkiullen for Atschellige tiltale Aff Fogden steffnt udj Rette, och bleff beuist At hand war

*Loulig steffnt, Men møtte icke, tilfunden at bøde till Kong. Ma. Steffnefald Nemlig 1 mrk Sølff."*¹⁰⁷

Svært sjeldan går sakvoldaren fri for stemnefall. Her er øvrigheita svært streng. Frykta for å få bot skulle vel føra til ein sær høg frammøteporsent? Dette ser ikkje ut til å vere tilfelle. Det er ikkje heilt sjeldan at ein av partane ikkje møter, og slikt endar i bot. Allmugen veit kva ei stemning inneber, og det er ikkje av uvitande at dei ikkje møter. Om dei er hindra i å kome vart det normalt ikkje utsteda bot, men det var rekna for lovleg fråfall.¹⁰⁸ Ein må kunna slå fast at sakvoldaren trass stemninga let vere å kome. Historikaren Atle Døssland skriv: *"Når me òg stadig ser at innstemnde personar ikkje brydde seg med å møte fram for tinget, (...) må det tyda på at saker med større fordel kunne finna ei løysing på andre måtar."*¹⁰⁹

Kva kan ein då oppnå med dette? Mange saker er avgjort med soning utan å kome på tinget i det heile.¹¹⁰ Med dette kunne ein gjera opp i meir privat regi, og ein slapp offentligheits søkelys på seg sjølve. Saka vart dessutan raskare handsama samstundes som futen fekk den inntekta han skulle ha.¹¹¹ Andre gonger kjem saka først opp på tinget og vert sidan gjort opp ved soning. Dette gjeld for ein del saker som endar i stemnefall på tinget. Vanleg saksgang skulle tilseie ny stemning til neste ting, men mange saker ser ein aldri att. Dei er mest sannsynleg gjort opp med soning eller eventuelt privat mellom dei involverte partane åleine. Såleis kan ein sjå på stort fråfall som bevisst taktikk for å sleppe den lite behagelege merksemد fra offentligheita.

Kva då med citanten, vert møteplikta teke like streng for sakvoldaren, eller ser ein det som viktigast at den innstemna møter for å svare på tiltale? Dette er det svært vanskeleg å seie noko om i det heile, av di det finst svært få opplysningar om kor vidt citanten er til stades eller ikkje.

¹⁰⁷ Tgb5:f 6a Mi understrekning

¹⁰⁸ Døme her er om kvinna ligg i barselseng eller liknande.

¹⁰⁹ Døssland 1998:125

¹¹⁰ Sjå meir om soning side 12 og 15.

¹¹¹ Dobbe 1996:74

I registreringane mine valde eg å gå ut frå at han eller ho var til stades om ikkje anna er nemnd. Unntaksvis er citantens frammøte diskutert:

"Jan Smed i Bergen, ladir Od Solberg i Rette steffne(...) Men ingen møtte paa Smedens Weigne, (...) Effter dj ingen paa Smedens wegne møtte, bleff for Retten affsagt, at Od denne ?? Sinde for hans tiltale frj himb findis. "¹¹²

Her vil eg ut i frå den siste setninga tolke det slik at Odd går fri for tiltalen *av di* citanten ikkje møter. Men om Jan Smed får bot for stemnefall, vert det ikkje sagt noko om. Det kan sjå ut til at det ikkje vart steda ut bot i dette tilfellet. Etter mi meining er det mest sannsynleg at citanten ikkje vert bøtlagd på same vis som sakvoldaren. Når ein då reagerer slik som dømet viser på at citanten ikkje er til stades, er det også nærliggjande å tru at han/ho er til stades i retten om ikkje anna er nemnd.

Trass i at møteplikta er så uttrykt så eintydig i lova, ser det ut til at ein praktiserer dette ulikt i høve til sakvoldar og saksøkar. Bota for sakefall ser heller ikkje ut til å verka avskreckande på folk, frammøteprosenten er ikkje maksimal.

2.3 Sakføring

Ei stemning er gjort på lovleg vis, og partane har møtt på tinget. Saka kan no handsamast i retten etter lova. Her vil eg ta opp ulike roller i ein saksgong, og særleg leggje vekt på representasjon. Dette vel eg av di vi det har mykje å seie for ei samanlikning med kvinnene.

Begge partar har rett å uttale seg, og etter kronologien i tingbøkene ser det ut til at saka ofte vert lagt fram frå citanten si side først. Deretter kjem sakvoldaren til orde for å svare på tiltale. Om andre har opplysningar som utfyller, stadfestar eller avkreftar det som er sagt, vert desse vitneprova ført til sist. Om ein ikkje har vitne i saka, eller vitneprova motseier einannan, kan ein avleggja eid:

"Steffen giorde hans æd paa met opRagte fingre at hand Aldrig hafde staaleit noget fraa for/schreffn/e Siur Hilleland."¹¹³

¹¹² Tgb7:f 6a Sjå også tgb 10:f 3a og tgb 7:f 21b

¹¹³ Tgb 10:f 3b

2.3.1 Vitne

I mange saker har ein vitne som uttaler seg om saka eller personen. Deira vitneprov er kanskje ved sida av å framsei eid også dei sterkeste bevis ein har, og lova sei det slik:

*"En mands vidne er som ingen vidne, oc to mends vidne ere saa gode som ti mends vidne, vndtagen der føris bedre vidnisbyrd imod."*¹¹⁴

Hadde ein to vitne til å stadfeste eigen påstand, var altså dette bevis nok til at det var sant.¹¹⁵

Vitne speler såleis ei særskilt viktig rolle i dette rettsapparatet, og Nørregaard handsamar også dette temaet heller grundig. Eit vitne vert stemna i meiningsa kalla til retten for å avgje sitt vitneprov, og har same rettar og plikter som ein sakvoldar med omsyn til lovleg stemning og møteplikt. Alle har plikt å stille opp som vitne, med unntak av nær slekt.¹¹⁶ Vitna vert tekne i eid i samband med forhøyret.¹¹⁷ Dette kan ein tidvis også sjå i tingbøkene:

*"...huorpaa de giorde deris aed met opragte fingere."*¹¹⁸

Det kunne ikkje vere kven som helst som vitna på tinget, og Nørregaard set opp ein del krav ein lyt innfri for å kunne vitne. Ein laut først og fremst ha eit godt namn og rykte, og måtte vere i stand til å leggje fram den *"logiske og moralske Sandhed"*.¹¹⁹ Såleis fekk ein problem med *"barn, gale og vanvittige"*. Nørregaard hevdar likevel at born kan vitne, men at vitneprovet deira ikkje skal vege like tungt som eit anna. Born skal heller ikkje stillast ansvarleg om det viser seg at vitneprovet var falskt. Om kvinner og rolla som vitne seier Nørregaard ingenting, og lova frå 1604 nemner heller ikkje kvinnene spesielt. Då må det vere rimeleg å slå fast som Nørregaard:

*"Ellers mærke vi tilsidst her (...) at i alle de Tilfælde, hvor Lovene ei udtrykkelig have gjort Forskiel paa Mand- og Quindekiønnets Rettigheder, der ere Rettighederne for begge Kiøn lige."*¹²⁰

Ut frå dette meinar eg det er rimeleg å hevde at kvinner kan vere vitne på lik linje med menn, og vitneprova deira er av same verdi. Om det er slik i røynda, står att å sjå.

2.3.2 Representasjon

Om ein av ulike årsaker ikkje kunne eller ville føre eiga sak på tinget, kunne ein få andre til å gjøre dette. I ein systematisk gjennomgang av tingbok 5,7 og 9 tok eg for meg alle sakene der

¹¹⁴ NL 1604 (1-9)

¹¹⁵ Ein kunne også sverje eid for ein, som viste at du stod inne for at denne personen hadde alt på sitt tørre.

¹¹⁶ Ektefolk, slekt, svogerskap og tenestefolk (Nørregaard 1790-1797:30ff)

¹¹⁷ Nørregaard 1790-1797:42ff, §1792

¹¹⁸ Tgb 9:f 1a

¹¹⁹ Nørregaard 1790-1797:14ff, diverse § frå §1776 og utover.

menn var involverte, og såg på i kva grad og korleis dei var representerte av andre i retten. Omgrepet representasjon vert såleis eit samleomgrep for det å tale på vegne av andre i retten. Om hovudpersonen møter eller ikkje speler inga rolle her. Det er derimot viktig å ikkje forveksle representasjon med det å vitne: dei som vitnar i ei sak taler ikkje *på vegne* av hovudpersonen, men *i* hans eller hennar *sak*.

For det første ser det ut til at det at andre taler for deg i retten er normal og fullt ut godtatt. Det ser heller ikkje ut til at det spelar nokon rolle kven det er som representerer deg.

*“Lensmanden Steffint Pedr Tofft for Atschelig tilltale, møtte icke, Eller nogen paa hans Wegne at Suare, tilkiendt steffnesfald - I mrk Sølff.”*¹²¹

Mann eller kvinne: dette syner seg vere den vanlege kommentaren ved stemnefall: vedkommande møtte ikkje sjølv, og *heller ingen på hans vegne*. Ut frå dette sluttar eg at det ikkje er uvanleg at nokon stemner, møter og taler for deg, og heller ikkje rettsleg vanskeleg. Retten krev berre at *nokon* møter og svarer på tiltalen.

Talerøyr

Kven representerer menn på tinget og kor vanleg er dette? Eg fann det formålstenleg å dele representasjon for menn og kvinner inn i tre grupper: talerøyr (mitt omgrep), fullmektig og procurator. Den mest uformelle representasjonsforma har eg kalla talerøyr, der vedkommande overbringer ei utsegn eller eit svar. I denne gruppa finn ein mellom anna offentlege tenestemenn som lensmann og fut:

*“Peder Hansen Raadmand Ved Bunde Lensmandens stefnemaal ladet i Rette stefne efterschrefne formedelst deris gaarders Resterende Rettighed. (....) Aschild Padøen er schyldig 4 1/2 March i Landschylde, som Mogens Essem och paa hans Weigne beKiende. (....)”*¹²²

Tingbøkene eg tok for meg innehold totalt 358 enkeltsaker¹²³, og 65 døme der menn har talerøyr. Men offentlege tenestemenn som talerøyr er brukt i liten grad: berre 5 døme i nemnte tingbøker. Vanlegvis var ein representert med likemenn som slekt, tenestefolk, naboor og andre:

¹²⁰ Nørregaard 1784:84ff

¹²¹ Tgb 5: f 2a. Mi understrekning. Sjå også tgb 4:f 41a, tgb 4:f 56a, tgb 9:f 5b, tgb 7:f 4a, tgb 7:f 19a

¹²² Tgb 9: f 10a. Mi understrekning. Vi er i Eikanger Skipreide og Mogens Essem er lensmann. Vi ser at trass i at det er han som stemner, talar han også for ein av bondene som er innstemna. Ei slik “dobelrolle” var nok ikkje vanleg, men førekjem altså. Sjå også tgb 9:f 32b

¹²³ Dette er *alle* sakene med både kvinner og menn involvert.

"Peder Hansen Raadmand i Bergen ladet efterschrefne Ved Bunde Lensmandens stefnemaal for deris paaboende gaarders Resterende Landschyld sampt første och Tredie bøxel i Rette stefne. (...)Mogens Nor Wesetters Søn Lars Mogensen beKiende at hans fader er hamb schyldig Landschyld 1 Rdr for 66. (...)"¹²⁴

"(....) Rassmus hopland møtte, och suarit paa Joen Strømmes Vegne (...)"¹²⁵

Her meiner eg det er rimeleg å tolke deira rolle som ganske enkelt å formidle vidare eit vitneprov eller utsegn, og på same vis gje tilbakemelding om hendinga til hovudpersonen: Ein opptrer som eit talerør for hovudpersonen. Det ligg ikkje noko taktikk i dette utanom at den stemna held si plikt med å svare for seg ved ei stemning.

Fullmektig

Ein del menn vert representert i retten av ein som er referert til som *"fullmektig"*. Kva vil det eigentleg seie å vere fullmektig? Nørregaard nemner også omgrepene fullmektig, men taler om å ha fullmakt som det å under samtykke handle, avtale og så bortetter på ein annan sine vegne. Ut frå dette kan ein slutte at ein fullmektig er ein som ikkje berre fører fram ein bodskap, men har fullmakt hjå hovudpersonen til å handle og gjere avtale (som til dømes å inngå forlik) på hans vegne. Dei som kallar seg fullmektig rundt 1650 i Nordhordland ser også ut til å inneha ei meir formell stilling enn ein *"tilfeldig"* representant. Dømet med Jens Høst har vi kikka på før, men la oss sjå det i eit litt anna perspektiv:

"Jenss Høst Kloker till Manger steffnt Iffuer Rong, for huiss Vdmag hand haffe hafft for hannem der hand war Fuldmechtig paa hans wegne med dend Sag om dend Bøxsell Vdj Rong, och Jens paa hans wegne wandt Sagen, Saa Iffuer bleff tilkiendt at were Bøxsel Raading effter Lougen, til med haffe be. Jens en deel penge Vdlaugt och bekostett baade med Slodzsteffning at tage sambt till Roersfolck, och ellers til Anden maader fortering mott Vdstaa, Huilkett Iffuer icke will giøre gott, och Jens høst indlaugde en forteignelse paa Hanss Vdlaugde Penge som bedrog sig till 11. Rix dlr 4 mrk 4 s., och derforVden begerte for sin Vmag - 4 Ridlr, (....) Iffuer bør giffue till Jens Høst Otte Rix dlr for(....)"¹²⁶

Jens la ned både pengar og arbeid i dette oppdraget, og det vert understreka at han også vant denne saka på vegne av Iffuer. Dette meiner eg er meir enn det å vera talerør for nokon. Jens har for det første ordna stemning, og då ei slottsstemning. Han har også ordna og betalt skyss, og til sist har han ført saka slik at Iffuer ikkje måtte gå frå garden.

¹²⁴ Tgb 9: f 12a. Det kan sjå ut som at far er *sonen* skuldig, men ut frå samanhengen skjønar ein at det er Peder Hansen Raadmand som har uteståande landskyld.

¹²⁵ Tgb 7: f 4a

La oss snu perspektivet frå den som vert representert til den som representerer og sjå litt nærmere på dette. Å vere fullmektig oppfattar eg som noko meir enn å vere talerøy for nokon. Fullmektig ser meir ut til å vere ei “stilling” ressursrike menn spesialiserer seg til. Fleire ting kan tyde på dette. For det første meiner eg bruken av omgrepene fullmektig i tingbøkene ser ut til å vere nokså bevisst: ein fullmektig vert nokså konsekvent referert til som til dømes “fullmektig Poul Wilhelm”. Eg meiner ein ikkje ville brukt omgrepene på denne måten om det ikkje hadde nokon meining. Og som overklassefruene alltid vert referert til som “welb. frue” ser “fullmektig” også ut til å vise at dette er personar med høgare sosial status. Vanlege allmuge vert jo berre referert til ved namnet, aldri “bonden Rasmus Oelsen”. Det å vere bonde gjev nok ikkje status i seg sjølv.

Vidare har Jens Høst ressursar, og må som fullmektig også ha god kjennskap til lova og tinget. Eg meiner det er nærliggjande å tru at Jens tilhører ein sosial elite. No kan ein ikkje konkludere på grunnlag av Jens, men dei nemnde argumenta gjeld også for andre som er kalla ”fullmektig”. Eg meiner det er grunn til å tru at dei som vert omtala som fullmektig har ei heller høg sosial status i retten og i lokalsamfunnet.

Dei fleste som er referert som ”fullmektig” går att fleire gongar. Vi møter på same fullmektig i fleire saker og for fleire ”klientar” som til dømes Poul Wilhelm:

“møtte for Retten paa Bergen Raadstue Pouel Wilhelm och Fredrich Steen fuldmegtig paa Welb. frue Kiersten Bildz Weigne paa den ene, og Niels Ørbech paa den anden side,”¹²⁷

Saka dreier seg om bruksrett til eit bruk på Landås som fru Bildtz eig, ei sak som gong på gong kjem att for retten utan at dei vinn fram med krava sine. To år etter møter vi same Poul Wilhelm i same rolle, men då i to heilt andre saker med heilt andre ”klientar”:

“Anno 1667 den 28 Februaris paa Bergen Raadstue den Sag om de bort stollen 728 Rdr fore tagen. Och møtte Rasmus Jørgensen met hans fuldmegtig Poul Wilhelm, sampt Gilkrists fuldmegtig Søfren Tomesen. (...)”¹²⁸

“(....) Och gjorde Ole Bielcherøen hans Æd med opRagchte fingre paa huis hand nu i Fendrichens fulmegtig Poul Wilhelms och be. Brants Neruerelse, Wundet hafr”¹²⁹

¹²⁶ Tgb 5: f 57a

¹²⁷ Tgb 7: f 1a

¹²⁸ Tgb 9: f 3a

Vi har altså tre døme på saker der ein av hovudpersonane gjer bruk av fullmektig Poul Wilhelm. Eg meiner dette gjer grunn til å sjå på fullmektig som noko anna enn talerøyr: rolla ser ut til å vere meir profesionalisert: Tabell 1 viser kven som står som fullmektig for menn i tingbok 5,7 og 9:

Kven er fullmektig kor mange gongar på tinget i Nordhordland 1642-1668?

Fullmektig	Tal gongar
Lauritz Walter ¹³⁰	5
Jens Eriksønn	3
Poul Wilhelm ¹³¹	3
Abell Mougensønn	2
Hans Matisønn	2
Fredrich Steen	2
Jens Høst	2
Hans Nielssønn	2
Søffren Gielbritsøn	1
Jens Oelsen	1
Laurs Madzøn	1
Baldtzen Wirtmand	1
Tomas Hansen	1

Tabell 1

¹²⁹ Tgb 9: 34 b

¹³⁰ Denne karen skal ein leggje spesielt merke til: han opererer til tider sær mykje på tinget både som procurator men også som noko som minner om offentleg anklagar: han er lagmannen sin fullmektig, rådmannen i Bergen sin fullmektig for å nemne noko. I tgb 4 ser ein at sjølv om Laurs ikkje alltid har noko å seie i ei sak, kjem han gjerne inn på slutten og ”begjærer dom” (t.d. f 5b, 6b, 9b, 21a). Det er også han som ser seg lei på at lagrettemenn ikkje møter, og stemner dei og får dei dømt (f 23a). Han anklagar også lensmannen ein gong han ikkje er til stades og meiner han burde dømast for dette (f 26a).

¹³¹ Fekk ko. bevilling i 1663 til å la seg bruke som procurator i Bergen. Seinare, i 1670 fekk han til og med ved konfirmasjonsbevilling rett til å ”betjene godtfolk, endog utlændiske.” Finne-Grønn 1932:241

Av dei 14 fullmektige, er det berre 5 av dei som er fullmektig berre ein gong i løpet av desse tre tingbøkene. Dei aller fleste kjem att fleire gongar, og for ulike klientar. Ein kan altså ikkje seie at dei er “personleg forsvarar” eller liknande for ein bestemt person eller familie; dei representerer “alle”. Mot dette kan ein innvende at til dømes Kiersten Bildts opptrer med same fullmektig alle dei gongar me treff på henne, nemleg Frederich Steen¹³² og Poul Wilhelm. Likevel representerer desse også andre i retten, og det vert dermed ikkje rett å kalle dei hennar personlege fullmektig.

No må ein likevel ikkje tenkje på fullmektig som ei stilling i ordets forstand: det er nok neppe nokon som lever av å vere fullmektig. Ta dømet om Jens Klokker: han krev pengar som han har lagt ut på klienten sine vegne, og dessutan eit beløp på 4 Rdl for ”sin Vmag”. Saka er litt spesiell i og med at han stemmer sin tidlegare ”klient”. Er dei fire riksdalar å rekne for ei form for erstatning for dette ubehagelege oppgjeret, eller er det tenkt som eit honorar for oppdraget som fullmektig? Dette er det einaste dømet eg har kome over som tek opp fullmektig og betaling, og det er uråd å slutte nokon konklusjon ut frå dette. Eg meiner det er lite sannsynleg å tru at ein fullmektig tek seg stort betalt for slike oppdrag. Jens er jo også klokkar, og har dermed eit levebrød. Likevel er det ikkje urimeleg å ta eit mindre honorar for oppdraget.

Tilbake til hovudpersonen, den som vert representert. Det viser seg at overklassen i større grad enn allmugen nyttar fullmektig:¹³³ Tidlegare nemnde Kiersten Bildtz har alltid ein eller to fullmektigar for å tale for seg i retten, også om ho sjølv er til stades som passiv eller aktiv aktør.¹³⁴ Generelt ser det også ut til å vere vanleg å nytte fullmektig i viktige saker som dreier seg om jordeigedommar, store verdiar, djup ærekrenking og liknande.¹³⁵ Desse to tinga meiner eg gjer at ein ikkje kan seie at det å nytte fullmektig gjev ein underordna status, tvert imot. Dette igjen får konsekvens for korleis ein ser på kvinnene si stilling på tinget: om kvinner oftare enn menn vert representerte av andre tyder ikkje dette utan vidare på lågare status.

¹³² Han er også forvaltar av godset hennar. Myking 1990:190

¹³³ Til dømes hr Tomas Gielbritsøn Prest i Hospitalen i Bergen, Hendrick Frisch aff Bergen, Arendt Tille en Hussbond Wed Contoret, Laugmanden, Gouicke S. Hermand Frisches udj Bergen, Hermand Gaarman Ko. Ma. Tolder i Bergen for å nevne nokon (desse er alle henta frå tgb 5).

¹³⁴ Sjå til dømes tgb 7:f 1a og tgb 6:f 26a

¹³⁵ Æressak frå Frøset der båe partar har fullmektig (tgb 5:f 9a), sak om ein båt (tgb 5:f 19a), gjeldssak:7 Slette daler 1mrk (tgb 5:f 31b), nye skattar på garden (tgb 9: f 2b)

Procurator

Procurator må seiast å vere den mest formelle forma for representasjon. I Norsk historisk leksikon kan vi lese at procurator er “*en vanlig betegnelse på sakfører, dvs. en som har off. bemyndigelse til å opptre som fullmektig for en part under rettssaker.*”¹³⁶ Nørregaard definerer omgrepet sameleis og skriv at det (i 1790) i prinsippet ikkje er forskjell på procurator og advokat.¹³⁷ Når procuratorvesenet skriv seg frå er vanskeleg å seie. Samtidas lover seier ingenting om denne stillinga, men allereie i første tingbok (frå 1642-1648) møter ein omgrepet procurator.¹³⁸

Somme procuratorar var utnemnt av kongen eller andre nasjonale øvrigheiter, og desse kunne operere i heile riket i alle rettslege nivå. Andre procuratorar vart utnemnt av regionale myndigheter som stiftamtmannen, amtmannen eller bymagistratet og desse procuratorane kunne berre virke i tilhøyrande embetskrets (stift, amt eller by).¹³⁹ I byrjinga er dette eit byfenomen, og Nørregaard viser til skepsis frå myndighetene side ved at NL 1687 ettertrykkeleg forbyr procuratorer å praktisere på landet.¹⁴⁰

I tingbøkene 5,7 og 9 finn eg fire døme på bruk av procuratorer, og to av desse finn stad på Bergen Raadstue. I begge desse er det også kvinner som vert representerte ved procuratorer. Dei to andre døma finn stad på bygdetingenet og gjeld menn, men ser ein nærmare på desse, er det same saka i to “episodar”. Hans Matisøn har vi helsa på før, men det er interessant korleis han vert referert. Saka som handlar om bruksrett og odelsrett til garden Midtfjell vert teken opp att på våtinget ein månad seinare:

“(...) *Dissligeste Oele Haldwarsøn Mitfielle med hans procurator eller fuldmægtig Hans Matisøn Aff Bergen (...)*”¹⁴¹

“(...) *hans wedderpart Oele Haldworsøn Mitfielle, sambt hans procurator Welagt Mand Hans Mattisøn Aff Bergen (...)*”¹⁴²

¹³⁶ Norsk historisk leksikon s. 261 Her må ein ikkje blande inn Nørregaard sitt omgrep ”sakførar”.

¹³⁷ Nørregaard 1790:256f, §1605

¹³⁸ Tgb 1:f 44b Derimot kjem NL 1687 med fleire restriksjonar på bruk av procurator, mellom anna at dei ikkje kan nyttast på landsbygda. NL 1687 (1-9-15)

¹³⁹ Nørregaard 1790:262, §1608

¹⁴⁰ Nørregaard 1790:256f, §1605 Sjå ovannemnde sitat.

¹⁴¹ Tgb 5:f 36a

¹⁴² Tgb5:f 70a

Uttrykk som procurator *eller* fullmektig gjev oss grunn til å tru at det er ei heller flytande grense mellom fullmektig og procuratorer i denne tidsepoken før procuratorvesenet vart skikkeleg formalisert. Kva er det som gjer at Oele nyttar procurator i denne saka? Det er utvilsamt ei særskilt viktig sak: Oele står nemleg i fare for å misse garden sin. Karel Tomasøn og systra Margrette Tomasdotter Loetmand hevdar at far deira selde garden utan deira samtykke og vitande. Slik går det også: odelsretten står sterkast og Oele må forlate garden.

Det er vanskeleg å konkludere på slikt eit lite grunnlag, men eg vil for det første slå fast at det er heller få som nyttar procurator i retten i Nordhordland. Av dei som gjer bruk av slike, er fleirtalet frå høgare sosiale lag, noko som ikkje er heilt unaturleg når ein tenkjer på kva utgift eit slikt gode må ha kosta. Eit siste trekk er alvoret i saka: det dreier seg ofte om store saker som gjeld fast eigedom, liv eller ære.

2.4 Dom

Sakføringa er avslutta, og dei private partane har spela sine roller. No er det opp til sorenskrivar og lagrett til å kome med ei avgjersle. Dei skal vurdere vitneprova til saksøkar, sakvolder og vitne og eventuelle andre bevis, og setje dette opp mot lova og eventuelt mot rettspraksis. Kor vidt retten held seg til lova når den dømer, er for omfattande å gå inn på, men eg vil kort sjå på korleis vitneprova vert vurdert, og nemne ulike måtar å straffe på.

Saka kan for sakvoldaren ende ut på tre vis: forlik, frikjenning eller dom. Vert ein frikjend er det greitt. Det vert gjerne understreka overfor allmugen av retten at han eller ho ikkje skal ha skade av tiltalen som vedkommande er frikjend frå. I 1668 er Joen Tychhelle mistenkt for å ha valda ein annan manns død. Det vert derimot ikkje bevist, og det vert avgjort at Joen

*"bør for denne Sag och mistanche at Vere Frj. "*¹⁴³

Sjølv om ei stemning i utgangspunktet er retta mot sakvoldaren, treng ikkje dette tyde at sakføraren alltid står trygt. Fleire døme viser saker som "snur", og endar i at sakføraren vert dømd. Saka dreier seg ikkje først og fremst om akkurat Joen hadde noko med dødsfallet å gjere, men om å få fram sanninga om eit dødsfall som med førstninga verka mistenkeleg.

Frå frikjenning kan ein går til den andre yttersida: dom. Ein kan skilje mellom ulike former for dom eller straff: korporleg straff,¹⁴⁴ økonomisk straff,¹⁴⁵ og åtvaring.¹⁴⁶ På tinget i Nordhordland er bot den absolutt vanlegaste straffa, og då oftest som bot til kongen. Dette har sjølv sagt ei klar samanheng med alvorsgraden i dei ”kriminelle” handlingane: dei formelle lovene er ikkje strengare enn at dei synast rimelege hjå allmugen.

Korporleg straffer er det sjeldan eg har kome borti, men det finst eit fåtal døme på både fysisk refsing¹⁴⁷, tvangsarbeid¹⁴⁸, utvising og dødsstraff. Dei to siste er vanlegvis brukte ved alvorlege seksualsaker eller drap. At dødsstraff også kan innebere ei særskilt ærekrenkjande seremoni overraska meg noko: Niels Johannes Joensen Tuett frå Mjelde skipreide har drepe stefaren sin og vert dømt til:

”(...)han Høyre Haand, Leffuendis at afHuggis, Och der eftter at straffis paa hans Hals, hans Hofuedt at settis paa en stage, och hans Krop at Liggis paa Stejle, Och huis goedtz och Formue som hand Eyendis er, Til han Ko/nglig May/este/tez i at Were forbrutt.”¹⁴⁹

Åtvaring plar retten ty til i dei fleste saker der ein skuldar pengar, enten det dreier seg om eit lån og gjeld eller forseinka landskuld. Børge Nebstad stemner 15 bønder for landskuld, tiend og tredjetage og retten avsei domen:

”at de schulle inden 14. dage were i BorgeMester Søffren Jensøns minde, eller ochsaa hand wille haffue dom derpaa.”¹⁵⁰

Dette kan nok ikkje kallast straff i vanleg forstand, men ein får ei offentleg purring. Følgjande sitat gjev også døme på dette, og merkar seg ut på fleire måtar: Herr Anders Garman Sogneprest til Hammers Prestegjeld stemner ni husmenn for det dei ikkje gjev han tiend eller vil arbeide på prestegarden. Ingen (!) av dei innstemna er til stades, men likevel tek dei opp saka på tinget:

”Der paa bleff aff sagt at di bør giøre hamb dend Rette tilbørlig Arbed til Prestegaarden, lige som hans formend, saa frembt de iche der for wil lide widere domb som Retten gemess (?) were Kand.”¹⁵¹

¹⁴³ Tgb 10:f 5b

¹⁴⁴ Fysisk refsing, tvangsarbeid, forvising og dødsstraff (Erichsen 1996:87)

¹⁴⁵ Bot til kongen eller bot (erstatning) til privatpersonar

¹⁴⁶ Ei åtvaring kan vel ikkje direkte seiast å vere straff, men her meiner eg døme der jordeigaren klagar på bøndene for forseinka landskuld, og dei vert dømde til å betale denne innan 14 dagar. Så sant dei greier å halde denne fristen, betalar dei ikkje anna enn det dei skulle betale uansett.

¹⁴⁷ Dei fattigste som ikkje har noko å betale med vert fleire stader dømt til å ”straffis paa deris kropper”

¹⁴⁸ Sjå til dømes tgb 1:f 35b

¹⁴⁹ Tgb 10:f 22b

¹⁵⁰ Tgb 5:f 42a

Her vert altså bøndene av retten åtvara utan å sjølv vere til stades. Dette er eit sjeldant unntak, og so og seie ingen vert behandla slik av retten. Ein har rett til å vere til stades når saka vert teken opp på tinget. Til prestens forsvar må vi jo også erkjenne at bøndene var alle stemna ved lensmannens stemning og hadde slik plikt til å møte.

Korleis vert dei ulike vitneprova vurdert? Vert alle behandla med like stor respekt, eller kan ein spore ulik behandling? Slikt er sjølvsagt svært vanskeleg å svare på. Det ein legg merke til først er korleis skrivaren omtalar enkeltpersonar i tingbökene: folk i høgre sosiale lag og i statlege embete er så og seie alltid omtala svært høgtidleg. Ein smykker seg med dei titlane ein har:

”(...) Erlig Dydig och Gudfrøgtige Matrona Inger Worm Salig Mester Jens Schielderups”¹⁵²

”S. Niels Fyllingsnes fordum Lensmand i for. EkAnger Skibred hans Sønner Naffnlig Mougens Nielsøn Gieruig Aff Allenfedt Skibred, och Erick Nielsøn Fyllingsnes i bemelte EckAnger Skibred boende”¹⁵³
Vanlege bønder vert omtala utelukkande med namn, aldri som ”bonden Erich Nielsøn”. Ein del kvinner vert dessutan omtala som ”Niels Olsøns Koene”. Nokre få får vi ikkje eingong vite namnet til i det heile: en Koene, it Quindfolck, en Fange. Eg meiner at dette viser at retten har større respekt for folk frå høgre sosiale lag, men dette treng ikkje naudsynleg tyde at deira vitneprov veg tyngst.

Mitt inntrykk er at folk stort sett vert truidd for det dei seier, og at retten etter beste evne fylgjer lova utan omsyn til statusen til dei involverte. Dette gjeld særleg i eigedomssaker som odelsrett og bruksrett til jord der lovane er så detaljerte og spesifiserte. Det hjelper ikkje at fru Brantseflor Bildt er av aldri så høg rang når ho prøver å kaste ut ”en deel Schoemagere” frå Nobes Kro. Skomakarane har retten på si side og fru Bildt kjem ingen veg. Liknande tilfelle der jordeigarar meiner at bøndene har ”forbrutt” garden deira, endar på same vis.
Leiglendingane har retten på si side og vert buande. Eg vil ikkje konkludere, men overlet dette til andre: her ligg det stort forskningspotensiale. Eg vil heller nøye meg med å gje eit ymt om at folk vert i det store behandla likeverdig på tinget, men at høgstatus også kan vere fordelaktig.

¹⁵¹ Tgb 8: f 25b

¹⁵² Imponerande tittel? Matrone har ulike tydingar, men eg fall ned på den eg finn i dansk-norsk ordbok: ærbar, eldre kvinne.

¹⁵³ Tgb 5:f 14b

2.5 Samanfatning

No har vi sett på saksgangen på tinget, og kome med ymt om kva som er normal åtferd her.

Først har vi sett på kva som kjenneteiknar ei lovleg stemning. Alle fullmyndige, dels mindreårige og tilsvarande med verje har full tilgang til retten, og dei rettar og plikter som følgjer av dette. Det er tre typar stemning, der vanleg munnleg stemning er rådande.

Slottsstemning og skriftleg stemning er helst sjeldan, og er helst nytta i særskilde tilfelle. Trass i møteplikt er fråværet heller høgt. Forutan å vere vitne i ei sak, kan ein representerast av andre på tinget. Å bli representert av likemenn eller talerøyrr er vanlegast, meir sjeldan vert det nytta fullmektig og procurator. Ei sak kan ende i forlik, frikjenning eller dom. Av straffer er bøter det rådande, men vi har sett sjeldne døme på korporlege straffer også. Med dette i bakhovud skal vi no sjå på kvinnene på tinget og gjennom rettargangen. Skil dei seg ut frå det generelle mønsteret eg til no har skissera opp?

Del 3: Kvinnene og rettergangen

I dette kapitlet vil eg ta for meg kvinnene og sjå på korleis dei fører seg på tinget. Har kvinnene andre åtferdsmønster enn menn når dei vert involverte i ei sak på tinget? Er det mogleg å peike på generell ulikskapar hjå kjønna i rettergangen? I dette kapittelet vil eg diskutere kvinner i høve til stemning, frammøte, sakføring og representasjon og til sist dom på tinget.

3.1 Kvinner, stemning og roller

I kapittel 2.1 gjorde eg greie for ulike typar stemningar: vanleg, skriftleg og slottsstemning. Kva type stemning vert nytta når kvinnene stemner? Her meiner eg det interessante aspektet ligg i kvinnene som den aktive parten. Kva stemning som vert nytta for å stemne kvinnene, fortel lite om kvinner og stemning av di ho har ingenting med den avgjersla å gjere. Av 109 saker der kvinner stemner personleg eller upersonleg, vert det i 13 saker nytta slottsstemning. Eit einaste døme kan eg finne på skriftleg stemning.¹⁵⁴ Elles var det altså nytta vanleg stemning. Vanleg stemning må vi gå ut frå var det som var lettast å organisere, og kosta dessutan minst. Den var ikkje av mindre rettsleg verd om den var munnleg, men var fullverdig rettsleg sett. Det var difor ingen rettsleg grunn til å gjere meir ut av det, og det gjorde dei fleste heller ikkje. Vanleg stemning er av naturlege årsaker mest nytta blant allmugen i Nordhordland.

I stikkprøven frå kapittel 2.1.4 Ulike stemningar var det generelt nytta slottsstemning i 4,8% av sakene mot kvinnene sine 11,9%.¹⁵⁵ Her lyt ein ta etterhald grunna små tal. Med dette kan vi gje eit ymt om at kvinner nyttar slottsstemning i noko større grad enn det menn gjer. Kva kan vere årsaker til dette? Som vi hugsar vart det i større grad nytta slottsstemning i alvorlege saker enn i meir daglegdagse saker.¹⁵⁶ Ei mogleg forklaring på at kvinner nyttar oftare slottsstemning kan ligge i at terskelen for å ta ei sak opp på tinget ligg noko høgre for kvinner enn for menn. Kvinnenesakene er då eit hakk meir alvorlege, og følgjeleg er det nytta slottsstemning meir hyppig. Døme kan vere saker som dreier seg om bruksrett til jord. Guere

¹⁵⁴ Tgb 1:f 38b Ei sak av 109 utgjer 0,9% for å ha eit samanlikningstal.

¹⁵⁵ Sjå til dømes tgb 5:f 36a (Lotmand), tgb 4:f 36b (Frisches), tgb 2:f 41a (Alfføen), tgb 6:f 14a (Munte), tgb 1:f 10n (Simensdatter)

¹⁵⁶ Sjå kap 2.1.4 Ulike stemningar

Nielss Dotter nyttar slottsstemning når ho stemner Anfind Aaste som vil gifte seg med enka etter sonen hennar. Slik vil Anfind overta jorda gjennom giftarmål, som han vil la stesonen sin nytte. Guere på si side ser jorda forsvinne frå familiens kontroll, og meiner Anfind har tileigna seg jorda på vrangt grunnlag. Saka vert utsett.¹⁵⁷

Sakene der det er nytt slottsstemning har same og liknande alvorsgrad. Seks saker gjeld bruksrett til fast eigedom, enten det er tale om arvesak, leigesak eller eigedomssak.¹⁵⁸ I tillegg går fire av sakene på ein svært langvarig krangel om Eidsvåg gard og mølle.¹⁵⁹ Desse sakene dreier seg også om retten til gardepart, men botnar i djupt uvenskap og gjer utslag i mange ”usaklege” stemningar mot kvarandre. Vidare er det ei alvorleg seksualsak, der Anne Andersdotter Sunde og faren hennar stemner for mørkrenking eller valdtekts.¹⁶⁰ Til sist to saker som dreier seg om gjeld.¹⁶¹ No er det sjølvsagt vanskeleg å måle grad av alvor i sakene, men alt i alt finn eg det rimeleg å slå fast at det her er snakk om alvorlege eller viktige saker.

Dette kan likevel ikkje vere den einaste forklaringa på kvinnernas hyppige bruk av slottsstemning. Mykje kan tyde på at det her er tale om ei spesiell gruppe kvinner. La oss sjå nærmare på kven desse kvinnene er.

Margrette Tommassdotter Loetmand aff Bergen, Gouike Frishes, Mergret Lotmand, Abel Munte og Grete Olaussdatter S. De Langes ”etterleverske” vil eg ut frå namna plassere i eit høgre sosialt sjikt. Dette er ikkje vanlege bondenamn, men namn med ein ”utanlandsk” klang. Eg kjenner dessutan til at fleire av dei er jordegande, noko som svært få menneske var på denne tida. Med Wenniche Siemensdatter frå Eidsvåg stiller det seg annleis. Her må vi ty til annan informasjon. Wenniche vert alltid referert til som ”borgerske i Bergen”. Borgar er dei som har borgerbrev i Bergen, og dette kunne ikkje kven som helst skaffe seg. I hovudsak gjeld det dei som har næring i Bergen og anten driv handel eller handverk i byen. Dette var svært sjeldan bønder frå Nordhordland.¹⁶² Også Wenniche meiner eg tilhører ein øvre sosial og økonomisk elite utanfor bondesamfunnet.

¹⁵⁷ Tgb 2:f 39b

¹⁵⁸ Sjå Tgb 5:f 36a, tgb 3:f 88a, tgb 2:39b, tgb 2:f 41a, tgb 8:f 14a, tgb 3:f 43b

¹⁵⁹ Sjå tgb 5:f 85a, tgb 1:f 10b, tgb 1:f 20a, tgb 1:f 27b

¹⁶⁰ Tgb 4:f 43b

¹⁶¹ Tgb 4:f 36b, tgb2:f 5a

¹⁶² Personar som stamma frå Sogn og Nordhordland utgjorde under ein prosent av borgarane i Bergen på 16- og 1700-talet. Nedrebø 1990/91:53

Også Anne Clausdatter frå Alføenn skilje seg ut. Saka dreier seg nemleg om odelsgodset Alføenn med møller som Anne har odel i, men som hennar avdøde mann utan hennar samtykke har seld. Vi skjørnar at dette er ei kvinne med meir midlar og ressursar enn ei gjennomsnittleg bondekvinne. Dei kvinnene vi til no har nemnt må vi trygt kunne kategorisere som kvinner frå ein fatalig elite.

Ennå gjenstår fem kvinner. Enka Birrete Mogensdotter kjempar for bruksretten til deler av det 1 1/3 laups bruket i Øvre Mundal, noko som må seiast å vera eit rimeleg stort bruk.¹⁶³ Birrete er syster til lensmannen i Lindås og tilhører såleis dei så vanlegvis eliteprega lensmannsslekter, men denne slekta er likevel ikkje den mest kjende lensmannsslekta.¹⁶⁴ Grete Olaussdotter er som Weincke Simensdatter frå Eidsvåg gard og mølle. I motsetnad til nabokona er ho ikkje nemnd som borgar, men tilgangen til møllene er likevel ein viktig ressurs som heller få hadde tilgang til. Guere Nielss Dotter har vi allereie møtt.¹⁶⁵ Det er ingenting som tyder på at ho skil seg ut frå den vanlege bonestanden. Ho leiger eit lite jordstykke på ½ laups leige som må seiast å vere eit vanleg bruk.¹⁶⁶ Sigrj Baardtzdotter er på tinget for eit einlaups jordstykke, og det er ingenting som fortel oss anna enn at dette er vanlege kvinner. Far til Anne Andersdotter Sunde stemner lensmannsson for mørkrenking, noko som tyder på at Anne er ung og ugift. Vi har ingen opplysningar som fortel oss at familien utmerker seg på noko vis, men til gjengjeld må sakvoldaren, lensmannsson, seiast å tilhøyre eit høgre sosialt lag i bondesamfunnet. Kanskje Anne og far hennar føler ei slottsstemning gjev dei ekstra slagkraft? Denne andre gruppa kvinner *kan* såleis tilhøyre øvre halvdel blant allmugen, men dette er vanskeleg å slå fast. Eg vil helst kalle dei vanlege kvinner, sjølv om ein må understreke at dei nok ikkje representerer det lågaste sjiktet.

Gruppa av kvinner som nyttar slottsstemning er såleis todelt. Ein kan slå fast at over helvta av kvinnene representerer ein elite i og rundt Bergen. Ut frå dette vil eg hevde at slottsstemninga er eit kjenneteikn eller særmerke for den sosiale eliten. Men som vi har sett, er gruppa delt. Også vanlege kvinner gjer seg bruk at slottsstemning. Vanlege i den forstand at dei hadde

¹⁶³ Det vert påstått at hennar avdøde mann har opplatt eit av dei fire punda av bruket til naboen. Ein laup er tre bismerpund, og fire pund vert då 1 1/3 laup. Hjelmtveit 1968:833

¹⁶⁴ Hjelmtveit 1968:833

¹⁶⁵ Sjå side 45-46

¹⁶⁶ Eit vanleg bruk låg mellom ½ til 1 laup.

ressurser til å skaffa slottsstemning. Det er vanskeleg å tenkje seg at dei fattigste og ringast stilte bondekvinnene ville vere representerte i denne gruppa.

Som nemnd har eg berre funne eit døme på skriftleg stemning, er dette vanskeleg å kommentere. Mykje kan likevel tyde på at dette også er slottsstemning:

"...forsamlede paa Haerug J for s: Arne skibred, Huor Erlig och Welb: mand Henrich Rantzou til Skoeneveide hans Thener och Fuldmechtige Oloff Rasmussen, ved Erlig och Welb: Henrich Tot til Beltuiggaard höffuitzmand paa Bergen huuss hans skrifftelig steffning J Rette ladet steffne, Lauritz Marchursen Thilholdendes paa for s: Haerug, formedelst nogen Wbequeme Ord hand paa Welb: Frue Sophia Lindenou (...) haffuer ladet falde"¹⁶⁷

Mi understrekning viser til at han som har skrive den skriftlege stemninga er hovedsmann, det vil seie lensherre, i Bergenhus. Med andre ord kan ein etter mi meining også sjå på denne stemninga som ei slottsstemning. Kvifor finn ein då så få skriftlege stemningar i Nordhordland midt på 1600-talet? Kanskje var det ikkje mange andre høve til å skaffe seg ei slik stemning. Svært få kunne skrive på denne tida, og ein måtte til ein embetsmann for å kjøpe seg eit slikt skriv. Og embetsmenn fann allmugen i Nordhordland stort sett i Bergen på slottet.

3.1.1 Stemning og roller

Handlingar og interaksjonar mellom menneske får somme tider konsekvensar i ei stemning. Ei kvinne vert stemna, ho stemner andre, eller ho vert dregen inn som vitne i ei sak. Eg har freista skilja mellom ulike roller kvenna har i høve til ei stemning.¹⁶⁸ Her taler eg altså om stemning generelt, og kjem ikkje til å skilje mellom slottsstemning, skriftleg eller vanleg stemning. Står ho sjølv bak ei stemning, eller er det ho som er stemna av andre? Tabellen under viser fordelinga mellom defensive og offensive roller.

Kvinner sine roller på bygdetinget i Nordhordland 1642-1668

Rolle	Tal på kvinner	Prosent
Defensiv	217	50,2
Offensiv	137	31,7
Andre	78	18,1
TOTAL	432	100,0

Tabell 2

¹⁶⁷ Tgb 1:f 38b Mi understrekning

¹⁶⁸ Sjå elles kapittel 1.3.3 Roller – eit metodisk grep

217 kvinner, eller helvta av alle kvinnene totalt i mine registreringar, har som vi ser defensive roller, det vil seie at dei har ei stemning retta mot seg eller verja. Talet må seie å vere overraskande lågt. Tilsvarande verdi for menn ligg noko høgre, 71,9%.¹⁶⁹ Kan så kvinner seist å vere mindre utsett for å verte stemna til ting? Så enkelt er det likevel ikkje. Mannen er overhovud i eit hushald eller på eit bruk, og når det gjeld saker som går på bruket og hushaldet, som til dømes forseinka landskuld, vil denne stemninga rette seg motmannens person. Slik vil menn på vegne av hushaldet i langt større grad ha defensive roller på tinget.

Omlag ein tredel av kvinnene har offensive roller, det vil seie at kvinna er den fornærma eller den offensive parten i saka. Stemninga går mot den som har gjort kvinna urett. Kvinner har i større grad enn menn roller som fornærma, nærmere bestemt 31,7% mot berre 20,7% hjå menn. dette kan tolkast på ulike vis, men også her lyt ein understreke korleis dei saker mannen har på vegne av hushaldet utgjer ein stor del av mannen sitt rollemønster. Dessutan må vi hugse på at menn er langt betre representerte på tinget enn kvinner. Det er heilt andre reelle tal ein her taler om. Men det må likevel understrekast at kvinnene også er godt synlege på tinget, og at dei aktivt forsvarar rettane sine. I det følgjande vil eg sjå nærmare på dei ulike rollegruppene.

3.1.2 Defensive roller

Som eg har gjort greie for i kapittel 1.3.3 Roller – eit metodisk grep, har eg delt defensive roller inn i fleire undergrupper. Tabellen under viser fordelinga på desse.

Kvinner sine roller under defensive roller i Nordhordland 1642-1668.

Defensive roller	Tal på kvinner	Prosent
Personleg stemna	170	78,3
Upersonleg stemna	14	6,5
Medskuldig	33	15,2
TOTAL	217	100,0

Tabell 3

Ser vi bort frå ”medskuldige” som *formelt* ikkje er stemna, ser vi at storparten av kvinnene vert stemna personleg, nærmere bestemt 79,2%. Tilsvarande tal for menn er 99,0%. Ektemann eller verje er ikkje kopla inn i denne delen av prosessen, men kvinna åleine. Ut frå dette meinar eg

¹⁶⁹ Tala er henta frå ein stikkprøve frå tingbok 2, 5 og 9 der eg har talt alle menn (i alt 1407) og definert kva rolle dei har.

ein kan slutte at kvenna er rettsleg ansvarleggjort. Ho må sjølv svare for eigne handlingar. Ein kan ikkje tale om rettsleg umyndige kvenner og samstundes stemna henne personleg for retten.

Nokre gonger er ektemannen sitt namn også nemnd i stemninga sjølv om det er kvenna som er stemna: ”*Joen Røsselands Koene, Charj var steffnet*”.¹⁷⁰ Det kan synast som at det er mannen som er i fokus i stemninga, men eg har rekna det som ein tale- og skrivemåte. Det er mange kvenner og menn med same namn, det kunne til og med vere fleire Charj’er på same gard. Ein del kvenner vert då referert til mannen sin som i dømet over.¹⁷¹ Eg har valt å definere desse kvenne også som personleg sakvoldar, og den store overvekta av personlege sakvoldarar i høve til upersonleg sakvoldar viser at kvenner i hovudsak vert sett på som rettslege myndige individ.

Ei lita gruppe er stemna upersonleg, det vil seie 14 kvenner eller 6,5% av kvennene med defensive roller. Det er ektemannen eller annan verje som er stemna for kvenna sine handlingar. Åtte av desse kvennene er gifte, og det er i hovudsak ektemannen som er hovudpersonen i stemninga.¹⁷² Dømet viser at ektemannen vert stemna for det kvenna har gjort:

”*Fogdenn steffnt Rassmus Toffting, for at hands Quinde haffr dragit till (...) Qualvog (...) och Slodzherren nogle gange wed Strenge schriffuelser haffe forbödit, at ingen schulle komme till den grd (...)*”¹⁷³

Her vert kvenna sjølv sett til side som eit umyndig born, og ektemannen må svare for hennar handlingar. På ei anna side vil ei eventuell bot gå frå hushaldet sine verdiar, og handlinga får såleis dels konsekvensar for henne sjølv. Tre kvenner er ugifte, og følgjeleg er det far deira som tek imot stemning på vegne av dottera.¹⁷⁴ Den siste kvenna som vert stemna upersonleg, er enke. Her er det svogerens hennar som i tillegg til henne sjølv, vert stemna.

”*(...) ved vor Kiere SlotzHerres steffning J Rette haffde ladet steffne Grete Olauss Dater med hendes Suoger Lauritz Jacobsen for Adschillig (...)*”¹⁷⁵

Dette er som vi skjørnar høgst uvanleg: eg har berre funne to døme på enker som vert stemna upersonleg. Storparten av enkene vert stemna personleg. Dei er overhovud i eige hushald, og er i praksis si eiga verje. Følgje lova skulle dei som enker også ha ei lovverje som dei i minste

¹⁷⁰ Tgb 1:f 30b

¹⁷¹ Det må likevel understrekast at dette berre gjeld for kvenner: ingen mann vert nemnd som kona sin mann. I få tilfelle vil menn vere referert til far sin, og særleg ser dette ut til å gjelde eliteprega slekter. Peder SmørAasis Søn er døme her. Peder er lensmann i Skjold Skipreide, men sonen som er hovudpersonen her får vi ikkje eingong vite namnet på. Dette vil eg ikkje gå nærmare inn på dette her.

¹⁷² Alle bortsett frå ei kvenne, der procuratoren er hovudpersonen i stemninga. (sjå tgb 1:f 57a)

¹⁷³ Tgb 5:f 54b

¹⁷⁴ Sjå tgb 4:f 29a, tgb 3:f 68a, tgb 2:f 2b

fall burde rådføre seg med, men i praksis ser det ut til at enka i liten grad nyttar seg av nokon verje.

Då menn ikkje har verjer, kunne ein rekne med at berre kvinner er stemna upersonleg. Dette stemmer likevel ikkje heilt. Nokre få menn vert også stemna upersonleg som Jacob Møller:

*"Ibe Jacobsen eftter Indstefning loed Jacob Møller Ved hans fuldmegtig Tomas Hansen i Rette
fordre"*¹⁷⁵

Når kvinner vert stemna upersonleg, er det stort sett ektemann eller annan nær slekt som vert involvert. Til hennar motsetnad vert Jacob stemna ved sin fullmektig. Vi aner her gode ressurser og ei høgre sosial posisjon i bondesamfunnet. I to saker er hovudpersonen død, og nær slekt vert følgjeleg stemna på vegne av dei. I ei siste sak vert far til mannen stemna, og vi kan gå ut frå at mannen er ung, kanskje under 25 som var grensa for den fullmyndige mannen.¹⁷⁷

Ei mindre gruppe kvinner har eg kalla medskuldig. Dette er kvinner som følgje lova skulle vore stemna, av di dei er medskuldige i eit lovbro. Det er her snakk om ein spesiell sakskategori, nemleg seksualsaker.¹⁷⁸ Dei fleste sakene er ekte leiermål: kona er komen for tidleg i barselseng etter bryllaupet.¹⁷⁹ Det skulle ikkje vere tvil om at kvinna også er skuldig i leiermålet, men kvifor er ho då ikkje stemna? Er det sedvane at berre mannen vert stemna for tidleg barsel, eller er kvinna blitt umyndig og stilt under mannen no som ho er gift? Materialet mitt viser *ingen* gifte kvinner som vert stemna for å ha kome for tidleg i barselseng. Alle sakene viser at det er mannen åleine som vert stemna, og det er også han som vert bøtlagt. Dette tyder likevel ikkje at kvinna slepp frå det umerkt: namnet hennar vert offentleggjort i saka, og ikkje minst går bota frå deira felles hushald. Eg meiner dette viser oss at noko skjer kvinna si rettslege stilling når ho vert gift. Dette vil er derimot kome attende til seinare.

Ein skulle gå utifrå ovannemnde at menn ikkje kan ha rolla som medskuldig, i og med at kvinna aldri ville vore stemna på vegne av seg og mannen. Det er likevel særskilde omstende som gjer

¹⁷⁵ Tgb 1:f 10b

¹⁷⁶ Tgb 9:f 32b

¹⁷⁷ Jamfør kapittel 1.2.3 Lovene

¹⁷⁸ Med eit unitak er det snakk om skuldingar om seksuelle "utskeiingar". Unntaket er ei sak der mannen vert stemna for at han og kona ikkje har vore til nattverd på ei tid.

¹⁷⁹ Sjå nærmare om leiermål i kapittel 4.3.2 Seksualsaker. Leiermål er ulovleg seksuell samkven. Eit leiermål er ekte om paret giftar seg. Døme tgb 4:f 56a

at mannen i første omgang unngår stemning. Han kan til dømes vere rømt, og kan då ikkje stemnast på lovleg vis. I 1667 vert Marite Lauritzdatter stemna for å ha avla born med bror sin, Oluf.

*"Da bekiende nu for Retten (...) at hendis Kiodelige Broeder Oluf Lauritsen hafuer Besofuet hende (...) som for denne misgierning er bort Rømbt."*¹⁸⁰

Stikkprøven min viser seks liknande tilfelle, i dei fleste tilfelle er mannen rømt eller til dømes soldat. Å vere medskuldig er likevel ei rolle som er særmerkt for kvinnene sjølv om omstende kan gjere også mannen medskuldig.. Kva fortel dette oss om kvinna si stilling? På den eine sida kan ein tolke det slik at den som tek imot stemning på vegne av eller saman med andre, til ei viss grad er ansvarleg for vedkommande sine handlingar. På same vis som foreldre vert stilte ansvarlege for borna sine handlingar i dag, vert verja involvert på tinget som følgje av kvinna. Ei anna tolking er at verja ikkje må svare for, men skal på grunnlag av monaleg større erfaring hjelpe kvinna i ein rettsleg prosess. Verja er meir ein hjelpar enn ein oppsynsmann. Eg meiner sistnemnde tolking er den som er mest sannsynleg.

3.1.3 Offensive roller

Fordelinga på undergruppene i dei offensive rollene er noko jamnare for kvinner enn i defensive roller. Tabell 4 viser korleis kvinner fordeler seg på desse.

Kvinner sine roller under offensive roller i Nordhordland 1642-1668.

Offensive roller	Tal på kvinner	Prosent
Saksøkar: stemner personleg	55	40,1
Saksøkar: stemner upersonleg	54	39,4
Passiv saksøkar	28	20,4
TOTAL	137	100,0

Tabell 4

Vi ser at kvinner ikkje berre har høve til å stemne, men dei stemner i praksis andre for retten. 55 kvinner er personleg saksøkar, det vil seie at dei står personleg bak stemninga. Denne gruppa er oppsiktsvekkjande og viser at kvinner tek personleg affære for å forsvare eller krevje rettane sine. I motsett fall er det andre som stemner på deira vegne. At kvinner stemner andre personar for retten viser at tinget er ein institusjon også kvinner nyttar seg av. Dobbe peika på tinget som ein konfliktløysande instans for allmugen, og vi ser at dette også gjeld kvinner.

¹⁸⁰ Tgb 9:f 18b

Kvinner er altså ikkje ei gruppe som berre vert kontrollerte ved hjelp av tinget, men dei både kontrollerer og vert kontrollert ved bruk tinget.

Om lag like mange kvinner er personleg saksøkar som upersonleg saksøkar, nærmere bestemt 54 kvinner. Andre utfører stemninga på vegne av kvenna, men det er framleis kvenna som står i fokus for stemninga.¹⁸¹ Eit stort fleirtal, 32, av upersonlege saksøkarar stemner ved ein fullmektig eller procurator¹⁸². Dette gjeld i hovudsak enker, men også fire gifte og ei ugift kvenne nyttar fullmektig. Andre nyttar ektemann, nær slekt, fut eller andre. Skilnaden er at det ikkje er kvenna som stemner lenger, men nokon stemner på vegne av ho. Ho er likevel framleis med i avgjersla, og stemninga står i hennar namn. Eg meiner ein kan sjå på det som at ho hyrer andre for å stemne.

Også menn er upersonleg saksøkar, og under offensive roller utgjer denne rolla 23,7%. I all hovudsak stemner mannen med sin tenar, fullmektig eller procurator.

*"Hendrik Frisch wed Hans Fuldmegting Laurs Walter steffnt Johannis Røtued vdj Gullen"*¹⁸³

Frisch kjenner vi som borgar i Bergen, og tilhøyrande ein sosial elite.¹⁸⁴ Desse nyttar heller hyppig fullmektig og procurator i retten, og ved ein rekke tilfelle er dei ikkje til stades sjølv, men let sin fullmektig føre saka og eventuelt inngå forlik.

I tillegg til sakene der kvinnene er upersonlege saksøkarar, er det 28 tilfelle der andre stemner utan at det er teikn som seier at kvenna sjølv står bak som initiativtakar. I desse tilfellene har eg kalla kvenna ”passiv saksøkar”. Like fullt er det ho som er den fornærma parten i saka:

"Lensmanden Steffnndt Elling och Rasmus i Selle for deris Wermoder Karen som er en gammel

*Quinde, de iche wille vnderholde, och ald LaugRetted berettet at hun gaar Vndertiden och Teger"*¹⁸⁵

Det er Karen som har rett til underhald, og øvrigheten har ingenting å vinne på at lov og rett vert halde i hevd her. Ein kan einaste innvenda at allmugen slepp belastninga med ein tiggjar om Karen får det ho har rett på. I dette tilfelle er det lensmannen som stemner, og det ser ikkje ut til at Karen har hatt noko med stemninga å gjere i det heile, men dette kan vi likevel ikkje slå fast. I tre av sakene er kvinnene døde, og det seier seg sjølv at andre må ta seg av stemninga og

¹⁸¹ Sjå til dømes tgb 3:f 65b

¹⁸² Sjå nærmare om fullmektig i kap. 2.3.2 Representasjon

¹⁸³ Tgb 2:f 56a

¹⁸⁴ Sjå også fotnote 133

saka. Det seier seg også sjølv at vi i denne kategorien finn offentlege stemningar, det vil seie at futen eller andre embetsmenn stemner på vegne av øvrigheter.

31 saker viser også menn som passive saksøkarar. Det er ukjent kven som stemner, men vedkommande er usett for til dømes vald:

*"Iffuer Rødznes bleff steffnt for at hand haffde Slagit Rasmus Rødznes en Vdleffuit gammell Mand"*¹⁸⁶

Samanlikna med kvinnene i defensive roller, er det i denne rollegruppa i større grad involvert andre enn ho sjølve. Korleis kan det ha seg at kvinner står åleine i mykje større grad når ho vert stemna enn når ho går til sak? Er ho overlate til seg sjølve når ho får sak mot seg, eller ser ho fordel i å dra hjelp og støtte frå andre idet ho skal stemne andre? Dette kan på eine sida tolkast slik at verja berre er interessert i å opptre ved sida av henne når ho er fornærma. Det er ei langt meir ubehageleg oppgåve enn om ho er stemna. På ei anna side har kvinna ingen innverknad på ei stemning retta mot ho sjølve. Ei anna og meir sannsynleg tese er at kvinna ser det som positivt at verja, lensmannen eller andre er med ho og stør henne i stemninga.

3.2 Kvinner og frammøte

Som vi var inne på i kap 2.2 ”...For/schreffne Bønder møtte...” er frammøtet noko varierande gjennom heile perioden. Døssland skildra det generelle møtefråfallet som stort. Mange saker må takast opp att ved eit seinare ting, eller avgjerast hos futen.¹⁸⁷ Korleis er frammøte til kvinnene? Er det store ulikskapar i hove til menn? Møter kvinna personleg eller møter andre for ho på tinget? Dette er spørsmål eg vil ta opp i dette kapitlet.

Det som først og fremst kan seie oss noko om frammøtet er innslaget av stemnefall i tingbøkene. 31 eller 7,2% av kvinnene vert dømd for stemnefall. Eg gjer merksam på at dette berre gjeld hovudpersonar i ei stemning. Vitne som var kalla inn men ikkje møtte, vert ikkje dømde til stemnefall. Talet er høgt i hove til at møteplikta var lovfesta, men ting kan tyde på at talet har vore enda høgre for menn. Når kvinner i større grad er offensive på tinget enn menn, er det ikkje unaturleg at ho også i større grad møter. Når det er ho som stemner er det klart at

¹⁸⁵ Tgb 3:f 61b

¹⁸⁶ Tgb 5:f 50b Mi understrekning: det er altså Rasmus det er snakk om her.

ho har fordel av å møte. Dessutan kan ein tenkje seg at saker som går på å ikkje ha møtt på vardevakt, eller å halda bryllaup for lenge, lett kan sjåast som lite meiningsfulle og uviktige. Det er dermed lettare å la vere å møte opp. Ein kan tolke stemnefall som ein måte å opponere mot øvrigheita på. Det er også interessant å sjå at storparten av stemnefalla er henta frå dei fem første tingbøker. Berre tre av 31 stemnefall er frå dei fem siste tingbøkene. Kan dette tyde på ei innstramming av allmugen si haldning til møteprikta?

Ein kan i alle fall slå fast at det ulovlege fråværet til kvinnene minkar over tid. Ein må vere merksam på at det heile tida er små tal ein opererer med. Ti tingbøker er dessutan i minste laget for å seie noko om ei tidsmessig utvikling. Det er likevel svært interessant å peike på, og eit aktuelt tema for andre å forske vidare på. Kva kan eventuelt denne nedgangen skuldast? Fleire forskrarar har peika på ei generell innstramming av rettspraksis.¹⁸⁸ Kan dette gje utslag også på frammøte? Her ville eit innsyn i sakefallslistene gje meg noko av svaret. Det er lett å tenkje seg at til dømes ei slapp innkrevjingspraksis i den tidlege perioden ville føre til ei meir likegyldig haldning til frammøtet. Omvendt kan nedgangen i fråfall kanskje skuldast ei meir streng bøteinnkrevjing? Kanskje nye embetsmenn ville stramme inn politikken, og innførte ein langt strengare praksis der få slapp unna. Sterkare botstrussel skulle normalt få møtefråfallet ned. Her har me ingen haldepunkt å gå etter, men vi ser at nedgangen kan ha fleire årsaker.

Blant sakene som endar som stemnefall, er ni sakstypar er representert. Dette speglar det generelle saksomnsteret med flest æressaker, leigesaker og seksualsaker. Ingen sakstypar merker seg ut positivt eller negativt, og fråværet må seiast å vere generelt. Ut i frå dette er det enda lettare å sjå på stemnefall som ei form for motstand mot øvrigheiter. Det er ikkje visse saker som er ubehagelege å møte for på tinget, men det er meir ei generell uvilje til å møte på tinget.

3.3 Kvinner som aktører på tingsamlinga

I saksgangen på tinget må partane svare for seg og føre bevis.¹⁸⁹ Argumenta frå begge partar vert lagt fram, eventuelle vitne vert kalla fram for å avgje prov. Ein kan oppstre på eiga hand, eller nytte talerøyr, fullmektig eller procurator for å føre sak eller tale for ein. I kva grad

¹⁸⁷ Soning, sjå side 12 og 15. Døssland 1998:125

¹⁸⁸ Mellom anna Telste hevdar at auka i seksualsaker i stor grad skuldast ei endring i innstemningspraksis.

opptrer kvenna sjølve på tinget, og kven er det som eventuelt representerer henne? I dette kapittelet vil eg drøfte kvenna som aktør på tinget. Kva roller har kvenna på tinget?

Somme gonger er det uråd å sjå kven som taler eller presenterer argumenta. Eg har gått ut ifrå at personane er til stades om det ikkje vert sagt noko anna eller kravd dom om stemnefall. Men om vedkommande har *møtt* på tinget, treng ikkje tyde at han eller ho *opptrer* på tinget.

Dette er tilfelle i 156 saker. Her kan ein verken hevde det eine eller andre. Vidare veit vi at kvinna ikkje er til stades og naturleg nok ikkje opptrer i 55 saker. Om ein jamfører dette med førre kapittel som hevda berre 31 stemnefall, kjem ein i overskot. Dette skuldast i hovudsak kvinnene som eg har kalla ”Medskuldig” som ikkje har ei formell stemning på seg og vert heller ikkje dømd for stemnefall. Det same gjeld dei som er kalla inn som vitne. Vidare har seks av dei lovleg fråfall, og ei kvinneleg citant møter heller ikkje. Saka vert utsett utan at kvenna får stemnefall for det.¹⁹⁰

3.3.1 Kvinner opptrer på vegne av seg sjølve

For dei resterande to tredjedelar møter og opptrer kvenna på tinget i heller stor grad sjølv. 140 kvinner opptrer på tinget, uansett kva rolle ho har. Kvinner opptrer som saksøkar, sakvoldar, vitne eller talerøyr. Ofte går det ikkje fram av teksten om til dømes citanten opptrer. Nokre gongar ser det berre ut som at det er den innstemnde som legg fram argumenta sine, mens citanten held seg passiv. Talet på kvinner som opptrer på eiga hand kunne difor vore høgre. Eg har likevel valt å halde meg til minima, og berre la klare bevis telje.

*“Doritte Johans dotter en hussquinde imellom Hoernis och Steen boendis, proffuede lige det samme
Som for. Laurs.”¹⁹¹*

Her er det ikkje tvil om anna enn at Doritte opptrer på tinget på eiga hand, og legg fram sitt vitneprov. ”Proffueder” er eit aktivt verb, og Doritte er subjektet. Det er ingen som taler på hennar vegne, men ho står bokstavleg i retten og seier fram vitneprovet sitt. Ut frå dette meiner eg det er rimeleg å hevde at kvenna oppfattar seg sjølv som, og er av samfunnet oppfatta som eit sjølvstendig rettsleg individ. Rettsvesenet misser ikkje verdi eller truverd om kvinner opptrer, tvert om er desse kvinnene med å oppretthalde tinget som institusjon.

¹⁸⁹ Her skal ein ikkje tenke bevis i våre augo, men meir sannsyn. Sjå til dømes kap 2.3.1 Vitne.

¹⁹⁰ 11 Medskuldige, 6 vitne, 6 kvinner med lovleg fråvær og 1 citant som ikkje møter.

¹⁹¹ Tgb 5:f 83b

3.3.2 Andre opptrer på vegne av kvenna

I 81 saker opptrer andre på kvenna si vegne. Dette kan enten skuldast at kvenna ikkje kan eller vil møte på tinget, men det er også tilfelle der kvenna er til stades i retten, og likevel let andre tale for seg. Vi skal sjå nærare på kven som representerer henne i retten. I tingbøkene 5,7 og 9 fann eg 65 saker der menn var representerte med talerøyr. Desse kan ein igjen delast opp i offentlege tenestemenn, nær slekt¹⁹², fjernare slekt¹⁹³, tenarar, naboar og andre. Tabellen under gjev oss ei oversikt over desse og fordelinga mellom dei.

Kven er talerøyr for menn på tinget i Nordhordland 1642-1668?

Kven er talerøyr?*	Tal	Prosent
Offentlege tenestemenn	5	7,7
Nær slekt (tre av desse er ektefellen)	18	27,7
Fjernare slekt	2	3,1
Tenarar	3	4,6
Naboar	8	12,3
Andre	29	44,6
TOTAL	65	100,0

Tabell 5 *= tala er frå tingbøkene 5,7 og 9

Vi ser ut frå tabellen at hovudvekta av talerøyr ligg på nær slekt og andre. Desse utgjer til saman om lag tre fjerdedelar av tilfella. Eg fann det overraskande at fleire utanforståande er talerøyr for menn enn nær slekt. Overraskande av di eg venta at talet for talerøyr ville vere høgre dess nærare sosiale og emosjonelle band talerøyret hadde til hovudpersonen. Tabellen under viser tilsvarende tal for kvinner og talerøyr. Eg gjer merksam på at kjeldematerialet for dei to tabellane er ikkje det same. I alle høve er formålet med tabellane å vise hovudtrekk.

Kven er talerøyr for kvinner på tinget i Nordhordland 1642-1668?

Kven er talerøyr?**	Tal	Prosent
Offentlege tenestemenn	3	8,6
Nær slekt	20	57,1
Fjernare slekt	3	8,6
Tenarar	1	2,9
Naboar	2	5,7
Andre	6	17,1
TOTAL	35	100,0

Tabell 6 **= tala er frå tingbøkene 5-10

¹⁹² Innan same hushald: foreldre, born, ektefolk

¹⁹³ Søsken, svoger og så bortetter

Over halvparten av talerøyra for kvinner er nær slekt, og dette er i hovudsak ektemannen. Hovudforskjellen mellom menn og kvinner er som tabell 5 og 6 viser at kvinner i all hovudsak stør seg til nær slekt. Menn stør seg i større grad til andre utanom slekt og hushald som vener, kjende og liknande. No er mange av desse sakene “masseinnstemningar” for landskyld der store grupper av bønder vert stemna av same jordeigar eller forvaltar. Det er sjeldan at alle møter, og dei som møter er talerøyr for dei som ikkje er til stades. Dette forklarar likevel ikkje hovudtrekka. Det er nærliggjande å forklare ulikskapen mellom kvinner og menn med verjeinstitusjonen, og tru at verja spelar ei viktig rolle også på tinget. Så enkelt er det likevel ikkje.

Sjølve omgrepet “verje” har eg ikkje kome over i dei tingbøkene eg har arbeidd med, derimot omgrep som “hindis Mand”, “broeder” eller “Søn”. Eg har likevel rekna med verjeinstitusjonen av di det nettopp er desse nærmeste mannlege slektingane som er å rekne for kvinna si verje. Men representerer dei henne som nær slekt eller i rolla som verje? Det er uansett naturleg å tenkje seg at kvinna gjennom dagleglivet var meir knytt til dei ho fysisk har nærest rundt seg. Mannen hadde av ulike årsaker større sjanse til å knyte kontaktar utanfor gard og slekt. Det var han som reiste på fiske og handel, og hadde såleis større kontaktflate.

Bruk av fullmektig er heller ikkje ukjent for kvinner: frå tingbøkene 5-10 finn ein altså 35 døme på bruk av talerøyr og 13 døme på bruk av fullmektig.¹⁹⁴ Her gjeld som for menn: dei fleste av desse går att fleire gongar og for ulike “klientar”.

“War (....) forsamblit, Retten at betienne, Komb for os i rette Johanne Knudz dotter Aff Sorter Skibred, medsambt hindes Fuldmegtig procurator Hans Mattisønn, som haffde steffnt Mortenn Hoernis boendis i Skiod Skibred, hannom tilltallede for at hand hinde haffde besoffuit, och i hindes barnefødsel beloffuit hinde Ægteschabff, (....) ”¹⁹⁵

Hans Mattisønn kjenner vi att frå kap 2.3.4 Fullmektig, og det er interessant å sjå korleis han vert tiltala: fuldmegtig procurator. Termen procurator gjev Mattisønns rolle eit enda meir

¹⁹⁴ Dette er minimumstalet. Eg ser ut frå namna at det er fleire. Eg har likevel ikkje teke med dei som ikkje er kalla fullmektig i tingbøkene. (Døme Poul Wilhelm er kalla fullmektig i tgb 7:f 1a, men i tillegg opptrer han på vegne av Brantseflor Bilds i tgb8:f 16b/17a. Eg har berre teke med den første av di han her er kalla fullmektig.) I to av dei 13 tilfella er det to fullmektiger. Eg har rekne dette som eit tilfelle av di det er ei sak og ei kvinne.

¹⁹⁵ Tgb 5: f 84a

profesjonalisert preg. Det er hevda at procuratorvesenet var eit byfenomen, og saka ovanfor foregår då også på Bergen Raadstue.¹⁹⁶

Dømet ovanfor viser nok ikkje gjennomsnittet kva kvinna gjeld. Som vi tidlegare har sett var ein del av dei kvinnene som brukar fullmektig eller procurator er tydleg kvinner frå den betre stand: Welb. frue Kiersten Bilds, jomfru Christense Juell og Gouicke S. Hermand Frisches for å nemne nokon.¹⁹⁷ Desse utgjer 6 av 13 saker. Det er ikkje opplysningar som seier anna enn at dei resterande kvinnene er kvinner frå allmugen. Også dei nyttar altså fullmektig, men dette er noko meir sjeldan. tendensen er at elitegruppa i større grad nyttar fullmektig og procurator.

Kvinner vert altså representerte på tinget, kanskje i litt større grad enn menn. Kva fortel dette oss om hennar posisjon eller stilling på tinget? Eg har allereie hevda at bruk av fullmektig ikkje treng tyde på ein underordna status. Snarare tvert imot kan dette sjåast på som eit teikn på ressursar og høgre sosial status. Det er ingenting som tyder på at det er ei nedvurderande rolle å bli representert. Vidare ser det ut til at kvinner vert representerte om lag på same vis som menn, men med større vekt på representasjon av den nære familien som talerøy. Det er naturleg å tenkje seg at kvinna vil nytte personar som ho kjenner godt og har tiltru til. Også verjeinstitusjonen kan vere med å forklare årsaka til denne skilnaden mellom kvinner og menn.¹⁹⁸ Eg trur likevel ikkje den er einerådande.

3.3.3 Kvinner representerer andre

I nokre få særskilde tilfelle er det kvinna som representerer andre på tinget, ho er talerøy med andre ord. Det må understrekast at kvinner *aldri* opptrer som fullmektig eller procurator. I ni saker er kvinner talerøy for andre, og møter for ektemannen i fem av sakene:

"Arp Dunker Guldsmed i Bergenn Citerit Knud Botolffs. SollissVigen, for 2 Sølff Spenner och tre Brude ringer forgylt, som belöper sig till 4 Rx dlr 1 mrk, hans Quinde Møtte i rette och som det wedgik saa att were, och gaff tilkiende at hand for faa dage siden bekom dett igjen (...)"¹⁹⁹

¹⁹⁶ Sjå kap. 2.3.2 Representasjon

¹⁹⁷ Ut frå namna og sakene reknar eg desse kvinnene som ”den betre stand”: Gouicke H. Frisches (tgb 5:f 49b), Christense Juell (tgb 5:f 65b), Kirsten Bildes (tgb 6:f 26a/tgb 7:f 1a/tgb 9:f 2b), Karen Mouat (tgb 10:f 17a) Juell og Bildes er namn ein kjenner frå eigarrekka til Lungegården.

¹⁹⁸ Eg vil likevel ikkje setje dette som eineforklaring: ting tyder på at verjeinstitusjonen ikkje er så rådande som ein skulle tru ut frå lovverket. Eg tenkjer særleg på dei ugifte kvinnene som i stor grad står åleine når dei vert stemna i seksualsaker.

¹⁹⁹ Tgb 5:f 69b

Vi ser at det berre er mannen som er stemna, og kvinna har inga rolle i høve til stemninga. Det er mannen som har handla hos gullsmeden. Hennar rolle her på tinget er å formidle mannen sitt svar på tiltale og hans vitneprov i saka. Det vert ikkje spurt eller sagt noko om kvifor mannen ikkje kan møte personleg, og det same gjeld dei andre tilsvarande sakene. Kvinna taler på mannen sine vegne, enten det er ei gjeldssak som over eller leigesak:

"Den Sag effter Opsettelsse om Schatt til Ko. Ma. aff Hundstad Møllendal och Tarlebøe (...) Christian Tarlebøes Høstru møtte, och sagde at hindis Mand gierne wille betale Kongen sin shcatt, lige som andre Lejlendinger. Dog at hand der Imoed motte forschaanis for dend stoere Arbed, som hand hidintil har motte giøre Aarligen til Eyeren paa Lungegaarden (...)"²⁰⁰

Her må sjølvsagt ekteparet betale skatten frå sitt felles hushald, men det er likevel mannen si sak. Kvinna fortel retten at *"hindis Mand gierne wille betale"*²⁰¹, og hennar meining om saka har tydleg ingen plass i saksgangen. Det er mannen sin uttale som skal formidlast. At dette også gjeld i saker som dreier seg om jord og fast eigedom, er ikkje sjølvsagt. Sjöberg har gjort liknande undersøkingar i Sverige og hevdar at *"Inte heller förekommer det att en hustru skulle ha ersatt sin man i rätten i ärenden som rörde jord."*²⁰² I Nordhordland ser vi eit fåtal tilfelle av nettopp dette.

*"Peder Jenssen Bye Foget i Bergen haffuer Ladet steffne ved Slotz Steffning Michel Offre Fylling formedelest hand haffuer sig Ingfört paa gaarden (...) Och paa det Sidste blefft de med hans hustrue Charen Thomess Dater forligte, Michel for Thiffue Rx dlr (...) huilche penge schal vere betald enden de Saaer Jorden, Och Ragte deriss hender derpaa."*²⁰³

Karen forlikast med byfuten på vegne av mannen om bygsel av bruket på Øvre Fyllingen, som han meinte dei ulovleg hadde tileigna seg. Sjølv om mannen er overhovud i hushaldet, er det kvinna som ikkje berre er talerøy for han, men inngår også forlik i saka.

Men kvinner er ikkje berre talerøy for ektemannen, ho kan også representere andre. Tre av dei resterande sakene viser kvinna som talerøy og representant for tenrarar og ugifte menn.

Kvinnene er i desse sakene enker:

*"Niels Loss steffift Lars Olssen for 2 Rdr och 1 Smalle som hand Loffuede hannem for hand gaff ham
Löss aff hans Tiennist, førend hans Aar war Omme. Margrette Monstad møtte paa Drengens Weigne,
och sagde at Drengen wille iche tiene Niels Loss Lenger, Men paa det hand Kunde slippe hans
Tiennest, sagde hand for Niels at hand wille leje halffparten i gaarden met Margrete (...)"²⁰⁴*

²⁰⁰ Tgb 7:f 33a

²⁰¹ Mi understrekning

²⁰² Sjöberg 1992:154

²⁰³ Tgb 2:f 11a

²⁰⁴ Tgb 7:f 24a

Kvifor Laurs lot seg representera, veit vi ikkje. Som ugift mann kan det vere at ein manglar tyngd og difor sender andre for å svare for seg. Men kvifor då ei kvinne? Ei enke vil nok i dei fleste tilfelle har større erfaring og dermed innverknad på tinget enn ei ung, ugift mann. Margrette og Laurs har tydleg òg nære personlege band idet ho vil dele gardsbruket med han.

To saker viser Wenniche Simens Dater som både stemner *og* taler i retten på tenaren sin, Joen sine vegne. Tenaren er blitt urettvist behandla og er både utskjelt og slått.²⁰⁵ Den siste saka overraska meg noko: her ser me ei ugift tenestejente som er talerøyr for husmora si. Husmora er ingen hovudperson i stemminga, men skal vitne i ei æressak der ei kvinne tek fatt i skuldingar om at mannen hennar skal vere barnefar til eit uekte born. Husmora hjelpte nemleg til under fødselen til det nemnde barnet. Ho kan ikkje møte personleg, men sendte

*"hendis pige Susanne Nielsdatter nu for Retten møede, denne hendis Vndschylding at giøre, Och berettede ellers at forschreffne hendis Madmoeder hørte af Cathrine Lamers at Peder Laursen war hendis barne fader (...) Och gjorde Susanne hindis øed met opRagte fingre at hindis Madmoeder saadanne ord for hinde sagt hafr"*²⁰⁶

At Susanne som ugift tenestejente opptrer på tinget som talerøyr er sjeldan. Ho er den einaste av dei talerøyr eg kjenner til, mannleg som kvinneleg, som er ugift. Dette slær litt hol på tanken om at ein er representant på grunn av den erfaringa og røynsla ein sit inne med. Kanskje dette ikkje alltid har så stor verd trass alt? På ei anna side kan ein tenkje seg at husfrua ikkje hadde andre ho kunne sende, eller at dette med barn og barnefødsel er noko som høyrer kvinnesfæren til og at det nettopp difor er naturleg å sende den nærmaste kvinnen.

Vi har sett at kvinner med ulik sivilstatus er talerøyr for andre. Den ugifte Susanne er nok likevel unntaket i denne samanheng. Det som er felles for dei alle er at dei representerer berre menneske dei kjenner godt og har nær tilknyting til. Ektemann, tenar og husmor høyrer til same hushaldet som kvinna sjølv, og drengen Laurs og Margrette vil eg hevde også har eit nært personleg forhold.

²⁰⁵ Tgb 1:f 17a og tgb 1:f 17b

²⁰⁶ Tgb 9:f 14b Sjå også sitat side 19.

3.3.4 Kvinner er vitne i andre saker

I 71 saker er kvinner vitne i saker som ikkje gjeld deira eigen person. Ting dei har sett eller hørt kan gje utfyllande opplysningar i ei sak. Stort anna bevismateriale har ein sjeldan tilgang til, og vitneprova må seiast å vere særsviktige i rettargangen.

*"Ingeborg Mogensdatter och Ingeborg Nielsdatter som haffde betient Quindfolch da hun føede sitt foester och Var i sin barsel Nøed beKiende, at hun førend hun Kom i barsell Nøed och Imidler tid hun Var Helbred, beKiende hun for dem at en Ombløbende Schoelmester Var hendis barnefader"*²⁰⁷

Eit vitneprova har stor verd, og ein sit att med inntrykket at få eller ingen vitneprov er sett på med tvilsame auge. Det vert slik eg ser det teke på alvor i alle høve. Til gjengjeld vert gjerne det same prova fleire gongar, og det er tydleg sett på som fordel at flest mogleg står opp om same erklæringa.²⁰⁸ Vitnet har ingenting nytt å føye til i vitneføringa, men er like fullt med i saksgangen, og avsluttar gjerne høgtidleg med å sverje eid. Eg meiner ein kan oppfatte ei slik oppattaking som ei ”forsterking” av provet eller beviset i saka, som gjer at hovudpersonen får ei sterkare sak. Ei einaste gong vert ei kvinne sitt vitneprov sett på med tvil:

*"Baldtzer Wirtmand formeente at Marj Buchens Vidne iche burde were gyldig, eftterdj at hun har forseet sig i sit Egteschab met Lejermaal."*²⁰⁹

Saka dreier seg om ein gift mann som er skulda for å vere barnefar til eit uekte born. Av di kvinna som vitnar er skuld i ekteskapsbrot vert det stilt spørsmål om vitneprovet kan vere gyldig. Det går ikkje fram av tingbøkene om denne kommentaren får følgjer, og saka kjem heller ikkje igjen i perioden eg har granska. Det kan like godt vere eit frekt forsøk på å føyse bort eit vitneprov. Det må understrekast at dette er einaste kommentaren i sitt slag, og må reknast for eit unntak. Men vert vitnet sett i tvil av di ho er kvinne eller av di ho har same ”kriminelle” bakgrunn? Kvinner som hjelpte til under fødsel ville ofte høyre kvinna tilstå kven barnefaren var om ho ikkje hadde gjort dette kjent tidlegare. Med tanke på den rolle kvinnernas vitneprov spelar i liknande saker, ser eg vanskar med å nedvurdere verdien av desse. Då er det etter mi mening meir sannsynleg at dette er eit forsøk på å minske vitnet si truverd på tinget med å vise til ei kriminell gjerning som leiermål i ekteskapet.

6,8% av mennene frå stikkprøva er også vitne i andre saker.²¹⁰ Talet er som vi ser noko lågare enn for kvinnene. Kvifor er kvinner meir aktive som vitne enn menn? Har dei meir tilgang til

²⁰⁷ Tgb 10:f 9b

²⁰⁸ Sjå til dømes tgb 9:f 17a

²⁰⁹ Tgb 9:f 14b

informasjon, eller er menn meir tilbakehalden med å involvere seg i andre saker? Igjen må ein understreke den avgjerande vekta av saker der menn er stemna på vegne av hushaldet. Dette er ei så monaleg mengd at dei resterande rollene automatisk minkar i prosentpoeng. Saksmonsteret er også viktig her: menn er svært ofte med i leigesaker, øvrigheitsmotstand og liknande, og dette er saker der det sjeldan vert ført vitne.

Nesten helvta av sakene der kvinner vitnar, er æressaker og seksualsaker.²¹¹ Dette er sakstypar som ofte engasjerer kvinner meir enn menn.²¹² Det er ting som ofte utspeler seg på heimefronten der kvinne har oversikta. Dette er likevel ikkje god nok forklaring på skilnaden mellom kvinners og menns engasjement som vitne. 22 av vitneprova går på meir alvorlege saker som mistanke om drap, husing av fredlause og tjuveri. Det er ingenting som tilseier at kvinner veit mest om slike hendingar og dermed er i større grad involvert som vitne på tinget. Ut frå dette kan ein berre slå fast at kvinner i større grad enn menn er involverte i andre saker enn der dei sjølv er hovudperson.

3.4 Kvinner vert dømde – like for lova?

Siste fase i rettargangen er ei avgjersle om dom. Saka kan ende i forlik, men ofte vert det utsteda ein dom. Korleis endar saker for kvinner? Er kjønn ein avgjerande faktor i ei avgjersle eller dom på tinget? Eg vil undersøkja nærmare om kvinner får ulike utgang i ei sak enn menn. Eg tek utgangspunkt i to tilnærma like saker og ser på om det er skilnad i korleis kvinner og menn vert dømde.

Seksualsakene er lettast å samanlikne. Det finst mange av dei, og ved å bruke Telste si inndeling er dei lett å ta for seg gruppevis.²¹³ Mange kvinner vert stemna for laust leiarmål. Dei har fått born utanom ekteskap, og dei skal ikkje gifte seg med barnefaren. Lova seier at slikt skal straffast med bøter for både kvinnen og mannen. Dette ser også ut til å verte gjennomført i stor grad. Av 19 saker der kvinnene har defensive roller i slike saker, endar 14

²¹⁰ 95 menn er vitne av 1407 totalt frå tingbok 2, 5 og 9

²¹¹ 23 æressaker og 6 seksualsaker av 71 saker totalt.

²¹² Dette kjem eg meir tilbake til i Del 4.

²¹³ Telste delar mellom anna inn i ekte og laust leiarmål alt etter om paret har tenkt å eller har gifta seg. Sjå meir i kapittel 4.3.2 Seksualsaker

med bøter.²¹⁴ I to av sakene er kvenna død, og elles er det mannen som straffast eller bevise si uskuld. Det er relativt høg grad av lik dømning i like saker, men vi skal likevel sjå nærare på unntaka.

Eg vil bruke to døme for å illustrere det eg meiner er typisk sakene midt på 1600-talet. Trass i stor grad av likskap kan ein også finne døme på det motsette. I 1667 kom Sidtzele Nielsdatter for retten og ”bekjente” at Oluf Mogensen Tuett er hennar rette barnefar. Ho hadde gjort seg skuldig i laust leiermål og hadde født eit barn. Tidlegare har ho hevda at lensmann Peder Smørås sin son var barnefaren, men hadde no gått tilbake på dette. Men denne ærekrenkjande påstanden vart ikkje gløymd av retten. Ho vert omtala på ein heller respektlaus måte:

”Quindfolchet formedelst Løgen achtig beKiendelse at straffis”²¹⁵

Dømet er eineståande, eg har ikkje sett liknande døme på at nokon vert behandla med så liten respekt på tinget. Kva er det som gjer at retten i dette tilfelle kjem med slike krasse utsegner mot kvenna? Er det av di ho er kvinne, eller er det av di falske skuldingar råka lensmannssonan og familien hans? Eg har gått gjennom mange kvinners vitneprov, og kan ikkje sjå anna enn at kvinner vert truud og respektert i retten. Dømet med Sidtzele skil seg klårt ut. Eg meiner det er størst grunn til å tru at det er lensmannsfamilien sin høge status som er bakgrunnen for den därlege omtalen Sidtzele får på tinget. Ho har ingen rett til å angripe Smørås sitt rykte og omtale. Deira sosiale status er tydleg djupt forankra i lokalsamfunnet.

I eit anna tilfelle er alt snudd på hovudet. Kvenna vert truud for å ha namngitt rett barnefar, mens mannen ikkje vert truud når han nektar for dette. Kvenna er i mellomtida død, men retten har fleire vitneprov. Kvinnene som hjelpte Ellj i barselseng fortel at ho etter å ha utlagt ein omreisande skulemeister til barnefar, bekjente i barselsenga at det nok var Daniel Garnes. Daniel nektar skuld for dette, men får ikkje medhald i retten. Lensmannen har også same utsegn frå Ellj frå hennar siste levedag, og det vert dette retten tek omsyn til i si handsaming av saka.

”Thi bleffor Retten affsagt at Daniel Garnes iche Kand for denne Sag frj Kiendis.”²¹⁶

²¹⁴ Ei av desse har ikkje midlar til å betale, og straffa vert omgjort til korporleg straff.

²¹⁵ Tgb 9:f 15b

²¹⁶ Tgb 10:f 10a

Dømet om Daniel og Sidtzele fortel oss at det ikkje er kjønn som er avgjerande når vitneprovets gyldigheit skal prøvast. Det må vere rimeleg å hevde at det er meir avgjerande kven ein er i lokalsamfunnet, og kva rykte og omtale ein har hjå bygefolket.

3.5 Samanfatning

Som ei samanfatning vil eg peike på at vanleg stemning er det dei fleste kvinner nyttar når dei stemmer andre personar. Slottsstemning er nytta i heller alvorlege saker, og kan kanskje seiast å understreke alvoret i saka. Vidare er elitekvinner klart overrepresenterte i gruppa av kvinner som nyttar slik stemning.

Ein må kunne slå fast at kvinna er aktiv i høve til tinget og til stemning. Andelen kvinner som har defensive roller ligg noko lågare enn tilsvarande for menn, og vi har sett at mannen er råka av ein del stemningar på vegne av hushaldet. At kvinner dermed har høgre andel offensive roller enn menn kan også vere med å forklare at kvinner kan sjå ut til å ha ein lågare fråværsprosent enn menn. Kvinnna er i stor grad personleg involvert, medan somme gonger er verja eller andre også involvert i stemninga og saksgangen. Vi har sett at verjer eller andre i større grad er involverte i offensive roller enn i defensive. Her må ein understreke at det også er i offensive roller at kvinna har høve til å velje. Det er ikkje hennar avgjersle om ho skal stemnast personleg eller ved verja. Derimot er det opp til ho om ho vil stemne personleg eller ved hjelp frå verje, fullmektig eller andre. Ut frå dette kan ein slå fast at kvinna sjølv i større grad involverer verja eller andre i ei stemning enn det allmugen gjer når dei vil stemne henne. Samspelet med verja eller andre er dermed ikkje noko som vert pressa på kvinna, men kan sjåast på som eit bevisst val frå hennar side.

Kvinnna kan som vi har sett ha fleire ulike funksjonar på tinget. Ho kan opptre på eiga hand, som svært mange kvinner gjer, eller la andre leggje fram vitneprovet eller argumenta hennar. Vi har sett korleis kvinner i større grad enn menn er representerte av menneske i fysisk nærliek, og peika på samanhengen med verjeinstitusjonen. Vidare er det eit fåtal kvinner som er talerøy for andre i retten, også i saker som dreier seg om bruksrett til jord. Til sist er kvinner i overraskande stor grad involverte som vitne i saker som ikkje gjeld dei sjølve. Ser ein bort frå dei formelle verva, må det vere grunnlag for å hevde at kvinner har same høva til å utfalde seg som andre på tinget. Her må ein understreke at menn generelt er langt meir aktive: i tingbok


ein til ti finn vi 432 kvinner, og i eit utval på tre av dei same tingbøkene finn vi 1407 menn.²¹⁷

Det er likevel ingenting som skulle tilseie at høva for kvinnene ikkje er der. Ei utval på to døme viste oss at kjønn har lite å seie for truverd på tinget.

²¹⁷ Utvalet er tingbok 2, 5 og 9.

Del 4: Kvinnene på tinget

Til no har vi sett kvinnene generelt i høve til rettargangen. For å differensiere materialet enda meir fann eg at det ville vere fornuftig å sjå det ut frå følgjande tre variablar: sivil status, sakstypar og roller. For å gje eit best mogleg bilet, må variablane sjåast både isolerte og i samanheng. Roller har eg allereie teke grundig opp i kapitla før, så dette vil eg berre trekke fram der det er naturleg. Her vil eg først trekke fram sivil status og sakstypar. Korleis fordelar kvinnene seg på sivil status, og kva sakstypar er kvinner involverte i? Eg tek kort for meg variablane åleine, og vil sjå på kva mønster og trekk dei gjev generelt. Vidare er det også svært nyttig å sjå variablane i samanheng. Er til dømes ugifte kvinner involverte i andre typar saker enn det enker er? Vil leigesaker gje kvinnene andre roller enn æressaker? Også i dette kapittelet vil ei samanlikning med menn vere relevant: Kva er typisk for kvinner, og korleis kan ein forklare særtrekk?



Figuren viser korleis dei tre variablane verkar på kvarandre. Dei tek opp tre ulike sider ved kvinner på tinget, men ein kan heller ikkje sjå bort frå samanhengen mellom dei. Det viser seg til dømes at sivil status er avgjerande for både sakstype og rolle. Dei gifte kvinnene har til dømes eit anna rollemønster enn enker. Vidare gjev æressaker eit anna rollemønster hos kvinnene enn arvesaker. I andre omgang vil eg sjå på dei tre variablane under eitt, og eg har valt å la sakstypar vere den berande faktoren. Dels tek eg for meg enkeltkategoriar og diskuterer roller og sivil status ut frå dette. Kva kvinner finn vi i seksualsaker og kva roller har dei her? I hovudsak har eg sett fleire sakstypar i samanheng som til dømes sakstypar som har med fast eigedom å gjere. I kva grad deltek kvinner på tinget i saker som gjeld jordeigedom, og har kjønn noko å seie i slike saker? Av omsyn til plassavgrensing vil eg nøye meg med å presentere det spesielle og det av størst interesse.

4.1 Sivil status

I dette avsnittet vil eg sjå på kva kvinner som møter på tinget. Opptrer alle kvinner på tinget, eller er det spesielle kvinnegrupper vi møter? Kvifor møter vi i så fall akkurat desse kvinnene? Ein gjennomgang av materialet mitt viser eit tydleg mønster ut frå sivil status. Tabell 7 gjev ei oversikt over den sivile statusen til dei kvinnene eg har registrert:

Sivil status til kvinnene på bygdetinget i Nordhordland 1642-1668.

Sivil status	Antall	Prosent
Enke	190	44,0
Gift	115	26,6
Ugift	92	21,3
Gift el. Enke	8	1,9
Skilt	1	0,2
Ukjent	26	6,0
TOTAL	432	100,0

Tabell 7

Først lyt ein ta eit etterhald: talet på kvinner med ukjent sivil status er heller høgt, og ville kunna endre biletet noko. Gruppa er likevel ikkje stor nok til å endra overvekta av enker. Dette biletet vert forsterka når ein tek omsyn til den reelle fordelinga av enker, gifte, og ugifte kvinner. Det eksisterer nok ikkje nokon utrekning for forholdet mellom enker, ugifte og gifte kvinner frå midten av 1600-talet, men det er heilt naturleg at det vil finnast vesentleg færre enker enn til dømes gifte kvinner i eit samfunn. No vart svært mange kvinner enker etter ei tid i ekteskap, men dei gifte seg også opp att nokså snart og gjerne fleire gongar. Normalt ville ei kvinne ikkje vere enke så svært mange år av sitt liv samanlikna med den tida ho er gift.

Ut frå dette må ein seie at enker er klart dei mest aktive av kvinnene på tinget. Dette var vel heller ikkje heilt uventa. Som enke er ein overhovud på garden, og er nøydd å ta avgjersler og overhalde plikter på vegne av hushaldet. Heilt naturleg fører dette til nærmare kjennskap med tinget som rettsinstans. Enker er meir utsett for stemningar som elles ville retta seg mot ektemannen, og det er større sjanse for at ein som enke nyttar tinget til sin fordel og stemner andre for å verne sine rettar. Som overhovud på garden er det enka som vert stemna ved til

dømes forseinka landskuld, tiend og anna. Også i saker som gjeld til dømes eigarforhold, odel og bruksrett, som tidlegare ville involvere ektemannen, er det enka som er den berande parten.

Dei gifte kvinnene utgjer om lag ein fjerdedel av dei registrerte kvinnene på tinget. Dette er ei klar underfordeling i høve til at det vil klart vere flest gifte kvinner av alle vaksne kvinner. Det er nærliggjande å tenkje seg at ektemannen, deira næreste verje, tek seg av ein del rettslege handlingar på vegne av kona. Han vil dessutan vere hushaldet sin representant i saker som gjeld gard, gods og felleseihe. Han tek seg likevel ikkje av alle saker på kona sine vegne, det er også høve for henne å involvere seg i og verte trekt inn i andre saker på tinget.

Innslaget av ugifte kvinner var overraskande høgt. Om ein også her tek omsyn til den reelle fordelinga, er dette talet høgre enn forventa. Eg reknar då ei kvinne for ugift *frå* tida ho er giftekla i 18-20-årsalderen til ho gifte seg rundt 5-7 år seinare.²¹⁸ Som vi har sett før vart ikkje kvinna etter lova aldersmessig myndig, men likevel skjer ein overgang frå barn til ugift kvinne. Den ugifte kvinna ville normalt bu heime hos foreldra eller på ein annan gard der ho hadde teneste. Far eller husbonde skulle ein tru var den som tok seg av saker som gjeld den unge kvinna, men i staden ser vi at ho i stor grad er involvert sjølv. No kan sjølvsagt verja vere innblanda i tillegg, men altså ikkje utan kvinna sjølv.

Det ser ut til at ugifte kvinner i større grad enn lova gjev uttrykk for, vart sett på som vaksne og sjølvstendige med det ansvar og dei plikter som dette inneber. Når kvinna flytte ut frå heimen gjorde fysisk avstand det straks vanskelegare for far hennar å kontrollere og verne dottera si. Samstundes trong ikkje lojaliteten mellom tenestefolk og husbond å ha vore så sterkt at husbonden automatisk overtok rolla etter far hennar. Kvinnna må på fleire sett greie seg sjølv den tida ho er i teneste. Den dagen ho giftar seg vert situasjonen igjen ein heilt annan.

Som ei samanfatning ser vi at særleg enkene er overrepresenterte. Sameleis er gifte kvinner underrepresenterte. Innslaget med ugifte kvinner overraska noko. Det er nok ei godt synleg kvinnegruppe i samfunnet, men grunna deira unge alder og manglande erfaring ville ein forventa at dei i liten grad var involverte på tinget.

²¹⁸ Vanleg giftealder var rundt 25. Sjå Dyrvik 1979:20 og Døssland 1998:44. Saa Maata hevdar likevel ein noko yngre giftealder (Sjå Døssland 1998:43). Sandvik hevdar at gjennomsnittleg førstegongs giftealder for kvinner var 26 (Blom 1999:94)

4.2 Sakstype

Kva sakstypar er så kvinner involverte i, og i kva grad skil saksmonsteret seg ut frå det generelle mønsteret ein møter gjennom Dobbe si gransking av sakstypane på tinget i Nordhordland 1642 til 1655?²¹⁹ Her lyt eg gjere merksam på at tabellane ikkje let seg direkte samanlikne av fire grunnar. Mens Dobbe har registrert på saksnivå, har eg som nemnd registrert på personnivå. Vi har også litt ulik tolking av somme sakskategoriar.²²⁰ Eg har berre registrert kvinner, mens Dobbe har registrert både menn og kvinner. Til sist har eg også eit større kjeldeutval som strekkjer seg over lengre tid. Likevel vil eg samanlikne i grove trekk og sjå om det er ting som skil seg merkbart ut frå menn. Tabell 8 viser saksfordelinga hos kvinnene:

Sakstypar kvinnene er involverte i. Nordhordland 1642-1668.

Sakstype	Antall	Prosent
Æressaker	98	22,7
Seksualsaker	68	15,7
Leigesaker	68	15,7
Gjeld	35	8,1
Eigedomssaker	30	6,9
Arvesaker	23	5,3
Øvrighetsmotstand	21	4,9
Tjuveri/Ulovleg tak	17	3,9
Eiendelssak	16	3,7
Forsørgelsesunnlatelse	5	1,2
Ulovleg jakt/fiske	3	0,7
Anna	48	11,1
TOTAL	432	100,0

Tabell 8

Vi ser frå tabellen at dei sakene som peikar seg særleg ut er æressakene, seksualsakene og leigesaker. Desse tre kategoriene utgjer over halvparten av alle saker kvinner er involverte i.²²¹ Det er også interessant å merke seg at dei to mest hyppige sakstypane er utan nemneverdig økonomisk innhald. Dette er ikkje heilt unaturleg av di slike saker er personavhengige, det vil seie saker som krev personleg tiltale. Er det Kari som har skjelt Knut ut, så er det Kari som

²¹⁹ Dobbe 1996:29, Tabell 2

²²⁰ Dette gjeld sakskategoriene leigesaker, gjeldssaker, eigedoms- og arvesaker.

²²¹ 54,1%

vert stemna. I motsett fall er det ofte overhovud på garden, vanlegvis mannen, som vert stemna og tek seg av saka. Manglande innbetaling av tiend eller landskuld, grensetvistar og ulovleg jakt er saker som går på gardsbruk og hushald, og følgjeleg husbonden sitt ansvarsområde. Leigesaker er likevel ein heller hyppig sakstype for kvinnene, og dette vil eg kommentere nærmare under kapittel 4.3.3 Kvinner og økonomi.

Ser ein på Dobbe sine forskingsresultat, er øvrighetsmotstand den absolutt mest vanlege sakskategori, og den utgjer vel 60% av alle sakene på tinget frå 1642 til 1655. Det er som vi ser frå tabellen heller få kvinner som er involverte i øvrighetsmotstand, og kategorien utgjer knappe 5%. Forskjellen er markant, og sidan kvinnene er involverte i så liten grad i slike saker, skjønar vi at dei fleste av dei 346 sakene hjå Dobbe gjeld menn. Då må vi tilbake til hushaldet og husbonden sitt overansvar på gardsbruket. Det er mykje som tyder på at han mottek ein del stemningar på vegne av hushaldet, og ikkje berre på eigne vegne. Skyssplikta er eit godt døme her. Særleg var bønder i Nordhordland plaga med embetsmenn som skulle skyssast til og frå Bergen.²²² Det er tidlegare hevdat at menn er meir i opposisjon mot øvrigheten enn det kvinner er, men ein skal også understreke at dei også har størst høve til å gjøre motstand mot ei øvre makt. Det er menn som er ansvarlege for at skattar og skuld vert betalt i rett tid, og då er det også menn som er ”opposisjonelle” om innbetalinga vert forseinka. Kvinnna sitt domene er på garden og i den daglege drifta av huslyd og husdyr, og ho har færre høve til å protestere og gjøre opprør mot øvrigheter.

Vi ser ut frå tabell 8 at svært få kvinner er involverte i saker som har med manglande underhald og ulovleg jakt, fiske og hogst å gjøre. Sistnemnde kategori er meir vanleg hjå menn, og så er det også arbeid som helst menn tok seg av. Dette er ein forventa skilnad mellom kjønna. I det følgjande vil eg ta opp enkeltkategoriar eller grupper av sakstypar, og sjå nærmare på desse.

4.3 Sakstype, roller og sivil status sett under eitt

4.3.1 Æressaker

Frå tabell 8 ser ein at det er saker som er meir eller mindre fråverande blant kvinner. Slagsmål er eit godt døme her. Kvinner ser ikkje ut til å slåss i det heile etter tabellen. Dette kan ha ulike

²²² Døssland 1998:88

forklaringar, og mitt kategoriseringsval kan forklare noko. Saker der kvinner er valdelege er sjeldne, men finst. Denne kvinnevalden artar seg likevel annleis enn vald der menn er involverte, og tok gjerne form av lugging, eit slag eller liknande.

*"Fogden Ladit steffne Ingeborg Settre for at hun haffe Slagit till Blodz Oele Mickels. Settre Vdj hindes lade, saa och at hun haffe stollit fra hannom Siuff Melke ??Kolder, for. Quinde icke War tilstede herjmod at Suare, Mens hindes mand Knud Settre Møtte at Suare, som slig Angiffuende ike kunde benegte, eller fra beuise, Affsoenit med 7. Rix dlr"*²²³

Dette kan etter mi meining ikkje kallast slagsmål, og eg fann det mest tenleg å plassere slike saker under æressaker. Eg meiner det er rimeleg å hevde at den fornærma ikkje stemner for den fysiske overlasta vedkommande leid, men av den audmjukinga det var å verte slått av andre vaksne menneske.

Trass i dette meinar eg at kvinner er noko mindre involverte i valdssaker, dette er og har vel alltid vore ei agering typisk for menn. Såleis er denne ulikskapen ikkje uventa. Eg vil likevel ikkje påstå at kvinner er meir fredelege og tolerante enn det menn er, men kvinner har ofte ein annan måte å gå til konfrontasjon på. Mens menn angrip fysisk går kvinner heller til åtak verbalt. Munnhoggeri og ærekrenking er svært vanlege på tinget, og det viser seg at slike saker er noko meir utbreidd blant kvinner enn blant menn.

Spisse tunger ser ut til å vera eit hardtslåande våpen for kvinner: ein fornærmar kvarandre med snakk eller ryktespreiing. På 1600-talet er æra svært viktig for den enkelte, og fastset statusen i høve til kvarandre. Æra er del av det sosiale kittet som held samfunnet saman, skriv Sandmo.²²⁴

Kvifor er då i sær kvinnene så opptekne av æra og ærekrenking? No treng ikkje saksmönsteret vere eit direkte uttrykk for kvinners interesser. Ein kan tenkje seg at kvinner sin manglande tilgang til økonomiske ressursar gjorde æressakene viktigare. Først arva kvinner halvparten av det brødrene deira arva, godset dei eig vart slått saman med ektemannen sitt, og til sist var det ektemannen som var verje over fellesgodset og følgjande kvinnene sin formue. Det kvinnene eigde av økonomiske ressursar hadde dei i følge lova liten eller inga råderett over. Følgjeleg er kvinner mindre involverte i saker som dreier seg om økonomiske ressursar. Difor kan kvinnene

²²³ Tgb 5:f 76a

²²⁴ Sandmo 1992:57

sin mangel på kontroll over gods og formue forsterke deira vilje til å kontrollere æra. Kvinner disponerer ikkje eigne økonomiske ressursar, og kompenserer dette med å kontrollere si eiga og familien si ære.

Det viser seg likevel at også andre faktorar spelar inn. Kvinner er snare med å stemne kvarandre for ærekrenking, men dei er like gjerne sakvoldar i same type saker. Dette har stor verd i vurderinga av sakene: kvinner som har defensive roller har ingen innverknad på saka sin karakter. På ei anna side må dei rekne med å verte stemna inn om dei har ei åtferd som ligg utanfor det allment aksepterte. La oss sjå korleis kvinnene i æressaker fordelar seg på defensive og offensive roller.

Kvinner sine roller i æressaker i Nordhordland 1642-1668.

Rollegruppe	Tal kvinner
Defensiv	30
Offensiv	38
Talerøyr eller vitne	30
TOTAL	98

Tabell 9

Tabellen viser ei heller jamn fordeling mellom rollegruppene, men flest kvinner ser vi har offensive roller. Det er altså fleire kvinner som stemner i æressaker enn kvinner som vert stemna. Ut frå dette kan ein hevde at kvinner er opptekne med å forsøre eigen og familien si ære. Men ei monaleg gruppe vert også stemna for ærekrenkande åtferd. Om ein set offensive og defensive roller opp mot einannan kan den jamne fordelinga indikere at kvinnene kontrollerer kvarandre si åtferd, og løyser konflikter ut ifrå balansen mellom sosial status og ære. Kvinner stemner og blir stemna i æressaker, og dei er såleis aktive i prosessen med å konstituere grensa mellom akseptert og ikkje-akseptert åtferd hjå samfunnsmedlemmane. La oss sjå nærmare på dei enkelte rollegruppene.

Kven er kvinnene i æressaker? Er det særskilde grupper som skil seg ut, eller viser fordelinga på sivil status same trekk som den generelle deltakinga? Det viser seg at gifte kvinner spelar ei særleg rolle i æressaker. Tabellen under viser fordelinga på sivil status:

Kva sivil status har kvinnene som er involverte i æressaker i Nordhordland 1642-1668?

Sivil status	Tal kvinner
Gift	49
Ugift	23
Enke	16
Ukjent	8
Enke eller gift	2
TOTAL	98

Tabell 10

Det er interessant å merke seg at enker i mindre grad er involverte i æressaker, samanlikna med deira overvekt på tinget. Dei gifte kvinnene er som vi ser i stort fleirtal her. Det må likevel ikkje få oss til å tru at dei i mindre grad enn andre klarte å oppføre seg innan aksepterte normer. Det er meir rimeleg å tru at vi har å gjere med eit meir representativt utval kvinner på tinget. Gifte kvinner er underrepresentert i andre typar saker, mens æressaker involverer eit jamt snitt av kvinner. Følgjeleg er dei gifte kvinnene i stort fleirtal.

Defensive roller

30 kvinner har defensive roller, og må forsvere seg i æressaker. Dei fleste av desse kvinnene er stemna personleg. Berre ei kvinne er medskuldig og to kvinner er stemna upersonleg:

"Her Løcke Hansenn Sougneprest till LindAas Prestegield Steffnndt Rasmus Træland paa hans dotter Randis weigne, for hun haffr Slaget hans Wmøndig Søn paa en 8te Aar gammel. Affsagt, at Faderen paa hans dotters wegne schal bøde for Blodslagen Slaugh – 2 Mark Sølff. "²²⁵

Randi har kanskje sett etter guten og gjeve han ei lusing, og dette har sognepresten funne ærekrenkjande. Det er sjeldan at vi les saker som dreier seg om barn sine rettar, og det er kanskje ikkje unaturleg at når vi først møter barn på tinget, er det barn frå øvre sosiale lag i bondesamfunnet. Uansett ser vi at det ikkje høver seg å slå mindre barn, og i alle fall ikkje presten sin son.

Randi er altså unntaket av di ho er stemna upersonleg. Den andre kvinnen som er upersonleg stemna er til Randis motsetnad stemna med procurator. Det vanlege er å stemne kvinnene

²²⁵ Tgb 3:f 68a

personleg i æressaker. Når vi hugsar at fleirtalet av kvinnene her er gifte kvinner, er dette interessant å merke seg. Verken fullmektig, ektemann eller annan verje er involverte i desse sakene. Kvinnene må svare åleine i æressakene.

Offensive roller i æressaker

Vi har sett at dei fleste kvinnene hadde offensive roller i æressaker. Dei er den fornærma parten, og andre vert stemna for å ha krenkt dei. Berre sju kvinner stemner personleg i æressaker. Litt fleire, nærmere bestemt ni kvinner stemner upersonleg i æressaker. Dømet over om Randi viste ei sak med lett vald. La oss sjå litt på ei sak med skjelling eller munnhoggeri:

"Mogens Espel stefnt Oluf ibm (Espel) och hans Høstru Søgnj Nielsdatter, formedelst deris Onde forligelse och schelderj Imoed Mogens och hans Høstru."²²⁶

Her ser vi det er to kvinner involverte, og det er altså Mogens hustru som har offensiv rolle av di mannen hennar stemnar på vegne av seg sjølv og henne. Ektemannen eller verja stemner når ho har lidd overlast.

Det viser seg at i svært mange tilfelle der kvinner er den fornærma parten, er det uråd å sjå at ho sjølv tek initiativ til stemninga . Heile 22 kvinner er passive saksøkarar, og er i stort fleirtal i æressakene.

"Foegden stefft Hillebrant Stollen for schelderj Jmoed Anne Henrichs Datter Breuig, Anne fremb komb och berette at hand haffuer schieilt hende for en Trold Dieffuel, och fremblagde hendis Fuldmegtig Zacharias Olssen hendis Mands shcrifflig Jndleg."²²⁷

Vi kan ikkje sjå noko bindeledd mellom Anne og futen, og det *kan* vere futen som på eige initiativ har stemna Hillebrant uten at vi veit dette. I svært mange tilfelle vert det altså "berre" stemna for dei. Det overraskar at så få kvinner stemner sjølv eller ved verje. Saka kjem i alle fall opp på tinget, og det er jo det viktigaste.

Andre roller

Vi såg i tabell 9 at 30 kvinner har andre roller i æressaker, det vil seie at dei ikkje stemner sjølv eller er stemna. Dei er involverte i saker som ikkje gjeld dei sjølv direkte, som talerøyr eller vitne. Tre kvinner er talerøyr for andre i æressaker. Desse har me helsa på før, og eg viser til kapittel xx der eg går nærmere inn på dette. Mellom anna møter vi Weinche Simensdatter som er talerøyr for tenaren hennar, Joen. Dei hevdar at han er utskjelt

²²⁶ Tgb 9:f 31a

*"for noget meell hand shcal haffue steelet"*²²⁸

Eg vil ikkje kommentere desse sakene vidare, men vil peike på at også kvinner kunne vera talerør i æressaker. Heile 27 kvinner er vitne i æressaker. Saka om eit særskilt vanskelege ekteskapet på Frøsett er avhengig av mange vitneprov. Kvinna er mistenkt for å kjøpe gift for anna enn å ta rovdyr med. Maren Jonsdotter fortel at

*"(...)Da komb for. Henrick Frøsetters Quinde Karen Siffuers dotter til hinde igien, och bad hinde at hun wilde dølge gifftet, , Da Suaredes hun hinde igien at Kand schee Din Fader will dreffue Reffuer dermed, Men Da Suaredes be. Karen igien io dertill, hun will dreffue Vkrud dermed, som will dreffue Smaller, Kalffuer och Andet sligt, och derpaa giorde hun Sinn ÅEd."*²²⁹

Æressaker er saker utan handfaste bevis, og ein laut ofte ty til vitne for å vinne fram med argumenta sine. Elles vert det ord mot ord. Sjølv om mykje kan tyde på at Karen Frøsett er involvert i eit mistenkjeleg giftkjøp, får ho ikkje dom på seg for dette. Saka deira vert sendt vidare til Capittelretten, ein særskilt geistleg rett som mellom anna tok seg av ekteskapssaker.²³⁰

Av dei kvinnelege vitna eg har registrert totalt, er fleirtalet involverte i æressaker. Det store innslaget av vitne er altså særmerkt for denne sakskategorien. Tabell 11 viser dette tydleg.

Sakstypar kvinnelege vitne er involverte i i Nordhordland 1642-1668

Sakskategori	Tal kvinnelege vitne
Æressaker	27
Tjuveri/ulovleg tak	8
Eigedomssaker	8
Seksualsaker	6
Eiendelssaker	4
Leigesaker	3
Gjeldssaker	1
Anna	14
TOTAL	71

Tabell 11

²²⁷ Tgb 7:f 29a

²²⁸ Tgb 1:f 17a

²²⁹ Tgb 5:f 26b

²³⁰ Norsk Historisk Leksikon s. 156

Æressaker viser seg å vere ein viktig sakkategori for kvinnene på tinget. Mange kvinner er involverte totalt sett, trass i at kvinnene fordeler seg jamt i dei ulike rollegrupper, har fleirtalet av kvinnene offensive roller. Det er også denne sakkategorien ein finn den største gruppa av kvinnelege vitne.

Som ei samanfatning må vi peike på at æressakene er den hyppigste sakkategorien for kvinnene på bygdetinget, og den spelar ei særskild rolle for dei gifte kvinnene. Fordelinga mellom offensive og defensive roller er heller jamn, med ei knapp overvekt på offensive roller. Det er tydleg viktig for gifte kvinner å kontrollere æra. Av kvinnene som er stemna, er dei fleste stemna personleg, mens kvinnene som stemner, stemner i stor grad upersonleg. Kvinnelege vitne har stor verd i æressaker, då dette er den sakkategorien vi møter flest kvinnelege vitne.

4.3.2 Seksualsaker

”Fra reformasjonen fram til 1660-åra ble det vedtatt flere bestemmelser mot utenomekteskapelig seksualitet enn mot noen annen kriminalisert handling.”²³¹ Slik skildrar Kari Telste den omfattande kriminaliseringa av seksualitet i tidleg moderne tid i hennar hovudoppgåve om same tema. Seksualsakene utgjer ein heller stor del av kvinnensakene i Nordhordland, nærmere bestemt 68 av 432 kvinner, eller 15,7%. No tyder ikkje dette at fleire kvinner enn menn vart stemna for brot på seksuallovene, men desse sakene utgjer større prosentvis del av sakene hjå kvinnene. I vår samanheng er det viktig å understreke at også kvinna etter 1617 skulle vera strafferettsleg ansvarleg i slike saker.²³²

Kven er så kvinnene som møter på tinget i seksualsaker? Kjeldematerialet mitt viser først og fremst at det er dei ugifte kvinnene som er involverte i slike saker. Tabell 12 viser korleis seksualsakene fordelar seg på sivil status.

Sivil status til kvinnene involverte i seksualsaker i Nordhordland 1642-1668.

Sivil status	Tal kvinner
Ugift	43
Gift	19
Enke	3
Ukjent	2

²³¹ Telste 1993:59

²³² Forordning av 1617 om ”løsaktighet”, sjå Telste 1993:70

Skilt	1
TOTAL	68

Tabell 12

Dei ugifte kvinnene er i stort fleirtal, og tendensen vert endå sterkare når ein tek omsyn til reell fordeling mellom ugift, gift og enke. Dei er i hovudsak involverte i ulike typar leiermål, det vil seie ulovleg, førekteskapeleg seksuell omgang. Leiermålet er ekte om paret har tenkt å gifte seg. Då vert leiermålet sett på som samtykke til ekteskap. Om det ikkje er snakk om ekteskap er det eit laust leiermål.²³³ Utanom at bota var høgre, var forskjellen viktig, særleg om kvinna var med barn. Telste hevdar at ekteskapet var det som avgjorde om ei jente som fekk barn kunne bli ei respektert, ærleg ”dannekvinne”, eller kvinnfolk og tøs.²³⁴ Kvinner som fekk uekte born tapte monaleg verdi på ekteskapsmarknaden. Om gravide kvinner eller mødre gifte seg, var dei med andre ord ”redda”. Likevel var det ein del kvinner som ikkje vart gift med barnefaren.

”Sidtzele Nielsdatter Kom for Retten och efter Indstefning beKiende At saa Sant hende Gud shculle hielpe, da er Oluf Mogensen Tuett, som nu er i Konglig Mayestetz Tienneste, hendis Barne fader och ingen anden. Det samme sagde hun och at hafue beKiendt i hendis Barsel Nøed.”²³⁵

Det vert ingenting sagt om at Sidtzele og Oluf har tenkt å gifte seg, noko som ville vore rekna som ”formildande omstende” for paret. Bota vart dessutan mindre. Eg går difor ut ifrå at leiermålet var uekte, og barnet til Sidtzele vart fødd utanom ekteskap. Kvinner som fekk uekte born fekk vanskar med å greie seg, og kunne enda opp som tiggjarar. Det var vanskeleg å verte gift, og sameleis å få seg teneste. Ein vart såleis svært avhengig av familie for hjelp og støtte.

Dømet med Sidtzele er typisk i leiermållsaker. Ho var stemna, og retten var ofte svært pågåande og ville ha namnet på barnefaren.²³⁶ Det ser ut til å vere vanleg tru at om kvinna oppgav rett barnefar under fødselen, skulle ho få ein lettare fødsel.²³⁷ Om lag halvparten av seksualsakene er lause leiermål,²³⁸ og dei fleste kvinnene i seksualsaker er naturleg nok stemna. Tabellen under viser korleis kvinnene fordeler seg i roller i seksualsakene.

Kvinner sine roller i seksualsaker i Nordhordland 1642-1668.

²³³ Telste 1993:53

²³⁴ Telste 1993:109

²³⁵ Tgb 9:f 15a

²³⁶ Sjå til dømes tgb 7:f 25b, tgb 4:f 29a, tgb 9:f 27b, tgb 3:f 3a

²³⁷ Sjå til dømes tgb 10:f 9b, tgb 9:f 14b

²³⁸ 30 av 65 seksualsaker er uekte leiermål, dvs. 46%

Rollegruppe	Tal kvinner
Defensive roller	58
Offensive roller	4
Andre roller	6
TOTAL	68

Tabell 13

Defensive roller

Først skal vi sjå på ulike seksualsaker der kvenna er stemna personleg. Dette er i stor grad ugifte kvinner. Vi har allereie sett på dømet om Sidzele som er stemna for laust leiermål.²³⁷ 27 kvinner som henne var stemna personleg i seksualsaker. I ekte leiermål må retten stole på dei unge foreldra i det dei seier at dei skal gifte seg. Dei har som oftast fått barnet, og må gifta seg etter fødselen. Det varierer kor vidt både kvenna og mannen vert stemna og må bøte for ”ugjerninga”:

"Kongl. Ma. Fogit steffnt Peder Mickelson, och Femme Ericks dotter for Leyermaall die med huer Andre haffr begaait, och will Egte huer Andre, dog ey haffr dend formue med de bøder giffue som de bør at Vdgiffue, Huorom Kongl. Mayts. Fogit war Tingsswinde begerrendis, Och dend tilstede werende Almue for Retten tilstoed at die icke haffde vdj Ringeste maade Andet at vdgiffue Vden en Rix dlr., som bleff giffuen for Retten."²³⁹

Dei fleste høyrer vi ikkje noko ifrå etter domen, og vi må gå ut ifrå at dei har gifta seg. Alt er såleis inn i ordna former igjen.

I eit fåtal av saker ser vi at trass fleire uekte born, er ikkje kvenna gift. ”It løst quindfolk”, Barbra Andersdotter er ei av desse. Ho har fått to uekte born, og det attpåtil med ein gift mann. Historia er spesiell, og det viser seg at Niels Torkildson først har reist frå kona si og tre born. Sidan har han hatt ”Letferdig omgiengelse” og fått eit born med ei anna kvinne før han møtte Barbra, som han altså har to born med. Det endar med at Niels vert dømt til døden.²⁴⁰ Kvinnene ser ikkje ut til å verte straffa i det heile trass i at dei er medskuldige i hor og har fått uekte born. Men om ein kan tale om ”sosial straff” må vi leggje merke til korleis ho er omtala. ”It løst quindfolk” må seiast å vere ei lite respektfull nemning, og dette støttar Telste i det ho hevdar om ekteskapet som avgjerande for kvenna si sosiale stilling.²⁴¹

²³⁹ Tgb 2:f 68a

²⁴⁰ Tgb 2:f 40b

²⁴¹ Sjå side 16 og 78f

Ei mindre gruppe ugifte kvinnene er involverte i leiermål i forbodne ledd og blodskam. Blodskam er seksuell omgang med nærmeste slekta: søsken eller foreldre, her er også stefamilie rekna med. Følgjeleg går då søskenbarn og tremenningar under nemninga forbodne ledd. Blodskam og leiermål i forbodne ledd var dei mest alvorlege seksualbrota, og hadde også dei strengaste straffene. Det er ikkje mange av desse sakene, men dei er av særslig og tragisk karakter. Det er grunn til å tru at sakene som kjem opp på tinget berre er deler av røynda. Alle desse sakene endar med korporlege straffer,²⁴² også dødsstraff, for både partane i saka:

” Fogden haffde i Rette fordrit it Quindfolk Anne Jons Dotter Helleland som war besoffuit Aff en Mand Knud Almelj, och hand tilforne haffe besoffuit hindes Søster Ragnild Jons Datter vdj hans Egteschabff, huorfor hand och haffe bøt till Kong. Ma. Sin boeds loed, for. Quindfolk bleff tilspurt som det goeduillig wedgik och haffde barnit hoes sig, och med gredendis Taare bad om Naade, Tilkiedt at lide paa liffuit Vnder Suerdit. Der bleff tilSpurt om hun haffde nogen formue, och bleff dertill beuist at hun haffde gansche inted, Men for. Knud for saadan hans groffue forseelse war bort Rømbt. ”²⁴³

Mens kvinner i andre seksualsaker ofte fekk mindre böter enn menn, vert dei i sakene med blodskam dømde likt. Dette støtter også Torleif Hansen i si granskning frå byrjinga av 1700talet: ”Det er ingen større kjønnsforskjeller angående sluttresultatet, idet 11 menn mot 10 kvinner ble dødsdømt.”²⁴⁴ Tragisk er saka frå Eikanger der Johannis Knudsen har fått born med stedottera si, Ragnille Suendtzdatter. Dei vert dømde til

”..at straffis paa deris Halse, Och naar de Halshugne ere, da Kroppene at Kastis paa en Ild at Opbrendis, Och huis di ere Eyendis, til hans Konglig Mayestet at were forbrut (...)”²⁴⁵

Ragnille var ikkje fylt 20 år, og vedgjekk ”frjuilligen” brotsverket Ho fortalte at gutebarnet no var 3 veker gamalt.

”Och hafde iche haftt met fleehre at bestille end forschrefne hendis Steffader huilchet scheede Tuende gange, och lofuede hende, at hun shculle ingen shcade hafue der af. (...)”²⁴⁶

No var det ein sjanse for at domen ikkje vart gjennomført. Kvar dødsdømt kunne søkje om nåde hjå kongen. I appellsakene i Bergen Lagting på 1700-talet har Hansen funne at kvinnene i

²⁴² Fysisk refsing, tvangsarbeid, forvising og dødsstraff (Erichsen 1996:87)

²⁴³ Tgb 5:f 79b

²⁴⁴ Hansen 1993:180

²⁴⁵ Tgb 10:f 29b

²⁴⁶ Tgb 10:f 30a

større grad vart gjeve nåde enn menn i blodskamssaker.²⁴⁷ No er det ikkje råd å undersøkje i kva grad dødsdommen vart gjennomført på 1600-talet etter som lagmannsretten sitt arkiv gjekk tapt ved brannen i Bergen i 1702. Det er likevel grunn til å tru at mange som vart dømde til døden ville anke saka vidare til lagmannsretten, og at det var ein sjanse for å få mildna eller ettergjeve straffa.

Blodskam eller incest er og har alltid vore eit av dei sterkeste tabua i alle samfunn i verda.²⁴⁸ At det difor er handlingar som vart særstundt straffa, er rimeleg. Det ser ut til at ein ikkje såg på grader av skuld, men på handlinga åleine. Var ein skuldig i blodskam fanst inga nåde, i alle fall ikkje i lågare rettsinstansar.

Hor er seksualbrot innan ekteskapet, og involverer ein eller to gifte partar. Det er heller få horsaker, men desse vart rekna for særstundt alvorlege saker. Hor råka for det første fleire partar, først og fremst ektemake og born. For det andre trua ei slik handling sjølv ekteskapet som institusjon. Ekteskap kan sjåast på som ei kontrakt mellom to om å skape ei ramme rundt ein ny generasjon. Samfunnet var vidare bygd opp av slike rammer. Vart denne ramma sprengt, forstyrra dette heile hushaldet og samfunnet som heilskap. Vi møter to ulukkelege på Bergen Rådstue i 1665:

"Da haffde Ko. Ma. Foegget i Nordhors Foegderj Søffren Nielssen ladet i Rette steffne Larutiz Olssen i Sanduig wed Bergen och Ellj Johans Datter Formedelst at de som Tuende Egte persoener haffuer i deris Egeschab be gaaet Hoererj met huer andre. Jndsteffnte Persoener møtte begge I Rette, och frjuilligen for Retten be Kiende, At de haffuer hafft Legemlig Ombgiengelsse met hin anden Tuende gange (...)"²⁴⁹

Begge tilstår dei å vere skuldige i hor. Ektemannen til Ellj tek henne likevel til nåde igjen i retten, såleis også kona til Lauritz. Dei to må likevel bøte for handlingane, men saka enda etter forholda godt.

Som vi har sett er svært få enker involverte i seksualsaker. I følgje tabell 12 er tre enker involverte i seksualsaker i min periode. To av desse er i røynda same kvinne som kjem på tinget med same saka to gonger. Otte Endresønn er dreng hjå enka Maritte i Miømen, og i 1651 vert han stemna for å ha "beligget" henne.

²⁴⁷ 53 % av kvinnene og 48 % av mennene fekk saka si innstilt til nådegjeving. Også ved endring av dødsdom til annan dom vart kvinnene favoriserte, hevdar Hansen. Hansen 1993:180

²⁴⁸ Denne universelle regelen er gjerne kalla incesttabuet eller incestforbuddet, Eriksen 1993:99

*"och berette icke at wilde Egte hinde"*²⁵⁰

Båe to må betale bøter for leiermål. Seinare ombestemmer han seg, og neste gong er det tydeleg han sjølv som tek saka opp. Denne gongen kan han fortelje at han likevel vil gifte seg med henne. Saka tek han sjølv opp fordi dette gjev han rett til å avskrive på bota han fekk sist. Leiermålet vert no ekte av di dei skal gifte seg, og Otte vil berre betale bot for dette, noko som han også får.²⁵¹

Til no har vi sett på kvinner som er stemna personleg i ulike seksualsaker. Ei einaste kvinne, Anne Andersdotter, er stemna upersonleg i ei seksualsak. Ho er ugift, og som dei fleste andre ugifte kvinnene er også ho stemna for laust leiermål.

*"Lensmanden steffint Anders Sunde Alnalngende paa Hans dotters weigne Anne Andersdotter, Som Haffuer ligget Hoes Anders Andersøn Fosse (...)"*²⁵²

Anders har allereie bøtt for leiermålet, og trass i at Anders Sunde ber om Anders Andersøn også bør betale dottera sine bøter, slepp ho ikkje unna bota på seks riksdaler. Kvifor vert ikkje Anne stemna personleg som dei andre ugifte kvinnene? Eg kan ikkje sjå at saka skil seg ut på noko vis, men er av same karakter som andre lause leiermål. Ei forklaring på at far hennar er kopla inn i stemninga kan vera at Anne kan ha vore særleg ung. Når far til Anna er stemna for hennar handlingar, tolkar eg det som at han er ansvarleg for hennar åtferd. Då er det nærliggjande å tru at ho bur heime, og at ho er yngre enn dei fleste andre som er stemna for liknande saker.

Totalt sett viser det seg at fleire menn enn kvinner er stemna i seksualsaker. Årsaka til dette ligg i saker der nygifte par har fått born for tidleg etter giftarmålet. I desse tilfella er det berre mannen som er stemna og eventuelt vert dømd. Trass i at begge er skuldige i førekteskapleg seksuell omgang, er det altså berre mannen som kjem for retten. Sidan paret har gifta seg, er dette rekna for formildande omstende, og bota er mindre enn om dei ikkje hadde gifta seg.

*"Christian Miøs beKiende for Retten efter Indsteffnelse at hans Konne Komb noget for tilig i BarselSeng, (...) blef hand tilKient at bøede ejfter (..) 9 Rix ort"*²⁵³

²⁴⁹ Tgb 7:f 19b

²⁵⁰ Tgb 2:f 56b

²⁵¹ Sjå tgb 2:f 80b

²⁵² Tgb 4:f 29a

²⁵³ Tgb10:f 3b

Vi ser frå dømet at berre mannen er stemna og dømd. Eg har likevel valt å registrere desse kvinnene, og har kalla dei ”medskuldige”. Dei er nemnd i retten, dei er klart medskuldige i ”brotsverket”, og sidan dei er gift vil bota naturleg nok gå av felleskassa. Men det er viktig å understreke at dei ikkje har nokon formell stemming og straff på seg. Det er som vi skjørnar i hovudsak gifte kvinner som er medskuldige, og elleve av dei seksten gifte kvinnene som er involverte i seksualsaker fell inn under desse sakene.

Grensa mellom ekte leiermål og for tidleg barsel etter vigselen er litt flytande. Det som karakteriserer for tidleg barsel er at vi ofte møter berre mannen på tinget. Paret er allereie gift før barnet er født, og mannen vert stemna, taler og vert dømt på vegne av dei begge. Dette peikar også Telste på: ”*Mens gifte kvinner sjeldan ble innstevnet til tinget, og vanligvis heller ikke ble dømt om de fikk barnet sitt for tidlig, var forholdet et annet når ekteskapet ikke ble noe av.*”²⁵⁴ I saker med ekte leiermål har paret allereie fått barnet, men skal gifte seg. Her er det vekslande om eine eller både partar møter på tinget.

Offensive roller

Telste hevdar at det var vanleg å starte det seksuelle samlivet før vigsla, og truleg også før den offentlege trulovinga.²⁵⁵ I søken på ektemake tok særleg kvinna ein risk, og ein del feilvurdertemannens føremål. At ikkje alle friarar var like ”seriøse”, fekk Anne Nielsdatter Røscheland merke. I 1665 møter ho på tinget for leiermål, og krev at Baard Otterstad skal gifte seg med henne. Han nektar og seier han

”*aldrig nogen Echtescab at hafue loffuet eller tilsagt, Mens sagde at den tid, hun gich i Seng til
hannem, da sagde hand til hender at dersom det blef Widere af med hender, Da Ville hand Aldrig
Echte hende (...)*”²⁵⁶

Anne har nok ikkje gløymd at Baard hadde sagt dette, og ho gjer seg med ein gong. Likevel vil eg hevde ho vinn sosialt på at ho prøver å sikre seg ekteskap. Det nyttar diverre ikkje.

Materialet mitt viser tre døme på at kvinner stemner personleg i seksualsaker. Også Johanne Knudzdotter frå Sotra prøver å nytte tinget til å sikre seg ekteskap etter leiermål, og saka hennar kjem opp to gongar.²⁵⁷ Ho fortel at han ”*stengede hinde inde vdj Floren, och haffde
der Sin Wille med hinde*”, eller valdtekst med andre ord. Likevel går ho altså til tinget for å

²⁵⁴ Telste 1993:88f

²⁵⁵ Telste 1993:71

²⁵⁶ Tgb 7:f 16a

²⁵⁷ Sjå sitat side 58.

”krevje” ekteskap, og ho meinar ho kan bevise at han har lova henne det. Ekteskap er så mykje verd for henne at ho ser bort frå at han har krenkt henne. Ho var tydeleg med born, og vil sikre ei trygg ramme rundt seg og barnet. Her er då ekteskap einaste utveg. Barnefaren nektar og saka vert vist vidare til Bergen Raadstue. Her vert mannen til slutt dømd til å betale henne seks riksdaler.

Ei kvinne stemner også upersonleg, det vil seie at far hennar stemner for henne. Saka har klare teikn på likskap med sakene over.

”Anders Oelsøn Sunde (...) med en Slodssteffning (...) citerit lensmandens Anders Fossis Søn, Naffnlig Anders Andersøn, Anlangende for at Hand offr Aar och dagh Haffr ganget eftter Hans dotter Anne Andersdotter i Meeningen at wille Krenke hinde, som Hand dog omsidder schalkAgteligen Haffr giort, och Sin Willie med hinde schall Haffue haftt (...).”²⁵⁸

Det vert ikkje av det ein kan sjå gjort krav på ekteskap, og kvinna vert heller ikkje trudd. Dei må gå derifrå med uforretta sak. Kvinnan får verken lovnad om ekteskap eller økonomisk erstatning, ho får ikkje eingong sosial oppreising.

Andre roller

Berre seks kvinner har andre roller i seksualsaker, og dei er alle vitne. Trass i små tal utgjer gifte kvinner fleirtalet. Fire av kvinnene er gifte, ei er enke og den siste kvinnen har ukjent sivil status. Ei sak gjeld Johanne som er lova ekteskap, mens dei resterande sakene gjeld farskap i leiermålssaker. Bak seks vitne skjuler seg berre fire saker, då det gjerne er fleire vitne i ei og samme sak.

”Mogens Tuett sagde at Sidtzele hafde Vdlagt Peder SmørAasis Søn for sin barne fader. Men da hans prouf Mogens Steen Karj Ulsmoeg, och Baard Bynes paa hans Konnes Vegne, bleffrembræaab derom at Vidne, sagde de at de iche haffde hørt det af Sidtzele sielf, Men af hendis fader Niels Øffstun.”²⁵⁹

To kvinner vitnar i saka om kven som er far til dette uekte barnet, Karj på eigne vegne, mens Baard Bynes er talerøyr for kona og legg fram hennar vitneprov. Dette er typisk saker der ein har bruk for vitne og deira vitneprov, og det er i tillegg ting som høyrer kvinnesfæren til. Dei unge kvinnene vart som tidlegare nemnd sjekka om der var mistanke til graviditet, og denne sjekken var det kvinner som utførte gjerne på oppfordring av til dømes presten. Slik sett er det overraskande få kvinner som har rolla som vitne i seksualsaker. Innslaget av vitne vil variere

²⁵⁸ Tgb 4:f 43b

²⁵⁹ Tgb 9:f 15a Mi understrekning

stort frå sakstype til sakstype, og vi vil sjå at det er saksgrupper der kvinnelege vitne oftare står fram på bygdetinget.

Æressaker og seksualsaker – kontroll av seksualitet

Det er mykje som tyder på at samfunnsmedlemmane vert kontrollerte for deira seksuelle aktivitet. I dei aller fleste tilfelle er det øvrigheita som grip inn og stemner i slike saker.²⁶⁰

Presten hadde ei heilt spesiell rolle her. Han leverte rapportar til futen om nokon hadde fått barn utanom ekteskap eller for tidleg etter vigselen. Om det kom han for øyra at ei kvinne skulle vera med barn, sendte han gjerne hjelpekvinner til å undersøkje den mistenkte.²⁶¹ Slik bygdesladder tyder også på at allmugen kontrollerer kvarandre. I ein del æressaker blir det til dømes rydda opp i ryktespreiing:

"Nielss Olsuold och Knud ibm War steffnt J Rette formedelst at for. Nielss schal haffue til lagt for. Knud At schal haffue ligget hoess Niels Raffnangers Koene Agate for. Niels Vndschylte sig, At der som hand haffde det Sagt Da var det vdj hans Druchenschab giort, hand mindiss iche der til Ey heller vidste hand noget der om, Aff Soenet hoss Fogden,"²⁶²

Ryktet var viktig særleg for kvinnene, ho skulle ha eit ”reint” namn og godt rykte. Dette viser at sladder er eit viktig element i den sosiale kontrollen av seksualitet.²⁶³ Telste hevdar at særleg dei gifte kvinnene spela ei viktig rolle her.²⁶⁴ I hovudsak er det futen som stemner i seksualsaker, men vi ser også døme på at privatpersonar stemner. Dette står opp under påstanden om monaleg ”intern” kontroll:

"Peder Øffsthus och Rasmus Miøss Hafde ladet i Rette steffne Baard Otterstad, som Hafde besofuet it Quindfolch Nafnlig Anne Nielss Dater Røscheland, och formente hand burde Hener derfor at tage til Echte (...)"²⁶⁵

Ut frå dette sitatet ser vi at kontroll også kan tyde vern. Citantane meiner at sakvoldaren bør inngå ekteskap med kvinna han har ”besovet”. På det viset misser ikkje kvinna ”verdi” på ekteskapsmarknaden, og ho og eventuelle born er sikra ei relativ trygg økonomisk framtid.²⁶⁶

²⁶⁰ Sjå til dømes tgb 9:f 27b, tgb 4:f 6b, tgb 2:f63a, tgb 6: 9b

²⁶¹ Telste 1993:80 og 181

²⁶² Tgb 2:f 10a Eg har altså kategorisert dette som ei æressak då utgangspunktet er falske skuldingar.

²⁶³ Telste 1993:127

²⁶⁴ Telste 1993:181

²⁶⁵ Tgb 7:f 16a

²⁶⁶ ”Når det gjelder ekteskapsinstitusjonen som sådan, dreier den seg naturligvis om å føre slekten videre; den kan også dreie seg om å gi barn en god sosialisering og et trygt oppvekstmiljø.” Eriksen 1993:113

Storsamfunnet gjennom lensmann, prest og fut kontrollerte og sanksjonerte seksualbrot hos allmugen. Dei fleste sakene kjem opp av di kvenna har blitt med barn. Det ser likevel ikkje ut til at det vert gjort sterke forsøk på å avdekkje seksuelt samkven som ikkje resulterte i graviditet. Det er såleis ikkje først og fremst seksualbrota ein er ute etter, men dei synlege prova. Uekte born og born fødde for tidleg inn i ekteskapet er konsekvensar av den ulovlege aktiviteten ein vanskeleg kan gå utanom. Det ser likevel ut til at ein ser gjennom fingrane på sjølve aktiviteten så lenge det ikkje vert synleg for allmugen.

Samanfatning

I seksualsakene møter vi først og fremst dei ugifte kvinnene. Dei aller fleste av kvinnene har defensive roller, og er stort sett stemna personleg. Dei er i hovudsak involverte i leiermål, og ut ifrå dette må ein kunna slå fast at dei vert kontrollerte for utanomekteskapleg seksuell aktivitet. Det er også verd å merke seg at av dei fire kvinnene som har offensive roller i seksualsaker, er tre ugifte kvinner. Såleis er det kvinner som også nyttar tinget og lovne for å krevje retten sin i seksualsaker. Den einaste valdtektsaka er heller ikkje retta mot overgriparen på annan måte enn at det vart kravd ekteskap.

Gifte kvinner er sjeldne i seksualsaker. Dei er oftast medskuldige i ekte leiermål eller for tidleg barsel. Berre ei av dei er stemna personleg, medan fire er vitne.

Enker er så og seie ikkje involverte i seksualsaker i det heile. To kvinner må seiast å vere unntaket i regelen. Kvifor er enker i så liten grad involverte i seksualsaker? Det må vere rimeleg å hevde at det er andre ting enn god seksualmoral som gjer enkjer attraktive på ekteskapsmarknaden i høve til dei ugifte kvinnene. Ei enke sit vanlegvis på gardsbruk, og gjennom giftarmål med henne fekk ein altså tilgang på levebrød.²⁶⁷ Såleis skulle det ikkje vera same grunnen for samfunnet rundt henne å kontrollere hennar seksualmoral. Vi ser at enker står mykje friare enn andre kvinner, og har allereie vunne si sosiale stilling. Ein kan seie at mens ugifte kvinner skal vinne respekt og omdøme, har enker denne prosessen bak seg. Enka har innverknad og makt i kraft av kven ho er, mens den ugifte kvenna vert vurdert ut frå kva ho gjer.

²⁶⁷ Det var lovfest at leiglendingsenker hadde rett å sitje på garden så lenge ho var enke. Gifte ho seg opp att, måtte den nye mannen hennar inngå ny bygelskontrakt. Det var svært sjeldan at dei nygifte fekk overta

I seksualsaker er det store skilnader kvinnene imellom, men det må vere rimeleg å slå fast at denne sakkategorien viser heller stor kontroll av helst unge kvinner og deira seksuelle åtferd. Mykje tyder likevel på at denne kontrollen ikkje er ekstremt sterkt. Kontrollen er ekstern, men kan også viser seg å vere intern då samfunnsmedlemmar sjølv kan stemne kvarandre. Dei er også medspelarar med å nytte sladder og ryktespreiing. Uansett er konsekvensane størst for dei ugifte kvinnene, og dei er nok under strengast oppsyn.

4.3.3 Kvinner og økonomi

I dette avsnittet vil eg ta for meg leigesakene, gjeldssakene og eiendelssakene og sjå nærare på kvinner si stilling i saker som har viktig økonomisk innhald. Saker som dreier seg om fast eigedom tek eg opp i eit eige avsnitt. Kva kvinner er på tinget i slike saker, og kva særmerker rollene dei har i desse sakene?

119 kvinner er involverte i desse sakene, og desse utgjer 27,5% av kvinnene totalt. Innslaget av leigesaker er overraskande høgt, gjeldssaker noko lågare. Eiendelssaker er ein heller liten sakskategori blant kvinnene.²⁶⁸ Kvinner er såleis på ingen måte fråverande frå saker som har med økonomiske ressursar å gjere, slik ein gjerne hadde forventa. Det viser seg at sivil status på kvinnene kan fortelje oss mykje i desse sakene. Tabellen under viser korleis kvinnene fordelar seg på sivil status i dei nemnde sakskategoriane:

Sivil status til kvinnene involverte i leigesaker, gjeldssaker og eiendelssaker i Nordhordland 1642-1668.

Sivil status	Tal kvinner
Enke	91
Gift	10
Ugift	7
Gift el. enke	3
Ukjent	8
TOTAL	119

Tabell 14

Det som slår oss først er overvekta av enker i desse sakene. 91 kvinner eller tre av fire kvinner har enkestatus. Her lyt ein gjere merksam på at trekka kan vere forsterka av sjølvoppfyllande

bygselen. (Myking 1990:89f) Mannen var gjerne òg yngre enn henne, og ville då sitje att med garden etter hennar død.

logikk. I kapittel 1.3.1 har eg gjort greie for metodar å finne sivil status, der eg mellom anna bestemmer sivil status enke ut ifrå at kvenna er stemna for forseinka landskuld. Når eg har valt å definere kvenna som enke om ho er stemna for landskuld, vil vi sjølv sagt finne mange enker i leigesaker, det vil oppfylle seg sjølv. Dette gjeld likevel langt frå alle, og eg meinat at dette ikkje har mykje å seie for dei overordna trekka.²⁶⁹

Enkene står i ei særstilling, noko som har samanheng med det vi har nemnd før om den mannlege verja som tek seg av felles formue, gods og eigedom. Økonomiske transaksjonar og økonomiske pliktar i høve til gardsbruket viser seg å vere saker der kvenner i høgste grad er til stades. Sidan enker er overhovud på eige gardsbruk, er det naturleg at ho står i ei særstilling her. La oss sjå nærmare på kva roller kvennene har i desse sakene. Dette er lett å tenkje seg at dei fleste kvennene vil vere stemna i slike saker, men slik er det derimot ikkje. Tabell 15 viser fordelinga mellom ulike rollegrupper i saker med økonomisk innhald.

Kvinner sine roller i leigesaker, gjeldssaker og eiendelssaker i Nordhordland 1642-1668.

Rollegrupper	Leigesaker	Gjeldssaker	Eiendelssaker	TOTAL
Defensive roller	44	11	2	57
Offensive roller	23	22	9	54
Andre roller	1	2	5	8
TOTAL	68	35	16	119

Tabell 15

Fordelinga av defensive og offensive roller er jamn, og utgjer til saman om lag 93,3%. Men vi må også legge merke til at det varierer ein del frå ein sakstype til ein annan.

Defensive roller

Under defensive roller peiker særleg leigesakene seg ut. 44 av 57 kvenner som har defensive roller er involverte i leigesaker. 42 av alle dei 44 kvennene er stemna personleg, men dette overraska lite sidan vi her i hovudsak taler om enker. I leigesaker er kvenner stemna for landskuld, tredjeårstake, tiend og skatt som her i 1651:

"Borge Mester Hans Hansøns Fuldmegting Claus Poelsøn Steffnt efftersch. Munkelj bønder for Landschylld och Andenn Rettigh., dj med Resterer for A. -48. -49. och 50. Nemblig (...) Enkenn paa Dale – 2 mrk. 6 s. (...)"²⁷⁰

²⁶⁸ 68 leigesaker, 35 gjeldssaker og 16 eiendelssaker. Sjå elles tabell 8 under kapittel 4.2 Sakstype

²⁶⁹ Minst 82 av enkene er definert enkestatus på andre grunnlag enn sakstype.

²⁷⁰ Tgb2:f 49a

Enka på Dale er altså stemna for landskuld på lik linje med andre leiglendingar under Munkeliv gods. Som overhovud på gardsbruket har ho same plikter å overhalde som bønder elles. Desse og liknande saker er store massestemmingar der forvaltaren stemnar ei mengd leiglendingar i same stemning, gjerne så mange som 10 til 30.

To kvinner er upersonleg stemna i leigesaker. I begge sakene vert deira avdøde mann stemna for resterande skuld og bygsel, og kvinnene må difor svare på hans og eigne vegne, og dei står økonomisk ansvarleg om det viser seg at mannen faktisk skulda noko.²⁷¹ Naturleg nok kan ikkje mannen sjølv svare, og ansvaret ligg difor på kvinna. Dødsfall for mannen er nok einaste tilfella der kvinna vert stilt ansvarleg for mannen sine handlingar og for hans økonomiske plikter. Vi ser at både verdiar og gjeld kan gå i arv. Det er også interessant å leggje merke til at kvinna nytta fullmektig, og at det kan synast som at bevisbyrda ligg på henne. Men i dette tilfelle går det bra, og kvinna får ikkje noko krav på seg.

11 kvinner har defensive roller i gjeldssaker, og 10 av desse er også stemna personleg. Det kan vere rein pengegjeld eller gjeld for varer. Ein må slå fast at også kvinner kan setje seg og hushaldet i skuld for matvarer:

"Noch haffde hun steffnt Jngeborig i Staffuesund for Elluffue Kander Øell, Kanden Sengs schielling, som hun haffe hendt hoes hinde, jtem fire Pund Fisch paa Regning, saa och Tre Kander Salt, 6 s. Kanden, och for. Fischer 2 mrk i penge, Noch 1 ½ Kande Øel som hindis Mand Selff bekomb, bedrager sig tilsammens Otte Mark ??ringer 3 s. (...)"²⁷²

Ingeborg er som vi ser gift kvinne, og det er interessant å leggje merke til at ho vert stemna også for varer mannen hennar har fått. No kan det vere at det er ho som har bestilt ølet, men ektemannen som har henta det. Likevel skal vi merke oss at det i denne saka ikkje er mannen som hushaldsoverhovud som er stemna, trass i at det er hushaldet som er sett i gjeld. Men Ingeborg er unntaket og den einaste gifte kvinna i denne gruppa. Minst 7 av dei 10 kvinnene er enker. Enker kjøper varer og set seg i gjeld, og dei vert personleg stemna for dette.

Ei kvinne vert stemna upersonleg for gjeld. Ingeborig Joesdotter Settere er gift oppatt med Knud Settere. No vert Knud stemna for gjeld som Ingeborigs førre mann hadde.

"Rasmus Nielsønn Borger i Bergenn och Boendis udj Langøen steffnt Knud Settere for Retten, for enn Kiedell god om 2 ½ Rdr, som eftter Hans Quindes Ingeborig Joesdotters fôrrige Mand, och ved Naffn

²⁷¹ Sjå til dømes tgb 4:f 77a

*Knud Settere for gield och schyld som Hand Rasmus var schyldig, och samme Kiedel bleff Rasmus paa
Skifte eftter Salige Knuds død vorderit*²⁷³

Som nytt overhovud i eit hushald ser vi at Knud lyt overta skuld og gjeld frå det førre overhovud. Etter lova er dette Ingeborig si arv, og det er etter mi meining ho som er hovudperson i stemninga og står for knutepunktet mellom gjelda og Knud Settere. Likevel er Knud verje for deira felles gods og lyt difor stå til ansvar for skulda. Ingeborig er dermed ikkje direkte ansvarleg for gjeld trass i at det er hennar avdøde ektefelle, og ikkje hans.

To kvinner er også stemna i eiendelssaker. Gure er enke mens Madele er gift, og begge kvinnene er stemna personleg. Madele er stemna for å halda att eit pantsett sylbelte når eigaren vil ha dette tilbake.²⁷⁴ Saka vert utsett, og skal takast opp att på neste ting. Trass i at Madele er gift, vert ikkje mannen hennar stemna for beltet. Det er tydleg ein forretning Madele og grannen Lauerdtz står bak.

Vi ser at dei aller fleste kvinnene som har defensive roller i desse sakskategoriane er stemna personleg. Berre tre av 57 kvinner med defensive roller er stemna upersonleg. Det er med andre ord saker der kvinna vert sett på som personleg ansvarleg, og ektemann eller anna verje er sjeldan kopla inn. Dette skal vi likevel ikkje trekkje for langt, men må hugse på at det her i hovudsak er tale om enker. At enker står åleine i slike saker er naturleg nok sidan dei er overhovud i eige hushald. Enker hadde rett nok i følgje lova høve til å rådføre seg med og trekkje inn verje, men vi ser at dette sjeldan er gjennomført i praksis, i alle fall i desse sakene.

Offensive roller

Som tabell 15 viser har 54 kvinner offensive roller i saker med viktig økonomisk innhald. Dette er berre tre kvinne mindre enn gruppa med defensive roller, og denne jamvekta overraska noko. Vel var det forventa at kvinner skulle vere involverte i slike saker, men eg ville ikkje venta mange kvinner med offensive roller. Her er det altså kvinnene som stemner andre for landskuld, gjeld eller anna. La oss sjå nærare på desse sakene. Det viser seg at her skjuler seg ei gruppe kvinner som skil seg ut frå allmugekvinnene. Det er først og fremst leigesakene som viser dette, noko som dels seier seg sjølv. Berre ein liten elite eig jord på denne tida i

²⁷² Tgb 5:f 52b

²⁷³ Tgb 3:f 15b

²⁷⁴ Tgb 3:f 78a

Nordhordland. Døssland hevdar at talet på bondeeid jord i Nord- og Midthordland i 1647 er om lag 15%.²⁷⁵

*"Johans Selleuolds HøSTRU stefnt Niels Helleland for 3 Aars Resterende Landschylde."*²⁷⁶

Kvinna i dømet skil seg ut på fleire vis. Ho er for det første gift kvinne: *"Johans Selleuolds HøSTRU"*. Dei fleste med tilsvarende rolle i leigesaker er enke. For det andre er det ingenting med namnet hennar som gjer at vi automatisk plasserer henne i handels- eller borgerstanden i byen. Det er mykje som tyder på at dei fleste andre kvinner som stemner personleg i leigesaker tilhører ein elite utanfor bondesamfunnet.²⁷⁷ Johans Selleuolds hustru *kan* likevel vere jordeigande bondekvinne. Om ho er av denne vesle gruppa, finn eg det høgst interessant at ho sjølv krev landskulda, og ikkje ektemannen.

25 kvinner stemner som dei ovannemnde: personleg, og sju av desse i leigesaker. Minst fem av desse sju kvinnene er enker, Johans Selleuolds HøSTRU er eineste kvinne som vi veit er gift. Den sjuande kvinne har ukjent sivil status.

Kvinner stemner også upersonleg i leigesaker. Faktisk stemner dobbelt så mange kvinner upersonleg som personleg i slike saker. Kvinnene skil seg ut, og viser seg å vere ei heilt spesiell gruppe. Kirsten Bildt kjem i 1667 i krangelen med leiglendingane hennar på Windenes. Dei meinat ho krev for store avgifter:

*"Och beKlagede forschreffne Windenesis Besiddere sig Høylingen ofuer den stoere af gift Nemlig 15 Rixdaler, som de gifuer Welbemelte frue Kirsten Bildt i Aarlig afgift af Tuende Laxeuoger, som de foregaf at hafue falden demb nu i Langsommelig tid alt for megit Besuerlig, Och er demb nu til største for Armelse, Och iche lenger Kand saadant Vdstaa, eftersom fischeriet slaar megit feil meer end i førige tider"*²⁷⁸

Leiglendingane på Windenes får ikkje medhald, men må godta avgifta eller flytte frå garden. Av dei kvinnene som stemner upersonleg, skil ikkje Bildts seg ut på nokon måte. Ingeborg S.M. Loedwigs, Inger Worm, Bispens hustru Ingeborg, Grete Olaussdotter S. Johan De Langes, Anne S. Pedr Nielsøns udj Bergen og Magdalenne S. hr Johan Stockhouffs meiner eg det er rimeleg å karakterisere som kvinner frå ein fåtalig elite. Nokre av kvinnene stemner upersonleg i fleire leigesaker, til saman 16 saker. Det er også verd å merke seg at dei aller fleste kvinnene nytta fullmektig når dei stemner upersonleg. Tre kvinner nytta nær slekt og

²⁷⁵ Døssland 1998:79

²⁷⁶ Tgb 9:f 23b

²⁷⁷ Sjå til dømes tgb 5:f 65b, tgb 4:f 36b og tgb 10:f 2a

andre. Det store innslaget av fullmektig forsterkar trua på at dette er kvinner frå eliten. Kvinnene med offensive roller i leigesaker er altså ei heller homogen gruppe. Dei aller fleste er enker, og eg meiner også det er rimeleg å hevde at dei tilhører ei elitegruppe. Sju stemner personleg og heile 15 stemner upersonleg. Dei fleste av dei 15 kvinnene nyttar også fullmektig.

La oss gå vidare til gjeldssakene. Desse sakene har nokre av dei same kjenneteikna som leigesakene: det er mellom annan i hovudsak snakk om enker. Det er gjeld i pengar eller for matvarer, og i tillegg eit uoppgjort sal av eit tinghus, eit døme vi har sett tidlegare.²⁷⁹ Margrette har altså kjøpt og betalt eit tinghus, men har verken sett huset eller fått pengane sine attende. Det er ingenting som seier at enka er anna enn frå bondesamfunnet. Likevel kan ein lett tenkje seg at denne enka har meir midlar enn dei fleste andre kvinner i hennar situasjon. Ut ifrå dette må det vere rimeleg å hevde at Margrette hører heime i øvre sosiale sjikt i bondesamfunnet. Dei andre gjeldssakene gjeld også dels store verdiar, men denne saka er blant dei som gjeld størst verdiar.

Blant dei 12 kvinnene som stemner personleg i gjeldssaker, skil ei kvinne seg ut med at ho er ugift. Sirj Olsdatter har flytt eignedelar heim til Knud Feste i meiningsa dei skal gifte seg. Seinare ombestemmer ho seg, og no krev ho Knud for 2 ½ våger korn. Som ugift kvinne stemner altså Sirj personleg, trass i at ho har brote eit løfte om ekteskap. Men ho er unntaket då berre to av 22 kvinner med offensive roller i gjeldssaker er ugifte. Til samanlikning er ei eller to kvinner gifte.²⁸⁰ I gjeldssaker som leigesaker er det enker som dominerer i offensive roller.

Nokre av kvinnene stemner også upersonleg i gjeldssaker, nærmere bestemt 10 kvinner. Åtte av desse er enker, ei kvinne er gift, mens ei kvinne er ugift. Dette kan gjelde heller store verdiar som her i 1652:

"Lauers Walter, Fuldmegtig paa Anne Clausdotters Salig Sander Jansens, Borgersche udj Bergenn,
Som haffde Ladet steffne Magdalena Salig Herr Johensis paa Mangersnes , for gield – 78 Slette
dr. „²⁸¹

Vi har tidlegare gjeve ymt om at det gjerne er eliten som nyttar fullmektig, og Anne må seiast å tilhøyre eliten. Ni av dei ti kvinnene nyttar også fullmektig i gjeldssaker. Anne er dessutan

²⁷⁸ Tgb 9:f 2b

²⁷⁹ Sjå side 21.

²⁸⁰ Ei kvinne er eg usikker på, men ho er enten gift eller enke.

²⁸¹ Tgb 3:f 65b Mi understrekning

borgar i Bergen og krev ein svært stor sum ho har til gode. Ut ifrå dette må ein kunna slå fast at Anne er ei ressurssterk kvinne.

Trass i overvekta av enker, finn vi eit døme på at ugifte kvinner stemner upersonleg for gjeld. Dette er eit unntak på fleire vis. Sjølvé sakkategorien er uvanleg: berre to ugifte kvinner er som sagt involverte i gjeldssaker. For det andre er dette ei rolle som er sjeldan for ugifte kvinner. Av totalt 92 ugifte kvinner, er berre fem av dei upersonleg citant. Med dette i bakhovud ser vi nærmere på ei gjeldssak:

*"Maritte Anders dotter tiennendis welagt Niels Harboe wed hindes Fuldmegting Lauritz Walter, steffnt Jon Wæsetter for hindes Løn sambt for Anden witterlig gield, som er offe Alt – 22 ½ R dlr. – 32 s."*²⁸²

Vi ser det er ein relativ stor sum det her er snakk om, og det er nærliggjande å tru at det mellom anna er løn for ei lang tid i teneste. I løpet av min kjeldeperiode har eg ikkje funne døme på liknande saker, og vi må difor kunna rekne med at det normalt ikkje var vanskeleg å få utbetalt løna når ein hadde behov for denne. Vi må også ut ifrå den store summen rekne med at Maritte har vore i teneste ein del år, og er opp i åra til ugift kvinne å vere. Dette kan vere med å forklare den stillinga ho her viser på tinget. Ho har tydeleg også råd å betale fullmekting for å tale saka si.

La oss sjå nærmere på eiendelssakene. Berre ni kvinner har offensive roller her, og det er interessant å merke seg at enker ikkje er like dominerande i denne gruppa som i dei føregåande. Av dei seks kvinnene som stemner personleg, er minst to enker, minst to kvinner er ugifte, ei kvinne er gift eller enke, mens ei kvinne har ukjent sivil status.

*"En Quinde ved naffn Charj Anders Dater, haffde til taele til Anders sliere for noget goedtz vdj for s: Stoer Sliere, som hender schulle til Komme och hand forholder hender det foere, bleffue forligte for Sex dlr som for s: Anders schulle giffue hender"*²⁸³

Charj har eidedelar, eller *"noget goedtz"* som tilhører henne, og gjer med dette krav på det. Ho inngår forlik og godtek ein pengesum på seks dalar. Eg tolkar dette som at pengane er ei slags erstatning for *"godset"*, og dette gjer at ein stiller spørsmål om kvifor Charj stemner saka for retten. Er det faktum at ho ikkje utan rettens hjelp fekk tilbake det ho hadde krav på, eller kan det ligge bak eit ønskje om ei offentleg vurdering av eignedelane.

²⁸² Tgb 2:f 63b

Tre kvinner stemner også upersonleg i eiendelssaker. Som i dei føregåande tilsvarende gruppene finn ein også her kvinner frå ein elite i Bergen. Simens S. Hermand Frisches vdj Bergen og Ellj Olsdotter aff Bergen kan sjå ut til å tilhøyre eit øvre sjikt. Men den tredje kvinnen ser ut til å vere ei kvinne frå bondesamfunnet. Rangwed sin nye ektemann stemner hennar tidlegare svigerfar for heimgåva Rangwed og hennar avdøde mann skulle fått.

*"Knud Oelsøn Storre Oxe wed lensmannen steffnt Elling Skare (...) for en ½ wog Ny Kobber som for. Elling Haffuer goedwilligen forærer Sin Sønn Elling Ellingsøn nu Salig och Hans Quinde Rangwed Knudzdotter vaj himbgaffue der de komb til sammen vdj Egteschaff, och dj det ike bekomb"*²⁸⁴

Elling må gje dei denne gåva, og samstundes trekkje han fram gjeld som Knud er han skuldig. Med dette får lensmannen ansvar for å sjå til at dei gjer opp seg imellom. Rangwed si rolle kan vere vanskeleg å skildre, ho står på sidelinja på mange vis. Men det er også i følgje lova verja hennar, i dette tilfelle hennar nye ektemann, som skal krevje arv og rettar som dette. Det vil ikkje vere rett å kalle henne passiv av den grunn. Eg ser det slik at ektemannen stemner og fører sak på hennar vegne. Dei andre to kvinnene har følgje av fullmektig. Dette er venteleg av di dei mest sannsynleg tilhører ein elite, og minst den eine kvinna er enke.

Andre roller

Åtte kvinner har andre roller i saker med økonomisk innhald. Det er ei beskjeden gruppe der seks kvinner er vitne. Weinche Simensdatter på Eidsvåg vert stemna for å vere for sein med landskulda. Ein ymtar fram på om Weinche ikkje bør gå frå garden. Fullmektigen hennar fortel at ho ville betale landskulda, men at ingen ville ta imot.

*"Anne Wibe suarede at hun ingen dilation hafde gifuet Weinche at indeholde Landshcylden, och at hun det iche heller af hende begierede."*²⁸⁵

Det kjem ikkje klårt fram frå teksten kven denne kvinna er, men ein kan lett tenkje seg at ho tilhører hushaldet til jordeigaren eller forvaltaren. Eg tolkar det slik at Anne gjer klårt for retten at ho ikkje har gjeve utsetjing til Weinche, og at Weinche heller ikkje har bede om det. Eidsvåg gard og mølle grunnlag for krangel og kiving gjennom heile min periode, og vi har tidlegare nemnd det därlege forholdet mellom grannane Weinche Simensdatter og Grete Olaussdatter. Vi anar at det difor kan ligge djupare ting bak saka ovanfor enn forseinka landskuld. Ein bør likevel peike på korleis vitne og vitneprov kan vere avgjerande bevismateriale i ulike saker, også saker med monaleg økonomisk innhald.

²⁸³ Tgb 1:f 27a

²⁸⁴ Tgb 4:f 29b

²⁸⁵ Tgb 10:f 43a

To kvinner er også talerøyr i denne saksgruppa. Det gjeld ei gjeldssak og ei eiendelssak.

Rasmus Nielsønn, borger i Bergen, stemner Knud Settere i Lindås skipreide for gjeld og skuld.

*"Paa forskreffne Rasmus Nielsøns veigne, var Hans Quinde Ellen Pedersdotter vdj Rette"*²⁸⁶

Sidan Rasmus er borgar i Bergen, hadde ein gjerne forventa at han ville nytte fullmektig om han ikkje kunne møte sjølv. Særleg når han som her har ei offensiv rolle. I staden møter kona i hans stad og fører saka for han. Dei vert tilkjent det dei har til gode.

Samanfatning

Vi har først og fremst sett at enker spelar ei særskilt rolle i økonomiske saker, dei er i stort fleirtal her med andre ord. I leigesaker har eit stort fleirtal av kvinnene defensive roller, og vi har sett at dei i hovudsak er personleg stemna. Mindretallet har offensive roller, og vi har peika på at kvinnene her i hovudsak truleg tilhører ein elite utanfor bondesamfunnet.

I gjeldssaker har fleirtalet av kvinnene offensive roller, noko som kanskje overraska noko.

Også denne gruppa er prega av at kvinnene er enker, og at mange høyrer til eit eliteprega sjikt. Ein del kvinner er også stemna i gjeldssaker. Dei har sett seg og hushaldet i gjeld. Ut frå dette kan ein slå fast at kvinner deltek i det økonomiske livet på fleire sett. Eiendelssakene er ikkje så mange, men fleirtalet av kvinnene har offensive roller. Enkene er ikkje like einerådande her. Det er også blant desse sakene ein finn flest kvinner med andre roller, trass i at vitne er ei heller sjeldan rolle i desse sakstypane.

Vi må også peike på den beskjedne gruppa kvinner med andre roller i saker med økonomisk innhald. Av 119 kvinner er berre seks kvinner vitne, og to talerøyr. 69 kvinner er vitne totalt, og dei tre sakskategoriene eg her har omtala er dei som står med lågast innslag av vitne.

Kvinnelege talerøyr veit vi er få totalt sett, og det overraska noko at vi fann to av dei ni i desse sakstypane. Ut frå dette kan det sjå ut til at det ikkje avgrensingar i sakstypar om kor vidt kvinner kan vere talerøyr eller ikkje.

I følgje lova frå 1604 skal kvenna sin nærmeste mannlege verje ta hand om arv og pengar over ein viss verdi.²⁸⁷ Tingbökene gjev oss eit heilt anna bilet av kvenna og økonomi. Ho ser ut til å

²⁸⁶ Tgb 3:f 15b

²⁸⁷ Sjå til dømes NL 1604 (4-3)

ta del i dei fleste økonomiske aksjonar, og vert stemna for landskuld, gjeld eller eigedelar. Dette samsvarar også med Hilde Sandvik sine funn frå Kristiania på slutten av 1700-talet. Det må likevel understrekast at dette først og fremst gjeld enker. Den økonomisk ”umyndige” kvenna er det etter mi meining lite spor av i Nordhordland.

4.3.4 Kvinner og eigedom

Det vert hevda frå fleire hald at kvinner i svært liten grad er involverte i saker som dreier seg om fast eigedom. Marja Taussi Sjöberg har gjort liknande forsking i Sverige, og hevdar at ugifte kvinner berre unntaksvise var på tinget i saker som gjaldt fast eigedom, gifte kvinner aldri, mens enker forvalta fast eigedom sjølve.²⁸⁸ Korleis står kvinnene i Nordhordland i høve til dette? No må ein vere merksam på at lover kan vere annleis i dei to landa, men som Sjöberg skriv: ”*Men man följde inte lagen bokstavligt*”. Er kvinner involverte i saker som gjeld fast eigedom, og i så fall kven er desse kvinnene og kan ein peike på særtrekk i rollene kvinner har i slike saker? Dette er spørsmål eg vil sjå nærare på i dette avsnittet, og sakskategoriane eg tek for meg er eigedomssaker og arvesaker.

Vi ser i tabell 8 side 69 at kvinner involverte i eigedoms- og arvesaker utgjer til saman 12,3% av kvinnene totalt, der eigedomssakene er i fleirtal.²⁸⁹ Innhaldet i desse sakene viser mellom anna eige- eller bruksrett til jord eller gardsbruk, eller usemje om kva plikter som ligg på gardsbruket. Eg gjer merksam på at ikkje alle sakene under desse kategoriane gjeld fast eigedom, men også til dømes laust innbu eller pengar. Desse sakene vil eg leggje mindre vekt på i dette avsnittet.²⁹⁰ Kven er då dei kvinnene som møter på tinget i saker som gjeld fast eigedom? Tabellen under viser kva sivil status desse kvinnene har.

Sivil status til kvinnene involverte i eigedoms- og arvesaker i Nordhordland 1642-1668.

Sivil status	Tal kvinner
Enker	35
Gifte kvinner	10
Ugifte kvinner	2
Gift eller enke	1
Ukjent sivil status	5
TOTAL	53

Tabell 16

²⁸⁸ Sjå mellom anna Sjöberg 1996:117

²⁸⁹ 30 kvinner i eigedomssaker og 23 kvinner i arvesaker

²⁹⁰ Eg gjer merksam på at eg tek dei med i alle tal og utrekningar.

Ikkje uventa er enker i stort fleirtal, og utgjer to tredelar av kvinnene totalt. Som nemnd tidlegare er dei overhovud i eige hushald, og det kan tyde på at Sjöberg sine forskingsresultat om enker også kan gjelde Nordhordland. Ti gifte kvinner er i overkant av det eg hadde forventa, og desse sakene gjer meg nysgjerrig. I følgje Sjöberg deltek ikkje gifte kvinner på tinget i det heile i slike saker. Dette ser altså ikkje ut til å stemme i Nordhordland. Innslaget av ugifte kvinner ser vi er svært lågt, og to kvinner må seiast å vere unntaket.

Korleis er så fordelinga mellom defensive, offensive og andre roller i slike saker?

Rollemønsteret skil seg på fleire sett ut frå det føregåande avsnittet.

Kvinner sine roller i eigedoms- og arvesaker i Nordhordland 1642-1668.

Rollegruppe	Tal kvinner
Defensive roller	18
Offensive roller	25
Andre roller	11
TOTAL	53

Tabell 17

For det første har fleirtalet av kvinner offensive roller. Vi forstår at her er det flest kvinner som krev retten sin eller stemner av andre grunnar. For det andre har kvar femte kvinne andre roller, og dette er noko høgre enn i den føregående gruppa. La oss sjå nærmare på dei enkelte rollegruppene.

Defensive roller.

18 kvinner har defensive roller i eigedoms- og arvesaker. Sju kvinner er involverte i eigedomssaker, og dei er alle enker og personleg stemna. Bortsett frå ei sak som stiller spørsmål om kven som har rett på landskulda frå ein gard i Mjelde, dreier alle sakene seg om bruksrett til eit gardsbruk, som på garden Fyllingen:

"Johans Olffsen (...) ved slotz Steffning i Rette haffde ladet steffne Erlig och Forstandig mand Volchard Brodersen Ko. May. Foget i Nordhorlehn och Ombudzman offuer Munchely Clostergoetz Sampt en Enche ved naffn Marite Fyllinge S. Eleff Fyllings Effterleffuersche Formedelst en Anpart i for s. Gaard Fyllinge Nemblig leje(...)"²⁹¹

²⁹¹ Tgb 1:f 47a

Johans meiner han har rett til gardsbruket på Fyllingen før Marite. Saka kjem opp att nokre månader seinare, og dei kjem fram til eit forlik. Marite misser likevel ikkje bruket. Trass i at dette er alvorlege saker som gjeld levebrødet, vert ingen andre enn enka sjølv kopla inn i saka. Ingen lovverje eller fullmektig, men enka står åleine også her som i andre typar saker.

Kvinner med defensive roller i arvesaker fordeler seg på sju personleg stemna og fire upersonleg stemna. Minst fem av dei sju som er personleg stemna er enker, to har ukjent sivil status. Dei sju arvesakene dreier seg både om fast eigedom og anna gods. Minst tre av sakene gjeld jord og jordepartar.

*"Anne Clausdotter (...) lader (...) Citere (...) Lisbet och Corneliste Sanders Døttre (...) Anlangende Alfføen och des Møller som war for. S. Sander Jansøns och be. Hans effterleffuersche hustruis Oeddel, Som forschreffne S. Sander Jansøn schall haffue Solt och Affhendt til Joris Corneliusønn Vdenn hans hustruis och effterleffuersches be Ane Clausdotters Willie och Sambtøcke"*²⁹²

Sakvoldarane er stebarn til Anne, og dei vert stemna av di dei sannsynlegvis har gjeve samtykke til far deira som har selt gardeparten på Alvøen. Bak dei fire kvinnene som er upersonleg stemna skjuler seg ei sak der to systrar vert stemna for at dei ikkje har delt arv med bror deira. I tillegg kjem saka opp to gonger. Vi ser at dei vert stemna ved ektemennene. Kvinnene er med andre ord gifte.

*"Joen Hougssdal steffnt Anders Kobber dale formedelst hand och Erich Rommerem har til taget sig Arffuen effter hans S. Moeder, och hand intet der afffaait, enddog hand er hendis Kiødelig Søn och broeder til deris Høstruer."*²⁹³

Kvinnene har unnlatt å dele morsarva med bror deira, Joen, men hevdar at dei har "Seddel eller breff" som gjer dei rett til dette av di dei har underhalde mora i sine "alderdoms dage". Dette greier dei derimot ikkje bevise, og arva skal delast mellom dei tre syskena. Det er interessant at trass i at det er kvinnene si arv det her er tale om, er det ektemennene som vert stemna. Det er tydleg han som er sett på som verje også for hennar morsarv.

Vi har sett at dei fleste kvinnene med defensive roller i eigedoms- og arvesaker er enker. Enkene er stemna personleg, dei gifte kvinnene upersonleg. Vi må også kunna slå fast at enker har defensive roller som både gjeld fast eigedom og anna.

²⁹² Tgb 2:f 41a Mi understrekning.

²⁹³ Tgb 7:f 3a

Offensive roller.

Vi har sett at fleirtalet av kvinner i egedoms- og arvesaker har offensive roller. Dei er den fornærma parten som krev retten sin på tinget. Om verja eller andre i liten grad var kopla inn der kvinnene hadde defensive roller, er fordelinga mellom kvinner som stemner personleg og kvinner som stemner upersonleg noko jamnare. 13 kvinner stemner personleg mens 11 kvinner stemner upersonleg. Dette er også eit trekk vi kjenner att frå dei føregåande avsnitta. Verja eller andre medspelarar er hyppigare involverte i saker der kvinner har offensive roller enn om kvinna har defensive roller.

13 kvinner stemner personleg, og minst 11 av desse kvinnene er enker. Ei kvinne er gift eller enke mens den siste kvinnen har ukjent sivil status. Enkene rår med andre ord også her. Minst ti av dei totalt 13 sakene gjeld egedoms- eller bruksrett til jord og gardsbruk.

"Efftersom Karel Tomasøn och Hans Søster Margrette Tomass dotter Loetmand begge Aff bergen wed Slodzsteffning haffde Citerit Oelle Haldwardsøn Mitfiell Anlangende ½ Løbss Leye i for. Midfielle liggendis, som deriss S. Fader Tomas Zandersøn (...) till Oedel och Eigendom Aff Rette Oedelssmend sig haffe tilkiøpt (...)"²⁹⁴

Sal av odelsjord var komplisert, og kunne berre skje under godkjenning frå rette arvingar. Margrette og bror hennar meiner salet har skjedd rettmessig og at dei difor har rett denne jorda etter far deira. Margrette stemner her personleg ved sida av broren, og dette finn eg interessant. Ut ifrå namnet hennar, ”Loetmand”, vil eg hevde at ho tilhører ei høgre sosial klasse utanfor bondesamfunnet. Dette vil eg hevde gjeld fleire av dei andre kvinnene også: Welb. Frue Karen Mouat og Margrette Tomasdatter S. Jens Kiempis etterleverske.²⁹⁵ Desse kvinnene har vi sett stemnar sjeldan personleg, og eg ville forvente at bror hennar kanskje stemna på vegne av dei begge. Margrette er også enke, og enker frå denne eliten nyttar stort sett fullmektig i retten. Her stemnar ho altså personleg.

11 kvinner stemner upersonleg i saker som gjeld fast og laus egedom. Tre av dei elleve kvinnene er gifte mens dei resterande er enker. I den grad gifte kvinner er direkte involverte i slike saker, er dei altså involverte via verje eller fullmektig.²⁹⁶ Ingen gifte kvinner vert stemna eller stemner personleg i liknande saker, det er altså store skilnader etter kva sivil status

²⁹⁴ Tgb 5:f 36a

²⁹⁵ Til dømes Margrette kjem att fleire gonger med ulike saker.

²⁹⁶ To av kvinnene er representerte ved ektemannen, ei ved fullmektig.

kvinnene har. Alle dei åtte eigedomssakene og minst ei av dei tre arvesakene gjeld fast eigedom.

"Abel Munte Loed wed Søffren Tomesen i Rette ligge Slodtz steffning offuer Hans Tomesen Byeschrifuer i Bergen som formynder for Peder Andersen I meeningen at hun formeener hand haffuer ingen Rett lenger at bruge den gaard Eide i Arne schibred, som hun Kiøbt haffuer (...)"²⁹⁷

Sitatet viser at Abel vil kaste den noverande leiglending Peder Andersen av jorda. Men både lov og praksis viser at det er svært vanskeleg for jordeigarar å kvitte seg med leiglendingar. Lova gjorde terskelen høg for at ein kunne misse retten til levebrødet. Vi ser at Abel stemner upersonleg i tillegg til at ho nyttar slottsstemning. Likevel får ho ikkje krava sine gjennom, men Peder får bli verande på gardsbruket *"Dog saa lenge Jordrotten iche sielff Trenger dertill"*. Mykje tyder på at kvinnene i dei åtte eigedomssakene ikkje er vanlege bondekvinne. Utanom Abel Munte møter vi kvinner som Kirsten Bildes, fru Brantseflor Bildt, Weinche Simensdatter borgerske i Bergen og Sigrj Baardtzdatter Huckland. Fleire av kvinnene kjem også att fleire gonger. Bortsett frå sistnemnde meiner eg det er rimeleg å plassere kvinnene i ein elite frå Bergen.

Vi har peika på at fleire kvinner har offensive roller enn defensive roller, men vi ser også at mange av desse kvinnene tilhører ei elitegruppe. Dette fleirtalet med offensive roller representerer då i mindre grad kvinner generelt, men er uttrykk for at kvinner rik på ressursar nyttar tinget for å fremje krav i høve til jordeigedommar. Dei fleste kvinnene her er enker, og kvinnene som har annan sivil status er involverte med verje eller fullmekta.

Andre roller

Kvar femte kvinne har andre roller i eigedoms- og arvesaker, åtte kvinner som vitne og tre som talerøyr. Alle sakene er eigedomssaker, og ingen kvinner har andre roller i arvesaker. Av dei som er vitnar er to kvinner ugifte, fire enker og dessutan to kvinner med ukjent sivil status. Også her er dei gifte kvinnene fråverande. Til gjengjeld møter vi dei einaste ugifte kvinnene i eigedoms- og arvesakene her. I den grad ugifte kvinner er involverte i slike saker er det altså ikkje i samband med ei stemning, dei opptrer aldri som hovudperson i ei stemning med andre ord. Fire vitneprov går på grenseoppgang og merkestein mellom eigedommar, og elles gjeld sakene åbot, kven som har rett på landskulda frå ein gard i Mjelde og eit huskjøp. Berre ei av sakene gjeld eigedoms- eller bruksrett til fast eigedom.

²⁹⁷ Tgb 8:f 14a

"Lensmanden Claus Molde stefft Jon Brandsdall med Hans Søn Sigwoe Jonsønn, anlangende Enken paa Waage, om hun haffr Oplat Jordenn for forschreffne Sigwor (...) Da Suareden Enkenn at Hun wilde nu holde Sig till Oelle som nu Waage Haffr i brugh"²⁹⁸

I tillegg til enka sjølv, kan også andre vitne at det var hennar vilje at Oelle skulle ha jorda etter henne. Saka endar også i Oelles favor. Heile tre av ni kvinnelege talerøyr opptrer også i denne saksgruppa. Alle tre døma er henta frå eigedomssaker, ingen kvinner opptrer som talerøyr i arvesaker. Kvinnene i arvesakene er då alle hovudpersonar i stemninga, enten offensiv eller defensiv. Bak dei tre sakene skjuler seg to kvinner av di ei kvinne opptrer som talerøyr to gonger i to ulike saker. Kvinnene som er talerøyr i eigedomssaker har fleire fellestrek. For det første er dei gifte. Vi har sett at svært få gifte kvinner er involverte i eigedoms- og arvesaker, og det overraskar difor at vi møter gifte kvinner her. Ser vi nærmare på tilfella er det likevel ikkje så unaturleg. Dei møter på tinget og taler på vegne av ektemannen. Mellom anna er hustrua til byfuten talerøyr for mannen hennar i to saker der det gjeld bruksrett og opplating til gards bruk. Det er viktige saker der levebrødet for dei innstemna står på spel. Byfuten og kona hans er i begge saker den offensive parten.

"(...) Anlangende den Sag. om dend Gaard Mieldum, Som Peder Jensøn Kongl. Ma. byfogit Vdj Bergen till Johannis Skiodall och Stephenn Dannielsøn Mildum haffe for en Rumb tid siden for enn Summa penge oplatt, och die endnu Resterer med største parten (...) Vdj Rette Kongl. Ma. Byfoegit Welagt Peder Jensøn Vdj Bergen Hans Fuldmechtig Christen Tostrup, och Byfoegdens Quinde Karen Tomass dotter"²⁹⁹

Ikkje berre møter Karen på vegne av mannen, men det er også ho som har inngått avtalen med leiglendingane: *"(...) at haffue Loffuit Karen Tomass Dotter – 40. R dlr. med saa scheel at hun schulde forschaffe hannem en frj Bøxsel Seddel"*. Ei forklaring til at det er Karen som inngår avtale og fører saka i retten, kan vere at det er Karen si jord som ho har fått gjennom til dømes arv. Uansett er det uvanleg at kvinna tek seg av slike "forretningar", vi har sett at dette plar ektemannen gjere uansett kven sin eigedom det er. Enda meir uvanleg er det sidan det er byfuten og hans hustru, noko som eg vil karakterisere som høgre sosiale lag. Kvinner med denne bakgrunnen har vi sett sjeldan opptre i retten på eiga hand. Den andre kvinnan, Christian Tarlebøes Hustru ser ut til å vere frå bondesamfunnet. Saka gjeld plikter og skattar i høve til gardane Hunstad, Møllendal og Tarlebøe.³⁰⁰

²⁹⁸ Tgb 4:f 55b

²⁹⁹ Tgb 2:f 72a

³⁰⁰ Sjå sitat side 59.

Kvinner med andre roller er ikkje like dominert av enker som dei føregåande rollegruppene, men vi møter kvinner med ulik sivil status. Alle sakene er eigedomssaker, og heller få av dei gjeld eigedoms- eller bruksrett til fast jordeigedom. Åtte kvinner er vitne og tre talerøyr, og dei kvinnelege talerøra representerte ektemannen sin.

Samanfatning

Enker dominerer eigedoms- og arvesakene på fleire vis. Først og fremst utgjer dei fleirtalet av kvinnene, og i tillegg er dei også meir direkte involverte. Dei er personleg involverte, og er i hovudsak hovudperson i høve til stemningar.

Med gifte kvinner er det litt annleis. Sjöberg hevda at dei ikkje var på tinget i det heile i saker som gjaldt fast eigedom. Dei få gifte kvinnene vi møter i desse sakstypane i Nordhordland er involverte via verje eller ektemann, eller dei har andre roller. Til gjengjeld er dei tre kvinnelege talerøyra gifte kvinner, og taler på vegne av ektemennene sine. Ein kan ut frå dette ikkje hevde at dei ikkje var til stades på tinget, berre at dei var det i liten grad og i andre roller enn enker.

Berre to ugifte kvinner var involverte i eigedoms- og arvesaker, og begge desse hadde rolle som vitne. Ugifte kvinner er i svært liten grad på tinget i slike saker, og ingen er hovudperson i ei stemning i slike saker i min periode. Sjöberg hevdar at ugifte kvinner berre unntaksvis var på tinget i slike saker, og eg tolkar dette til å vera tale om hovudperson i ei stemning. I Nordhordland gjeld dette ingen i min periode.

4.3.5 Kvinner i opposisjon?

Øvrighetsmotstand er den sakskategorien som generelt er mest vanleg på tinget i følgje Dobbe sine forskingsresultat.³⁰¹ I dette omgrepet ligg det å gå mot øvrigheita sine påbod og retningsliner slik som å forsømme vardevakt eller ikkje møte på våpenting. Slike saker viser seg å vere heller sjeldne hos kvinnene, berre 21 kvinner er involverte på tinget for øvrighetsmotstand. Kva skuldast denne store skilnaden? Er ikkje kvinner opposisjonelle eller er det andre årsaker til at menn i mykje større grad vert stemna for retten i slike saker? I dette avsnittet vil eg også ta med saker som gjeld ulovleg jakt, hogst og fiske av di eg meiner sakene er av same art. Til saman er det tale om 24 saker

³⁰¹ Sjå Dobbe 1996:29

Først vil eg sjå kva kvinner som er involverte i slike saker. Det viser seg at det bortsett frå tre kvinner berre er enker. Dei resterande tre er gifte kvinner. Rollene kvinnene har er sameleis svært einsarta, då dei alle har defensive roller. Ei einaste kvinne er stemna upersonleg, og dette er ikkje uventa ei av dei gifte kvinnene. Dei resterande kvinnene er stemna personleg, og gruppa er såleis svært homogen.

Innhaldet i sakene går ofte igjen: vanskjøtting av vardar, ufin behandling av offentlege embetsmenn, uvilje mot pliktarbeid eller halde bryllaup lengre enn lov:

*"Efftersch. er steffnt som haffuer holdet Brøllup lenger end Kong. Ma. forordning formelder (...)
Jorende en Enke i MaarAass"*³⁰²

I slike saker vert det svært ofte stemna inn ei større mengd bønder, og det er tydleg at få tek alvorleg forbodet mot å overskride tredagars lang bryllaupsfeiring. Like fullt vert dei stemna inn og bøtlagt for dette. Sams for gruppa er at det er hushaldsoverhovud som er stemna, og dette forklarer for det første den store skilnaden mellom kjønna i slike saker. Pliktene ligg på garden, og ikkje enkeltindividia. Som overhovud på garden var det følgjeleg menn som hadde ansvaret for at pliktene vart utførte. For det andre forklarer dette den overvekta enker har i høve til andre kvinner i slike saker. Det overraskande er at det i det heile er involvert gifte kvinner då dei har ein ektemann som er ansvarleg i slike saker. Ein kan likevel ikkje fullt ut likestille hushald med menn som overhovud og hushald med enker som overhovud. Enker hadde nemleg ikkje same plikter som menn trass i at dei begge er hushaldsoverhovud. Etter lova har enker unntak for enkelte plikter, og mellom anna trong dei ikkje møta på våpenting om dei ikkje ville.³⁰³ Trass i dette finst fleire døme på at enker blir stemna inn for akkurat det.³⁰⁴

Bak tre saker i ulovleg jakt, hogst og fiske skjuler seg berre ei kvinne og ei sak. Enka frå Kongshaffn såg det nok som djupt urettvist at ho vert stemna for retten av di mannen hennar hadde nytta ulovlege fiskereiskapar. Ho er stemna heile tre gongar for same saka, men møtte aldri fram på tinget.

³⁰² Tgb 5:f 54a

³⁰³ NL 1604 (6-54)

³⁰⁴ Sjå til dømes tgb 4:f 25a (tre enker stemna) og tgb 4:f 68a (tre enker stemna) Eg gjer merksam på at alle døma er frå åra 1653 og 1654.

"Foegden ladet Lauritz Kongshaffns effterleffuersche i Rette steffne, och formeente at de Tuende Torschegarn som hand haffuer fischet met for Bildøens Leyemaal, efftersom det er Wlouglig fische Redschab inde i fiorder och Oesser (...) ingen møtte hertil at suare"³⁰⁵

Trass i at ho ikkje møter, vert dei ulovlege torskegarna til sist beslaglagt. Vi har sett at 23 av 24 kvinner er stemna personleg i desse sakene. Bortsett frå to er dei alle enker, og dette samsvarer med det vi har funne tidlegare: enker er i stor grad involvert personleg. Den tredje gifte kvinnen er stemna upersonleg i øvrigheitsmotstand. Henne har vi helsa på før.³⁰⁶ Det er kvinnen som trassar slottsherrens forbod grunna pest og smitte, og reiser til Qualuog for å bede folket til seg som gjestar. Det interessant er at ektemannen vert stemna for hennar handlingar. Ho vert på eit vis sett på som umyndige og dermed uansvarleg for eigne handlingar. Tilfellet er eit unntak på fleire vis. Kvinnen er for det første ein av tre gifte kvinner, og vi ser at det i hovudsak er enker som er aktørar i slike saker. Ho er også den einaste kvinnen som er upersonleg stemna, der alle andre kvinner i liknande saker er stemna upersonleg. Som ei samanfatning har alle kvinnene i sakskategoriane øvrigheitsmotstand og ulovleg jakt, fiske og hogst defensive roller, det er i hovudsak enker som er involverte, og dei er i hovudregelen stemna personleg.

Vi har sett at kvinner i mykje mindre grad enn menn er involverte i øvrigheitsmotstand, men eg vil likevel vere forsiktig med å konkludere med at kvinner er mindre opposisjonelle av den grunn. Det er som nemnd overhovud i hushaldet som vert stemna i slike saker, og det er som oftast menn. Eg meiner det er rimeleg å hevde at dei vert stemna inn som representant for hushaldet, og mindre av di dei som enkeltpersonar viser seg opposisjonelle. Slik sett har kvinner færre *høve* til å vise opposisjon mot øvrigheiter, og ho vert difor i mindre grad stemna for retten for dette.

4.3.6 Kvinner på kanten av samfunnet

I siste avsnittet har eg freista samla dei kanskje mest alvorlege sakstypane, og eg vil sjå på tjuveri og ulovleg tak, ikkje fylt forsørgjarplikt og drap eller mistanke til drap. Det er ikkje ei stor gruppe kvinner som er involverte i desse sakene, men eg vil sjå på kven kvinnene er og kva rolle dei har. 18 kvinner er involverte i tjuveri og ulovleg tak, fem kvinner i saker under

³⁰⁵ Tgb 7:f 30a sjå også tgb 7:f 9b og tgb 7:f 19a

³⁰⁶ Sjå sitat side 50, tgb 5:f 54b

ikkje fylt forsørgjarplikt og heile 14 kvinner i saker om drap eller mistanke om drap. Til saman er det tale om 37 kvinner.

Tidlegare har vi sett at enker sin dominans har vore stor, men i desse sakene viser det seg litt annleis. Fordelinga på sivil status er noko jamnare. Kvinnene kan såleis vera eit meir representativt utval i høve til kvinnelege samfunnsmedlemmar. Tabellen under viser fordelinga på sivil status.

Sivil status på kvinnene involverte i tjuveri og ulovleg tak, ikkje fylt forsørgjarplikt og drap og mistanke til drap i Nordhordland 1642-1668.

Sivil status	Tal kvinner
Enker	12
Gift	12
Ugift	9
Gift eller enke	1
Ukjent	3
TOTAL	37

Tabell 18

Vi ser at gifte og ugifte kvinner er langt meir involverte enn i føregåande avsnitt, og hushaldsoverhovudet har følgjeleg ikkje like mykje å seie i denne saksgruppa. Sakene går no i større grad på enkeltindividet og ikkje hushaldet og gardsbruket. I så alvorlege lovbroten er det involvert overraskande mange kvinner. Går vi nærmare inn på rollene deira, vert biletet noko mildare. Tabellen under viser korleis kvinnene fordelar seg i rollegruppene.

Kvinner sine roller i tjuveri og ulovleg tak, ikkje fylt forsørgjarplikt og drap og mistanke til drap i Nordhordland 1642-1668.

Rollegruppe	Tal kvinner
Defensive roller	8
Offensive roller	13
Andre roller	16
TOTAL	37

Tabell 19

Tabellen viser at den største gruppa kvinner er kvinner med andre roller. Dette minskar alvoret for kvinnene sin del: berre 21 av 37 kvinner er direkte involverte i ei stemning. Mindretallet av desse har ei stemning mot seg, det vil seie at det er få kvinner som er stemna i slike alvorlege saker. La oss sjå nærmare på kvar rollegruppe.

Defensive roller

Av dei åtte kvinnene med defensive roller er fire kvinner gifte, tre er enker mens ei kvinne er ugift. Alle kvinnene er stemna personleg, uansett sivil status. Den kanskje mest alvorlege saka er eit ektepar som vert skulda for å ha svolte i hel barna sine. Kvinna er med andre ord gift.

*"(...) Tuende Fanger ved naffn Joen Friderichsen paa Almaass och hans Hustrue Ane Olffs Dater
Formedelst De schal haffue Sultet Thrende deriss Børn J hiel"*³⁰⁷

Foreldra og andre hevdar at det var sjukdom som gjorde at barna døde, men ingenting kan bevisast. Vitne fortel at far til barna, Joen, beklaga seg over dette ei tid før dei døde:

*"Ane Badschers (...) Proffuet at der hand Kom i byen til hender Da Klaget hand sig at hans
??Børnene var Saa Siuge, de Kunde Jche trifluiss"*³⁰⁸

Kva dei enn døde av, var barna svært tynne: *"Thøsen var Saa mager at nar mand holte
dennem Op Emoed lyset Da Kunde mand See dennem igenem och Saae Røgbeen"*.³⁰⁹ Mykje kan tale for at barna døde av svolt, men saka vert av ein eller annan grunn ikkje avgjort. Den endar brått utan dom.

Ei anna spesiell sak gjeld ei ugift kvinne som hevdar ho har født eit barn i skjul og sidan drepe det. Ho vert ikkje trudd, og retten slår fast at *"hun iche er Ved hendis fulde fornuft"*.³¹⁰ Fire kvinner vert skulda for tjuveri eller ulovleg tak, og sakene gjeld laust inventar og to sau器. Ei kvinne vert stemna for underhald til far hennar.

Kvinner med ulik sivil status er stemna i desse sakene, og dei er alle stemna personleg. Sakene gjeld alt frå mistanke om drap av eigne born til bortkomne vefskeier. Her vert kvinnene personlege ansvarleggjorte uansett sivil status og alvorsgrad i saka.

Offensive roller

13 kvinner har offensive roller i denne saksgruppa. Fem fleire kvinner har altså offensive roller enn kvinner som har defensive roller. Vi har sett at offensive roller sjeldan er i fleirtal, så slik sett skil denne gruppa sakskategoriar seg ut saman med æressaker, arve- og eigedomssaker. Fem av kvinnene er passive saksøkarar, det vil seie at andre stemner for dei. Det kan til dømes

³⁰⁷ Tgb 1:f 64b

³⁰⁸ Tgb 1:f 65b

³⁰⁹ Tgb 1:f 67a

³¹⁰ Tgb 10:f 1b

vere at citanten er ukjent eller av di kvenna er død. Ved siste tilfelle er det sjølvsagt at andre vil stå bak stemninga. I 1652 er ei kvenne død, og ein mistenkjer drap:

*"Fogden forschreffnt Poull Lett, loed en Fange for Rettenn fengseligen frembførre; Nauffnlig Anders Andersen, Barneføed paa Houland udj Wadzherrit Phanne Sogen, Gammil 18 Aar, som haffr formyrt It Quindfolck wed Naffn Sønniwe Arnesdotter,"*³¹¹

Den ugifte kvenna ser ut til å vere drepne, og Anders vert også dømd for dette til slutt. Vi ville kanskje forventa at slekt av kvenna ville stemna den mistenkte for retten, men i dette tilfellet ser vi at det er futen. Fem kvinner stemner personleg, tre enker, ei gift kvenne og ei som er gift eller enke. Ingen ugifte kvinner er med i denne gruppa med andre ord. Ei sak gjeld drap, ei sak ikkje fylt forsørgjarplikta og tre saker tjuveri og ulovleg tak.

*"Edel Tomas Datter aff Bergen Ladet steffne Torchel Torchelsen Hop formedelst hand toeg en Koe fra hendis Tiänner"*³¹²

To av tjuveri- og taksakene gjeld kyr, den siste ein stolen vadmelsvev. Det er høge verdiar det er tale om med andre ord. Trass i få saker ser det ut til at kvinnene ikkje er redde for å krevje det som er deira rett og det som tilhører dei. Men om ikkje kvinnene krevjar sjølv, kan også andre krevje for dei. Tre kvinner stemner upersonleg, to enker og ei gift kvenne. Ektemannen søker for kona si mens futen og fullmektig stemna for enkene. Enkene er involverte i tjuveri og ulovleg tak, mens den gifte kvenna er søkt for ikkje å halde forsørgjarplikta si.

*"Gutorm Oels. Wickaa Fremkom for Retten och haffde steffnt Sin Suogersche Britte Jssaks Rongwer for nogen Vnderholdning hand hoes hinde wille Søge Paa Sin Quindes Helge Eriksdotters wegne, hindess Fader S. Erik Pedersøns Kost"*³¹³

Det er ikkje unaturleg at ektemannen stemner i dette tilfellet, då han som overhovud i hushaldet nok har hatt ansvaret for svigerfar sitt underhald. Likevel stemner han på vegne av kona, då det er hennar far.

Ei mindre gruppe kvinner har offensive roller i særslig alvorlege saker, men eit innblikk i desse sakene gjer biletet noko mildare. Ein får ikkje inntrykk av at kvinner er i særleg grad utsett for alvorlege overgrep, men at det frå tid til annan vert gjort krav på husdyr, innbu eller andre verdiar. I løpet av min kjeldeperiode kjem det berre to saker opp på tinget der ein mistenkjer at kvinner er drepne.

³¹¹ Tgb 3:f 53b

³¹² Tgb 6:f 9a

³¹³ Tgb 2:f 78b

Andre roller

Vi har sett at få kvinner er direkte involverte i mellom anna drapssaker, og ser vi nærmere på kvinnene sine roller i desse sakene, er altså mange av dei vitne. Største gruppa av kvinner i desse sakene er som vi har sett kvinner som har andre roller. Åtte av fjorten kvinner har andre roller i drapssaker eller mistanke til drap. I 1668 vil retten klare opp i eit mistenksamt dødsfall der svigersonen til avdøde, Niels Johansen Tuett, er teken i arrest.

"Magdelj Hendrichsdatter profuede Wed øed och opragte Fingre, at den nest Natt, før Salig Johannes Joensen om dagen nest eftter bortte blef, da hørde hun, som hun laae I hendis Seng i en Boe, at paa Lofttet ofuer samme Boe, Sagde forschrefne Salig Johannes Tuett til bemelte hans Stefsøn Bu bruger endnu din Gamble Waane, Och som hun Tøgte, Ware de i Klammeri til sammen, Huilchet hun dog ey fuldKommen sige Kunde",³¹⁴

Ingen kvinner er talerøyri i denne saksgruppa, og kvinnene med andre roller er alle vitne som Magdelj. Åtte kvinner er vitne i drapssaker og åtte kvinner i tjuveri og ulovleg tak. Ingen kvinner er vitne i saker der ein ikkje har halde forsørgjarplikta si. Kvinner medverker her med viktig informasjon meir enn ho er direkte involvert i viktige og alvorlege saker.

Som ei samanfatning viser dette avsnittet at kvinner er involverte i dei fleste sakstypar, også dei mest alvorlege sakene som tjuveri og ulovleg tak, drap og ikkje fylt forsørgjarplikt. Rollemønsteret viser oss likevel at kvinner sjeldan er stemna for slike alvorlege brotsverk. Som einaste saksgruppe fann vi at kvinner med andre roller her var i fleirtal, og alle desse kvinnene var vitne. Ei mindre gruppe har offensive roller, og eit fåtal kvinner hadde defensive roller. Fordelinga mellom sivil status er nokså jamn.

³¹⁴ Tgb 10:f 22a

Del 5: Konklusjon

I 1670 møter vi to kvinner på bygdetinget i Eikanger skipreide, både fra garden Rød, som har kome i klammeri med kvarandre. Det vil seie: vi møter i røynda berre den eine kvinnen, Inger. Motparten hennar, kona til Nils Rød, møter ikkje sjølv på tinget. Derimot er det mannen hennar som møter, taler for henne og til og med mottar dom på hennar vegne. Kva kan vere årsaka til at dei to kvinnene opptrer på to vidt forskjellige vis på tinget i Eikanger?

Vi må slå fast at menn dominerer på bygdetinget i Nordhordland midt på 1600-talet. Stikkprøva frå tre tingbøker ga oss eit utval på 1407 menn mot 432 kvinneregistreringar totalt i ti tingbøker. Det må også understrekast at alle dei formelle aktørane også er menn. Likevel utgjer kvinnene ei monaleg gruppe på tinget. Det er ikkje 432 unntak vi taler om her. Men møter kvinner på tinget på same vis som menn? Gjennom oppgåva har eg vist at dei dels gjer det, men vi har også sett at det er skilnader mellom kjønna.

Kvinner får i mindre grad enn menn stemningar retta mot seg. Dei har med andre ord mindre defensive roller enn menn. Av mine 432 kvinneregistreringar har kvinnene i 217 tilfelle defensive roller.³¹⁵ Helvta får altså ei stemning retta mot seg. Likevel er dette noko mindre enn for menn som i heile 71,9% av tilfella har defensive roller. Dette kan i stor grad forklara ved at mannen vert i mange tilfelle stemna på vegne av hushaldet. Følgjeleg har mannen noko lågare andel offensive roller enn kvinnene. I tillegg nyttar kvinner som stemner i noko høgre grad skriftleg stemning eller slottsstemning enn det menn gjer.

Dei fleste kvinner som menn er aktive sjølv på tinget, det vil seie at dei taler på eigen vegne. Ein del er representerte i retten, nokre få av procurator og fullmektig og ein del fleire av talerøyr. Mykje tyder på at kvinner i større grad enn menn er representerte av andre i retten. Dette og det at kvinner i større grad nyttar slottsstemning og skriftleg stemning, kan gje ymt om ein særskild kvinneleg handlemåte i retten. I bruken av talerøyr er det også skilnad mellom kjønna. Mens kvinner i stor grad nyttar nær slekt som talerøyr, nyttar menn i noko høgre grad andre utanfor hushaldet. Det kan sjå ut til at fysisk nærliek og emosjonelle band speler mindre

³¹⁵ Ser ein bort frå kvinnene som er vitne og talerøyr, og tek utgangspunkt berre i dei kvinnene som er hovudperson i ei stemning, vil det totale talet vere 353, og 217 utgjere 61,2%. Jamfør tabell 2 side 48.

roller for mannen enn for kvinnen. Men mykje av skilnaden må også forklaraast med verjeinstitusjonen.

Ingen kvinner er fullmektig eller procurator på bygdetinget, men ni kvinner frå mitt kjeldemateriale opptrer som talerøyr i retten. Det ser ikkje ut som at spesielle sakstypar merker seg ut her, men kvinner er talerøyr sjølv i saker som gjeld eigedom. Dette understrekar at det ikkje er hinder for at kvinner kan inneha alle uformelle roller på tinget.

Korleis ser då lokalsamfunnet og retten på kvinnene? Inntrykket eg sit att med er at både kvinner og menn i stor grad vert tekne på alvor i retten. Vi såg to døme på det motsette, der ei kvinne i eine tilfellet og ein mann i andre tilfellet ikkje vert truudd i retten. Ut frå dette slo vi fast at kjønn ikkje kan vere avgjerande for ei domsavkjørsle, men eins vørtnad i samfunnet.

Hobberstad si gransking kring tjuveri og ulovleg tak tek ikkje fatt i kjønnsmessige ulikskapar, men i samfunnet generelt. Men konklusjonane hans står opp om det same: det avgjerande for utfallet i saka er kven du er og kva posisjon du har i lokalsamfunnet. Mi meining er at kjønn er underordna her.

Saksmönsteret kan også fortelje oss noko om kvinnen si stilling på tinget. Ei samanlikning med Dobbe sine undersøkingar viste at kvinner og menn er involverte i litt ulike saker.

Øvrigheitsmotstand stod i ei særstilling for menn, mens æressaker og seksualsaker og leigesaker var dei hyppigaste sakskategoriane hjå kvinnene. Det er verd å merke seg at dei to førstnemnde for kvinnene er saker utan økonomisk innhald. Likevel er kvinner involvert i dei fleste sakskategoriar, og saker med økonomisk innhald, då særleg leigesaker, må også seiast å vera vanleg. Det er heller ingenting som hindrar kvinner i å delta på tinget i saker som gjeld både laus og fast eigedom. Kvinner stemner og vert stemna i ulike sakstypar, og eg vil slå fast at kvinner i røynda vart sett på som myndige og rettsleg ansvarlege samfunnsmedlemmar.

Også kvinner imellom kan ein sjå skilnader. I særleg to situasjonar har vi sett kvinner frå eliten skil seg ut. Vi har allereie nemnd at dei er overrepresenterte i gruppa kvinner som nyttar slottsstemning. Til gjengjeld kan ein også peike på alvoret i desse sakene. Dei fleste saker gjeld eigar- og bruksrett til jordeigedommar. Men er det berre alvoret i sakene som gjer at desse kvinnene i så stor grad nyttar slottsstemning?

I sakføringa på tinget har vi sett at kvinner frå eliten ofte er representerte i retten. Svært få av desse er representerte av talerøyr, men dei har i dei fleste tilfella fullmektig eller procurator som taler og somme tider også inngår avtalar på deira vegne. Vi har også sett døme på kvinner som nyttar same procurator eller fullmektig kvar gong dei møter i retten.

Dei to tinga vi her har peika på har fleire fellesnemnarar. For det første må vi rekne med at det kosta pengar å få skriven ei slottsstemning og halda procurator eller fullmektig. Nettopp difor er det ikkje overraskande at det er kvinner frå eliten ein finn her. For det andre er det ting som ikkje er naudsynt i rettargangen, og vi har heller ikkje sett at det har nokon effekt i saka. Kvinnene har likevel sjølv valt å gjera meir ut av det enn det lova tilseier. Ut frå dette kan vi slå fast at kvinner frå eliten har sætrekk gjennom rettargangen.

Om vi ser bort frå sosiale og økonomiske omsyn, har vi også sett at det er store skilnader kvinnene imellom. Kvinna si stilling i rettssystemet vil i stor grad variere etter hennar sivile status. La oss kort trekkje saman dei viktigaste kjenneteikna.

Ugifte kvinner er den minste kvinnegruppa på tinget. Over helvta av desse kvinnene er involverte i seksualsaker, og dette fører naturleg til eit særeige rollemønster. Svært mange av dei ugifte kvinnene har defensive roller. Skilnaden mellom personleg og upersonleg sakvoldar er markant. Berre tre ugifte kvinner er stemna ved verja deira. Den ugifte kvinnen er sett på som rettsleg ansvarleg for eigen handlingar, og må svare for seg åleine. Vi ser at den lovfeste verja i heller liten grad er til stades.

Gifte kvinner skil seg ut på fleire vis, og er kanskje den mest anonyme kvinnegruppa. Det er desse kvinnene vi møter som ”kona til Nils”, og ofte er det ektemannen som også møter på tinget. Nesten helvta av dei gifte kvinnene er involverte i æressaker, og dette er einaste sakskategorien der gifte kvinner i klart fleirtal. Dette er inga overrepresentasjon av gifte kvinner, tvert om har vi slått fast at gifte kvinner er underrepresenterte i andre sakstypar. Vi har søkt forklaring i hennar avgrensa tilgjenge til å kontrollere jord og ressursar. Den gifte kvinnen merkar seg òg ut med at ho oftare enn dei andre kvinnegruppene involverer verje eller andre om ho stemner nokon for retten. Den gifte kvinnen er meir anonymisert på tinget, og ektemannen er i stort mon hennar verje også i praksis.

Enker er den kvinnegruppa som best representert på bygdetinget. Enker utgjer om lag 45% av kvinnene på tinget, og vi reknar med at dette er ein overrepresentasjon i høve til den part enker vil utgjere i eit lokalsamfunn. I motsetnad til dei andre kvinnegruppene, er enker i heller liten grad involvert i ære- og seksualsaker. Hennar tyngd ligg i saker med større økonomisk verd. Som overhovud i eige hushald har kvenna no plikter som må haldast, og ansvar for å sikre levebrød til seg og hushaldet. I høgst få tilfelle er enker stemna ved verje eller andre. Når enka derimot stemner andre, involverer ho heller ofte andre, og dette er i mest alle tilfelle fullmektig eller procurator. Samstundes ser vi at svært mange av desse kvinnene er frå eliten utanfor bondesamfunnet. Kanskje akkurat difor er enker også den kvinnegruppa med høgast offensiv part på knappe 40%. Enka har i stor grad same plikter og rettar som mannlege bønder, og dette atterspeglar seg også på tinget.

Eg har vist at sivil status er avgjerande for kvinners deltaking og rolle på bygdetinget i Nordhordland midt på 1600-talet. Ugifte kvinner er utsett for seksualkontroll, gifte kvinner er oppteken av ære, medan enkene er økonomisk ansvarlege i sitt hushald. Sivil status viser også posisjon i hushaldet, og dette atterspeglar den rolla kvinnene har. Den ugifte kvenna er ikkje på same vis medlem av hushaldet som dei andre kvinnene, og vi møter henne ofte personleg. Ein heilt annan kvinnedel viser den gifte kvenna oss. Henne møter vi sjeldan personleg, og ektemannen fører ofte saker for henne. Enka har ei rolle og posisjon som i stort mon høver til bøndene elles. Ho er i større grad utsett for stemningar, og saker dreier seg ofte om levebrød og skattar. Kanskje særleg enkene viser oss at kjønn er ein underordna faktor i høve til eins stilling på tinget, mens posisjon i hushaldet speler ei viktigare rolle.

Tilbake til våre kvinner på Rød. Med utgangspunkt i dei resultata vi har kome fram til i denne oppgåva, kan vi seie at denne i våre auge bagatellmessige saka er ei svært typisk sak blant kvinner i Nordhordland midt på 1600-talet. At ektemannen møter for kona si i retten har vi også sett er svært vanleg, og kona til Nils opptrer såleis som mange andre gifte kvinner. Inger Rød stemner, møter og taler for seg sjølv, og utan at vi veit det, er det svært nærliggjande å tru at Inger er enke. Alt i alt er saka frå Eikanger døme på vanleg praksis frå bygdetinget i samtida.